




Åke Jünge

# Samar i sør

Artiklar om sørsamiske forhold





Åke Jünge

# Samar i sør

Artiklar om sørsamiske forhold



Høgskolen i Nord-Trøndelag  
Kompendium  
Avdeling for lærerutdanning  
ISBN 82-7456-182-1  
Steinkjer 2000

**Illustrasjonen på framsida:**

*Gievrie, også kalt runeboomme, av Åsele-typen, sørsamisk område, trulig frå Skjækerdalen i Verdal ca år 1700, med innvendig inskripsjon "Lars Larsen af Schichetan".*

*Figurar tegna på avhåra reinkalvskinn spent over ei treramme, 48 cm x 30 cm.*

*Figurane er symbol for gudemaktene og dei viktigaste tinga i samane sitt liv.*

*Figuren i midta, dobbelfirkanten, er sola. Runebomma vart brukt av ein nåejtie, ein samisk sjaman, som tromma på skinnen med ein runebommehammar av bein slik at ein messingring som låg på tromma flytta seg tilfeldig. Ut frå vandringsmønsteret til ringen på trommeskinnet kunne så nåejtie spå.*

*Runebommene med hammar vart samla inn og brent under kristninga av samane.*

*Kong Christian IV bestemte i 1609*

*"at de, som blive befundne at bruge Troldom, ved Dom og Sentents uden al Naade aflives."*

*Største samlinga av runebommer er i Stockholm, - i Norge finst berre få runebommer i*

*Tromsø og Trondheim. Restar av bortgjømte runebommer er funne dei siste tiåra.*

*Denne runebomma er tatt vare på i Nationalmuséet i København.*

*Til Ebba Westerfjell og Anna Jacobsen  
som tente interessen min  
for den sørsamiske kulturen*

## Forord

Dette heftet er ei samling av artiklar eg har publisert i aviser, tidsskrift og årbøker i perioden 1987 fram til i dag. Dei handlar alle om sørsamiske forhold og heng såleis ganske tett ihop. Eg har etter kvart forstått at det er vanskelig for interesserte å skaffe seg skriftlig materiale for å få innsikt i det sørsamiske rommet. Det er så mye lettare å finne stoff om nordsamiske forhold. Å leite fram gamle avis- og tidsskriftartiklar er ein heil jobb. Derfor har eg samla eit utvalg av artiklane mine i dette heftet. Ein del artiklar står fram i ny versjon, fordi eg har fletta ihop to artiklar om stort sett det samme emnet frå to forskjellige publikasjonar. Eg har dessutan flikka litt på språket.

Som lærar i geografi i den vidaregåande skolen har eg hatt god trening i å popularisere fagstoff, så eg trur dei fleste artiklane her skulle vere tilgjengelige for alle. Som frilansjournalist ved sida av lærarjobben har eg skrivne om mange dagsaktuelle saker i det sørsamiske området opp gjennom åra. Artiklane om dette er tatt med i *del I* for å få fram situasjonen som sørsamane står midt oppi, kanskje utan at vi merkar det særlig i vanlige media.

*Del II* handlar om dei nye fragmenta av sørsamisk historie som er komne for dagen dei siste par tiåra. I *del III* har eg tatt med portrettintervju og artiklar om sørsamiske enkeltpersonar som eg har hatt gleden av å bli kjent med. *Del IV* er bokmeldingar. Mellomtillar er tatt med både for å lette lesinga og for å bevare det journalistiske preget til artiklane.

Litteratur og kjelder står på slutten av kvar artikkel dei er brukt i. Dette er òg meint å vere forslag til vidare lesing. I tillegg er alle litteraturhenvisingane tatt med i ei samla oversikt over litteratur bakerst i heftet


Heftet tar ikkje sikte på å gi ei fullstendig framstilling av historia, kulturen eller kampen til sørsamane. Meininga mi er berre å få lesarane, enten dei er studentar, lærarar eller andre kunnskapssøkarar, kjent med at dei sørligaste samane i Norge driv ein kamp for å overleve, ein skjult kamp som skjer litt på sidelinja av den tabloide nyheitskvardagen i norske media.

Alt i alt trur eg heftet byr på variert og interessant stoff for dei som er på jakt etter innsikt i sørsamiske forhold. Eg får jo berre fram små flikar av den rikhaldige kulturen og historia til samane i sør. Men littegrann er bedre enn ingenting. Så får lesaren eventuelt sjøl bruke litteraturen eg viser til undervegs i lesinga til å skaffe seg meir omfattande innsikt i det samiske.

Bildestoffet er delvis kopiar frå det mediet artiklane har vore trykt i, delvis nykopiert. Til det siste har eg fått god hjelp av Christine Nordgård, som fortjener ein takk. Den variable kvaliteten på kopiane er eg sjøl ansvarlig for.

Verdal, mars 2000.

Åke Jünge.



# Innhold

## Del I

<b>Rettsaker og kampsaker - Artiklar om dagsaktuelle saker</b>	<b>7</b>
Norsk urett i sørsameland	9
Sørsamisk frustrasjon etter Tsjernobyl	21
"Vi er alvorlig bekymra for skolen vår"	27
Sørsamiske lærarstudentar utan opplæring i morsmålet sitt	29
Sørsamisk reindrift og Bondelaget	33

## Del II

<b>Historie, kulturlandskap, kulturminne</b>	<b>35</b>
"Eit folk utan skriven historie er ingenting." Reineigar Paul Jåma, Sul	37
"Sørsamisk historie må skrivast om." Konservator Svein Mjaatvedt, Snåsa	43
Gråsone mellom samar og bufaste	47
Samebuplass på Vivallen år 800 til 1200	53
Det samiske kulturlandskapet i tid og rom	57
Fragment av samane si historie i Verdal før år 1700	61

## Del III

<b>Personar</b>	<b>77</b>
"All uretten gjer meg så sint" Ebba Westerfjell	79
Diktaren ved Majavatnet - Gustav Kappfjell - Gaebpien Gåsta	85
Til minne om Gustav Kappfjell	93
Den sørsamiske stemmen - Anna Jacobsen - Jaahkenelkien Aanna	95

## Del IV

<b>Bøker</b>	<b>101</b>
Åarjel-saemieh - Samar i sør - Årbok nr 3	103
Sørsamisk nådetid	105
Lappekommisjonen 100 år - Dovletje I	109
Fragment av samisk historie	111
Møte i grenseland - nye teoriar om samar og germanarar i Skandinavia	113
Samar i Røros-traktene	119

<b>Litteratur</b>	<b>125</b>
-------------------	------------



# **Del I**

## **Rettsaker og kampsaker**

### **Artiklar om dagsaktuelle saker**





# Norsk urett i sørsameland

## Tre reindriftssaker sin skjebne i det norske rettsapparatet.

*(Vevd sammen av to forskjellige artiklar, den eine trykt i Klassekampen mai 1989 og den andre i Samefolket nr. 1 – 1990).*

Med dei 178 skotne reinane ved Skavsjöbyn mellom Vilhelmina og Storuman 12. og 13. august 1989 er eit nytt kapittel føyd til i saga om overgrep mot det samiske folket. Tankane går attover i tida til slutten av attenhundretallet, da brukspatron William Farup på Ljusnedals bruk organiserte terrorslakting av reinflokkar slik kunstmaleren Johan Tirén skildrar det i sitt kjente maleri "Lappar tillvaratagande skjutna renar" 1892, med motiv frå Härjedalen. (Thomasson 1985:115).



*Den svenske kunstmaleren Johan Tirén engasjerte seg i härjedalssamane sin kamp på slutten av 1800-tallet. Dette bildet er mala i 1892. Tittel: "Lappar tillvaratagande skjutna renar."*

Vidare går tankane til den store reinmassakren i Dalsbygda i Os i Østerdalen 28. august år 1811, da om lag fire hundre rein vart skotne av bøndene og lensmannen i dei traktene. Etter den sistnemnte massakren vart gjerningsmennene dømt.

Men no skriv vi 1990. Styresmaktene både i Norge og Sverige burde ha lært at tidlige tidars overgrep ikkje førte til noko positivt. Men *har* dei lært?

Her i Norge er det ti år sidan Alta-striden rasa på sitt heitaste. Lavvoen framom Stortinget på sjølvaste Karl Johan i Oslo, dei sveltestreikande samane, samekvinnene som okkuperte statsminister Gro Harlem Brundtland sitt kontor, dei seks hundre politifolka med

bandvogner og helikopter mot demonstrantane på nullpunktet i Alta, - vi er mange som vil ha alt dette brent inn i minnet så lenge vi lever.

Protestane mot Alta-utbygginga vart slått ned med makt. Men *ein* bra ting førte Alta-striden med seg: For første gong i etterkrigstida vart samane og dei samiske rettane tatt opp til breid debatt, ikkje berre i media, men i heile folket. Opinionen vart vekt. Mange *visste* plutselig litt meir om samesaker. I nye lærebøker i O-fag, geografi og historie vart det iallfall ei halvside, kanskje til og med ei *heil*, om samisk historie og om samane i dag. Vi fekk Samerettsutvalget med svære og grundige utgreiingar (NOU 1984:18) og Sameting med manntall og valg, pluss sametillegget i Grunnloven, paragraf 110A: "*Det paaligger Statens Myndigheter at lægge Forholdene til Rette for at den samiske Folkegruppe kan sikre og utvikle sit Sprog, sin Kultur og sit Samfundsliv.*"

Så skulle ein kanskje tru at den norske statsmakta ville moderere seg og kutte ut den harde linja i saker kor samiske rettar er i konflikt med storsamfunnet, iallfall mens vi ventar på at Samerettsutvalget kjem med si innstilling om samisk rett til land og vatn. Fem år er gått sidan første utgreiinga frå Samerettsutvalget kom. Den andre delen lar vente på seg. For ikkje å snakke om den tredje delen, om samiske rettar til land og vatn i dei sørsamiske områda i Midt-Norge. Denne delen av utvalgsarbeidet kjem kanskje ikkje før ved årtusenskiftet om arbeidet held fram i samme tempo som til no.

### **Fornorskingspress**

Ein del dommar i det norske rettsapparatet i 1980-åra tydar ikkje på at ei mjukare linje har slått igjennom på jussen sitt område etter Alta-striden. Eg vil her ta for meg ein del eksempel på *det*, henta frå dei sørsamiske områda på norsk side av riksgrensa. Her har fornorskingspresset mot den samiske kulturen og språket vore hardt i lang tid. Første eleven i norsk skole med sørsamisk som hovedmål, starta i førsteklasse på Åarjel-saemiej Skuvle på Snåsa så seint som i 1987.

Eksistensen til sørsamane som etnisk gruppe er knytta til reindrifta som samisk næring i ein heilt annan grad enn i dei nordsamiske områda. Derfor er presset mot reindriftnæringa i sør ein trussel mot eksistensen til den sørsamiske folkegruppa på lang sikt.

I sørdelen av Sameland på norsk side av riksgrensa kjempar reindriftnæringa med ryggen mot veggen. Sjølv drifta går stort sett godt, trass i etterverknadene etter Tsjernobyl-ulykka i april 1986, med mye ekstraarbeid med nedføring og becquerelkontroll. Men presset mot næringa kjem frå mange kantar: Nydyrking, vegbygging, hyttefelt, skitrekk, snøskutertrafikk, skytefelt, kraftutbygging. Dei fleste konfliktane blir ordna opp i det stille, ved forlik eller lensmannsskjønn. Men ein del kjem inn i rettsapparatet. I Røros-området finst det samefamiliar som har måtta føre rettssaker sammenhengande opp gjennom dette hundreåret, generasjon etter generasjon.

### **Trollheimen**

I 1980-åra er det to dommar i norsk Høgsterett som har gått imot sørsamane. Den mest deprimerande er dommen i Trollheimen-saka frå 21.10.1981. Her slo Høgsterett fast at samane ikkje har nokon "historisk rett" til å drive med tamrein i området. Samefamiliarne Kant og Renander, som har hundre års erfaring med reindrift i Trollheimen bak seg, har no likevel fått konsesjon til å halde fram med reindrifta si, ikkje minst med hjelp av positive haldningar frå bygdefolk i delar av Trollheimen. I enkelte delar av Trollheimen er det blant bygdefolk stor motstand mot den nye særloven som regulerer reindrifta i dette området utanfor dei vanlige reinbeitedistrikta: *Lov om reindrift i kommunene Meldal, Midtre Gauldal, Oppdal, Rennebu, Rindal, Sunndal og Surnadal nr. 101 av 21. desember 1984.*

Den andre høgsterettsdommen er heilt fersk, frå 18.11.1988, den såkalte Røros-dommen. Her vart samane i Riast-Hylling Reinbeitedistrikt frådømt innanfor delar av

Femund beitedistrikt. Denne oppsiktsvekkende dommen har knapt nok vorte påakta eller kommentert i hovedstadsavisene i Oslo.

### **Framrykkingshypotesen**

Begge disse høgsterettsdommane gjeld saker i utkanten av det som i dag blir rekna som det sørsamiske området. Her i gråsonen mellom samar og bønder har konfliktene vore mange og harde i lang tid. Det har vore mange fleire episodar enn den ovanfor nemnte reinmassakren i Os i Østerdalen 28. august 1811, kor bondeaktivistar og ein lensmann sto for utradering av ei heile reinflokk til ei samisk sijte, ein episode som førte til at samane i området skydde denne delen av Gauldalsvidda for all framtid. (Løøv 1994). Det nomadiske flyttemønstret til reindriftsfamiliane og lange periodar med null beiting av vêrmessige årsakar eller fordi reinlaven skulle få ta seg opp att av økologiske grunnar, gjer at det kan vere vanskelig å dokumentere sammenhengande "alders tids bruk" som har vore kravet etter dei første reindriftslovane kom i 1883.


Norsk lov og rett har ikkje hatt forståing for det særeigne i den sørsamiske kulturen og reindriftsnæringa dei siste hundre åra, etter at Kristiania-akademikarane Gustav Storm og Yngvar Nielsen i 1889 la fram ein del "forskingmateriale" til støtte for ein spesiell teori om sein samisk innvandring nordfrå, den såkalte "framrykkingshypotesen", som har som hoveddinnhold at samane ikkje er å rekne som urfolk lengre sør enn fjellområda i Namdalen. (Nielsen 1891). Foredraga frå dei to akademikarane ved Universitetet i Kristiania kom som bestilt for den såkalte Lappekommisjonen av 1889, som kom med innstilling i 1892 om oppretting av reinbeitedistrikt og samisk erstatningsansvar ved skade på bondeiegedom. Framrykkingshypotesen og reindriftslovverket frå 1890-tallet har danna grunnlaget for seinare lovgiving og rettspraksis når det gjeld saker om reindrift.

Korleis er det så i sørsamiske område frå Namdalen og nordover, kor ikkje ein gong dagens fremste norske tilhengarar av framrykkingshypotesen eller andre teoriar om sein samisk innvandring sørover, dei to historikarane Jørn Sandnes og Kjell Haarstad ved Universitetet i Trondheim, kan stille spørsmålsteign ved at samane er urfolk med tusenår lange tradisjonar? Ingen har gjort systematiske undersøkingar på rettsområdet her, etter det eg har kjennskap til. Men eg har samtala og korrespondert mye med reineigar Albert Jåma og fått hjelp av han til å gå gjennom tre saker som har versert i det norske rettsapparatet dei siste åra. Albert Jåma er for tida formann i Vestre Namdal Reinbeitedistrikt og er ein av mange som driv med rein her.

Felles for dei tre sakene er at dei er frå det lågaste nivået i rettsapparatet, herredsrettsnivået, og at dei gjeld reinbeitekonflikt innanfor grensene for reinbeiteområde i uomtvista sørsamiske kjerneområde i reinbeitedistrikt.

### **Sak 1: Reindrap i Bindal. Brønnøy herredsrett 1988.**

I juni 1997 skaut bonde Arne Steffenakk på Bindalseidet heilt i sør på Helgelandskysten ein reinokse som beita på eit jorde på innmarka på garden. Reindrapet vart anmeldt som det overgrepet det var, og Steffenakk vart bøtlagt. Men han nekta å betale politimeisteren ei bot på 1000 kroner pluss ei erstatning på 4700 kroner til reineigar Knut Kappfjell i Bindal/Kappfjell reinbeitedistrikt. Det vanlige når ein borgar nektar å betale forenkla forelegg er jo at det blir rettssak og dom eller frikjening. Slik gjekk det ikkje her. Nei, det merkelige var at i april 1988 fekk Steffenakk melding frå Helgeland politikammer om påtaleunnlating. Han kunne berre glømme bot og erstatningsbeløp. Tiltale mot Steffenakk ville ikkje bli reist



*Ytre Namdal og sørligaste Nordland med stadnamn nemnt i teksten.*

**Bindalsbønder er irriterte:**



— Hold reinsdyrene unna! Gårdbruker Arne Steffenakk har lidd store tap fordi store reinflokker beiter inne på gårdsbruket. Det nytter ikke å stenge grinda — dyrene kommer tilbake straks de er jaget bort.

# Reins-flokkene spiser gresset

**BINDALSEIDET:** — Noen må vike. Enten må reiene holde reinen unna, eller så blir vi nødt til å flytte. Gårdbruker Arne Steffenakk på Bindals-eidet er fortvilet. Store reinflokker er blitt et voksende problem for flere gårdsbruk i Bindal.

Arne Steffenakk måtte i sommer pløye opp to tredeler av jorda på grunn av at reiene hadde beitet ned gresset.

Nylig fikk han beskjed om å betale 5 500 kroner i bot og erstatning fordi han i sin ergrelse tok livet av et av reinsdyrene. I disse dager skal hvalrevis av rein slippes ut på nytt i Bindals-traktene, og gårdbrukerne frykter en gjentakelse av problemene fra siste sesong.

**— Kritikken berettiget**

**BINDALSEIDET:** — Det har den siste tida blitt et tilspisset forhold mellom reieneierne og lokalbefolkningen. Reieneierne er kommet i miskreditt, og kritikken fra gårdbrukerne har blitt stadig mer innflytende.

av Helgeland politikammer. Politikammeret fann altså at reindrapet var så ubetydelig at ei åtvaring fekk klare seg.

Så måtte statsadvokaten i Nordland gripe inn og gi politikammeret korreks: Dei hadde ikkje kompetanse til å gi påtaleunntaling i ei brotsverksak. Motstrebande måtte altså Helgeland politikammer krype til korset og reise straffesak mot bonde Arne Steffenakk.

### Oppsiktsvekkande

Dom fall i Brønnøy herredsrett hausten 1988. Dommen var oppsiktsvekkande: Bota til bindalingen vart halvert til fem hundre kroner. Men mest oppsiktsvekkande: Herredsretten frifann Steffenakk i å betale erstatning for den skotne reinoksen.

Denne milde dommen for den straffbare handlinga har vorte lagt merke til av andre bønder i området. For eksempel har bondelagsformannen på Vikna lengre sør på kysten, Birger Hellestø, stått fram i media og sagt at han vil skyte neste gong han ser rein på innmarka si.

## - Snart skyter jeg reir

- I vinter kan jeg komme til å skyte rein! Vikna-bonden Birger Hellestø har sett seg lei på at reinsflokker beiter på dyrka marka. Han bedyrer at han ikke har noe imot at reinen er i utmarka.

YT - Rita Kleven

Reinsflokker er snart på veg til beite i Vikna igjen. Her vil de oppholde seg i tre måneder, fram til slutten av mars. Hellestø henstiller samene om å respektere lovverket for reinbeiting.


Han har selv forsøkt å jage reinen fra innjorda. Men reinen lar seg ikke skremme så lett. Det eneste han har oppnådd er at de har løpt i en sirkel rundt han. Bedre hell har bønder med hundar med seg hatt.

Eksurs store skader på jorda frykter han det kan bli i år. Den milde vinteren gjør at jorda er bløt. Rein vil gjøre marka til en eneste stor svamp. Vær og føre ser ikke ut til å bli noe anderledes med det første.

### Fristet til å skyte

- Likere blir det ikke at samene later til å ignorere oss. Lovene er til for å holdes - også for dem! Fristelsen til å skyte rein blir bare større og større, forteller Birger Hellestø.

Gårdbrukere på Ryum, Lødding, Fornes, Sund, Settne, Gravseth og Berg har alle hatt reinsflokker på dyrka jorda, sier han. Hellestø synes det er rart at flere ikke har reagert hardere.



Faksimile frå lokalavisa Ytringen 24. januar 1989.

Etter at påtalemakta Helgeland politikammer måtte ha korreks og ordre frå statsadvokaten for i det heile tatt å reise saka, er det ikkje til å undrast over at dei ikkje har gidda å anke dommen i Brønnøy herredsrett. Eigaren av den skotne reinoksen må no sjøl bringe saka inn for vidare rettsbehandling om dommen frå herredsretten ikkje skal bli ståande.

### **Kolonimakta**

- Enda ein gong er vi vitne til at samane sine interesser ikkje kan rekne med rettferdig behandling av kolonimakta sine domstolar. Dette er reineigar Albert Jåma sin kommentar. Sjøl er han ikkje direkte part i Bindalssaka, men han driv med rein i nabolokket sør for Bindal/Kappfjell-distriktet og er allerede indirekte ramma av dommen i samband med konflikt om rein på dyrkamark på Vikna.



*Albert Jåma, Vestre Namdal reinbeitedistrikt*

*(Foto: Åke Jünge 1989).*

Albert Jåma sin kommentar er vidare: - Eg sitt igjen med inntrykk av at påtalemakta i første omgang berre av rein plikt ila bot og erstatningskrav for denne straffbare handlinga. Korfor har ellers ikkje politimeisteren på Helgeland anka ein dom som går han imot? Eg trur påtalemakta er fornøgd med dommen og med at domstolen fritar lensmann og politimeister frå å kreve straffereaksjon ved liknande saker i framtida. Derfor er det naturleg at dei ikkje har anka dommen. Det eg ellers les ut av denne dommen, er at bonden si mark er så hellig at



rein som rotar seg dit kan henrettast utan konsekvensar. Etter kvart som samane er trengt opp til dei høgaste fjelltoppane, er snauffjellet snart det einaste vi har att av det opprinnelige beitelandet vårt. Fjellet er derfor minst like hellig for samane som jordene er for bøndene. Men kva ville skjje om samane begynte å skyte sau i fjellet? Kunne samane rekne med ei like snill behandling frå riket sine domstolar?

### **Ingen bevis**

Og Albert Jåma kommenterer vidare: - Her er mange påstandar om at rein gjer skade på innmark. Men ingen bevis for dette er lagt fram i retten. Dette er typisk. Alt i april har bonden og jordstyreteknikaren gjort seg opp si bastante meining om skader på jordene. Dette er for tidlig til å seie noko sikkert om at skade har skjedd. Dersom dei hadde venta til juni månad, ville dei ville dei sannsynligvis ha sett at det motsette var tilfelle, nemlig at reinen hadde forbedra jorda. Det er finske forsøk som viser at i fire av fem tilfelle er det ein fordel at reinen har vore ein tur innpå jordstokket. Det er tragikomisk at bonden har hatt ekstra arbeid og kostnad med pløying, såing og reduksjon i tallet på mjølkekyr. Trulig heilt unødvendig.

- Dessutan har bonden køyrt villmann med traktor på jordene for å jage reinen. Har ikkje dette skada jorda? Altså: Sjøl om det ikkje er lagt fram bevis for at reinen har gjort reell skade, dømmer retten som om dette var tilfelle og finn dette så sterkt formildande at bota for reindrap blir redusert til det halve, meiner Jåma.

### **Forskjellsbehandling**

Albert Jåma har òg den oppfatninga at den juridiske forskjellsbehandlinga av samar og bønder kjem enda tydeligare fram i Brønnøy herredsrett si behandling av erstatningskravet frå reineigaren. Retten avviser kravet blankt ved å hevde at "det er i det hele tatt ikke fremlagt dokumentasjon av kravet for retten."

- Når reineigaren krev noko, skal det altså dokumenterast i det vide og det breide, mens bøndene sine påstandar går for god fisk utan bevis. Går det an å få bedre dokumentasjon enn den daude reinsbukken? spør Albert Jåma.

- Ellers er det fornøyleg å lese retten sin snedige diskusjon om eventuelle motkrav frå bonden si side. Eg ser her for meg den advarande peikefingeren under nasen på reineigarane: "Dersom de ikkje er snille og godtar dette, så kjem bonden med motkrav!" Eg trudde ikkje det kunne vere grunnlag for motkrav så lenge skade ikkje er bevist. Dei har ikkje ein gong eit einaste lite partisk lensmannsskjønn å vise til. Men når det er bønder som står bak kravet, så er det visst ikkje så nøye med bevis eller dokumentasjon, meiner Albert Jåma.

### **Sak 2: Påståtte beite- og tråkkskadar på Høylandet. Overskjønn ved Namdal herredsrett 1988.**

I denne saka er det òg småkårsfolk mot småkårsfolk, nemlig små og mellomstore bønder mot små og mellomstore reineigarar. Høylandet kommune i Nord-Trøndelag ligg innanfor Vestre Namdal reinbeitedistrikt og er omfatta av Reindrifstloven av 1978. Her hadde fem bønder krevd 65 000 kroner i erstatning for påståtte reinbeite- og tråkkskadar på dyrkajorda på Råmoen og Halbostad på seinhausten i 1986.

Lensmannsskjønn i 1987 ga gardbrukarane medhold. Erstatninga vart sett til i alt 16300 kroner, noko reineigarane fann urett og ikkje kunne gå med på i det heile tatt. Reineigarane var Jåma-Anti-gruppa kor Albert Jåma er med. Dei anka lensmannsskjønnet si avgjerd inn for overskjønn. Befaring og saksbehandling fann stad, men overskjønnet heldt ikkje berre fast på erstatningssummen til bøndene. Dei dømte i tillegg reineigarane til å dekke sakskostnadene på 29000 kroner.

No ville jo ikkje pengar løyse problemet med at rein går på dyrkajord, så reindriftssida la fram eit forslag til varig løysing for begge partar, i form av eit forlik. Dette gjekk ut på å bygge reingjerder rundt jordstykkja.

- Bøndene har imidlertid avvist dette tilbodet, seier Albert Jåma. – Dei vil ha både i pose og sekk. Først vil dei ha erstatninga frå oss, og i tillegg vil dei ha gjerder. Dei står ikkje ved det dei tidligare har hevda, nemlig at dei ikkje er interessert i pengar, men heller i tiltak.

### **Rein på innmark**

- Overskjønnet si avgjerd virkar som ei oppfordring til bønder om å forlange erstatning strakst dei ser ein rein på innmarka. Men rein på innmark gjer normalt ikkje skade, meiner Albert Jåma. – Råmoen-jordene er dyrka opp etter 1973, mens det har vore reindrift i dette området i mange hundre år. Når det så kjem dyrkajord og gjerder midt i naturlige og tradisjonelle trekkeier for reinen, så må bøndene berre venne seg til å sjå rein på jordene ein gong imellom.

- Overskjønnsretten hadde ikkje peiling på reindrift. Det kom fram under saksbehandlinga og kjem enda klarare fram i domspapira, meiner Jåma. – Retten hasselerer berre over min dokumentasjon av at området ved Råmoen er fullt av gamle samiske dyregraver. Dessutan står det at området er oppdyrka skogsområde utan særleg verdi for reinbeiting. Men faktum er at barskogsområda er gode haustbeiter for reinen med mye smylegras som er grønt lenge utover hausten og vinteren.

- Retten avslører sin inkompetanse i reindrift på ei rekke punkt, hevdar Jåma. – At dei har med ein nordsamisk skjønnsmann, erikkje garanti for rettferd, så lenge han skriv under på inkompetansen. At vi i sør driv beite på smylegras i barskog, har ikkje denne skjønnsmannen peiling på, han som berre har sett reindrift i nord kor det ikkje er mye skog. Ein slik skjønnsmann blir berre eit gissel for majoriteten. Slik vil vi ikkje ha det når saka kjem opp på nytt.

### **Truga med skytevåpen**

Retten skriv at reineigarane ikkje etablerte oppsyn med reinflokken, men berre sendte barn for å jage dyra. – Dette viser berre at retten var forutinntatt og leiter etter belegg for det dei hadde bestemt seg for på forhand, meiner Albert Jåma. – Barna det er snakk om er ungdommar heilt opp til atten- og nittenårsalderen. Dette er fullrøynte gjetarar, minst like bra som utslitne førti og femtiåringar. Men dei er kanskje lettare å skremme. Dei låg i telt i området. Bøndene kom ofte innom og kjefta på dei. Ein av grunneigarane truga til og med med å skyte. Da vart gjeatarane sjølsagt nervøse og torde ikkje gjere jobben sin, men rømte unna. Dei flytta teltet i alt tre gongar.

- Nei, vi har ingen annan utveg enn å anke, seier Albert Jåma. – Det er så mange saker no som tårnar seg opp mot oss. Tålegrensa er nådd. Heile den sørsamiske kulturen er truga. Det er vi som er urfolk i desse områda. Dei germanske innvandrarane har kolonisert meir og meir. Desse siste sakene er berre dei siste overgrepa i ei lang rekke.

Men Jåma-Anti-gruppa sin anke vart ikkje tatt til følge, på grunn av kluss med krav om nytt lensmannsskjønn. Dommen frå overskjønnet i denne saka er dermed rettskraftig.

### **Sak 3: Skrøyvdalsvegen, eit veganlegg gjennom reinbeitedistrikt. Namdal herredsrett 1988.**

Denne saka dreier seg om den 43 kilometer lange Skrøyvdalsvegen som går frå Høylandet sentrum og ut til den tidligare einsidige industristaden Salsbruket, - "tidligare" fordi bedrifta Salsbruket Tresliperi brann ned til grunnen i 1986 og ikkje blir bygd opp att.

Men Skrøyvdalsvegen var bygd på 1970-tallet, lenge før denne tragiske brannen. Etter vegutbygginga reiste Vestre Namdal reinbeitedistrikt sak mot Nord-Trøndelag fylkeskommune som vegutbygger, med krav om erstatning for skadar og ulemper i reinbeiteområdet på grunn av den nye vegen. Namdal herredsrett, med samme dommar og domsmenn som i sak 2 ovanfor, avviste samane sine krav blankt, ganske enkelt fordi det var gått meir enn tre år frå vegen var erklært ferdig og fram til sak vart reist, altså forelding. Dette til tross for at vegarbeid for tretti millionar var utført i åra etter at vegen vart offisielt erklært som ferdig og reinbeitedistriktet oppfatta det sånn at forhandlingar med fylket enno var i gang sjøl om forhandlingane låg i dvale.

FYLKESLANDBRUKSKONTRORET I NORD-TRØNDELAG,  
SKOGBRUKSETATEN.

Steinkjer, den 9/10-1981.

SKRØYVDALSVEGEN.

REINBEITEOMRÅDET I NORD-TRØNDELAG

nr. 1200/81

litt. 42

Notat fra befarings 5/10-1981 om ulemper for reindriften.

Til stede: Reineierne Rasmus Anti, Johan Anti, Albert Jåma, Ivar Toven, Reindriftsagronom Ansgar Kossmo, Vegoppsynsmann Reidar Brøndbo, Skoginspektør Harald Hovd og fylkesskogmester Johan Sev. Lysøerg.

Befaringa var kommet i stand p.g.a. brev av 15/7-81 fra Rasmus Anti til Fylkesskogsjefen om ulemper for reindriften p.g.a. vegen. Reindriftsagronomen hadde foretatt innkallingen.

1. Ved Salamonhullet ble det påpekt at overgangen for reinen var vanskeliggjort p.g.a. vegen og grustaket. Gruetaket blir utplanert og over overgangen på vegen vil den skarpe sprengtsteinen bli dekket med grus o.l.
2. Ved planlagt bru over Kvernvasseelva ble det påpekt at reinen ved å passere brua lett kunne komme på feil side av Skrøyvstadvatnet. Å flytte brua lenger ned mot vatnet var framsatt som ønske, men det vil koste nokså mye p.g.a. dårlige grunnforhold. Det ble derfor enighet med Hovd som representerte grunneieren, at det skal oppsettes grind på eller ved brua.
3. Som ved pkt. 2 vil brua over Skrøyvdalselva kunne føre til at reinen kommer på feil side av vatnet på tur utover til Salsbruket for vinterbeite. Her ble en enig om å sette stengsel med gjerde på begge sider av Kvernvasseelvvegen slik at ikke reinen kommer opp på vegen ved brua.
4. Vegfyllingene ved Skrøyvdalsfossen gjør at det er umulig å flytte rein ned ved fossens slik det av og til ble gjort før. Det ble påpekt at ved å sprengte en skråveg før å komme ned over en fjellette ovafør vegen øst for fossen, vil en ha mulighet for å komme fram med reinen uten å måtte over fjellet. P.g.a. at det vil koste nokså mye da en ikke kommer dit med kompressor, ble det ikke utlovet å bygge denne skråvegen, men dette skal vurderes senere.
5. Ivar Toven påpekte at reinen nå kunne komme vestfra og langs vegen på sydsida av Skrøyvstadvatnet, og at den dermed lettere kunne blande seg med reinen som tilhører de andre eierne. Han mente at noe måtte gjøres med dette uten å komme med noe forslag om hvordan det kunne gjøres.

En hadde ikke tid til å befare området, og det må derfor eventuelt gjøres senere.

*Johan Sev. Lysøerg*  
Johan Sev. Lysøerg.

Gjenpart til deltakerne og Arne Ness, Kolversid.

*Faksimile av partsnotatet som Namdal herredsrett oppfatta som ein avtale. Men samane si underskrift manglar.*

### **Er eit partsnotat lik ein avtale?**

Det mest oppsiktsvekkande ved denne tredje dommen er ikkje at herredsretten avviser realitetsbehandling på grunn av forelding. Nei, det mest oppsiktsvekkande her er at ein norsk rett godtar eit befaringsnotat laga av fylkesskogmeisteren, altså den eine parten i saka, Nord-Trøndelag fylke, sin mann, som gjeldande avtale mellom partane. Notatet frå 9.10.1981 er skriva og undertegna av ein tjenestemann hos den eine parten, altså fylket sin skogetatsjef. Den andre parten, reinbeitedistriktet, har ikkje skriva under på dette notatet. Tvert imot, så hevdar reineigarane at notatet er overflatisk, ikkje utfyllande og delvis feilaktig. Dette kan sjølsagt diskuteras. Det som ikkje kan diskuteras, er at ein avtale om reindriftsforholda i eit reinbeitedistrikt, som skal brukast i mange generasjonar framover, må komme i stand etter forhandlingar og skrivast under av begge partar. Men her har altså ein norsk rettsinstans gjort den kjempebrølaren å godta eit partsnotat frå den eine sida som rettskraftig avtale mellom to partar. Tydeligare kan det knapt seiast at det ikkje er likeverdige partar i slike saker. Kan ikkje samane skriva namnet sitt under avtalar kanskje? Er det kanskje heller ikkje så nøye med slike små detaljar i saker kor samar er den eine parten?

- Dette bekrefter berre at Namdal herredsrett er heilt inkompetent til å dømme i reindriftssaker. Slik jus frå ein norsk rettsinstans er eit ledd i koloniseringspolitikken. Målet er, slik eg ser det, sjølsagt å få eliminert heile urfolkproblematikken, er reineigar Albert Jåma sin beiske kommentar.

### **Oppsummering**

Sak 1 er ikkje anka av den tapande parten, påtalemakta. Dommen her vil bli ståande som ei mild oppfordring til andre bønder om at rein på innmark kan skytast utan risiko for vesentlig straffereaksjon ut over symbolsk bøtlegging. Altså eit tap for dei samiske interessene.

Sak 2: Samane sin anke er avvist, altså eit nederlag for dei samiske interessene.

Sak 3: Her er anke på veg oppover i det norske rettsapparatet. Reinbeitedistriktet sitt ankegrunnlag er at dei hevdar at herredsretten har praktisert loven om forelding mangelfullt og unyansert. Dei krev her ei erstatning på opptil 500 000 kroner frå vegbyggaren, Nord-Trøndelag fylkeskommune, og at fylket må betale alle sakskostnader. For rettssaker kostar mange pengar i tillegg til at dei slit på kreftene til dei som er involvert.

I alle desse tre tilfeldig valgte sakene frå sørsamiske kjerneområde føyer dommane seg til no inn i rekka av tidligare negative dommar i konflikter mellom samane på den eine sida og bønder eller norske styresmakter på den andre. Ein kan godt forstå at enkelte hevdar at norsk lov er skreddersydd for å verne om eigedomsretten til bøndene. – Eg trur ikkje samane sine interesser kan rekne med rettfærdig behandling av kolonimakta sine domstolar, meiner Albert Jåma.

### **Litteratur**

Løøv, Anders 1994: En samisk sijte går under på Gauldalsvidda år 1811. I: *Festskrift til Ørnulv Vorren. Tromsø Museums Skrifter XXV*, s. 154-167. Tromsø Museum: Universitetet i Tromsø.

- Nielsen, Yngvar 1891: Lappernes fremrykning mot syd i Trondhjems Stift og Hedemarkens Amt. I: *Det Norske Geografiske Selskabs Årbog* 1889-90, s. 18-52. Kristiania.
- Thomasson, Lars 1985: "Kulturkampen" i Härjedalen. Et stykke historia med följdverkningar i dag. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 2, s. 102-118. Snåsa: Saemien Sijte.
- Trollheimenloven av 1984: *Lov om reindrift i kommunene Meldal, Midtre Gauldal, Oppdal, Rennebu, Rindal, Sunndal og Surnadal*. 21. des. Nr. 101.

# Sørsamisk frustrasjon etter Tsjernobyl

Samar haldne for narr i tre år – Tre års tausheit frå Tsjernobylutvalg.

*(Trykt i Klassekampen 24. februar 1989).*

I april 1986 gjekk ein atomreaktor i Tsjernobyl, Ukraina, i lufta og spreidde radioaktive skyer over Europa. Nedfallet ramma òg reinbeitedistrikta i Midt-Norge. Den norske regjeringa sette ned ei arbeidsgruppe som skulle foreslå tiltak for å dempe skadeverknadene i det sørsamiske samfunnet. Men denne Vesterdal-gruppa har på dei tre åra som er gått ikkje komme med ein einaste rapport eller eit einaste forslag til tiltak. – Heile Vesterdal-utvalget er ein stor fiasko. Det tok på seg eit viktig ansvar, men dette ansvaret har dei ikkje tatt alvorlig, seier Sverre Fjellheim som er styrar på Saemien Sijte på Snåsa.

Vesterdal-gruppa har mottatt ei rekke forslag frå den sørsamiske befolkninga, forslag som dei ikkje har fått svar på. Først i mars 1989 er det planar om at Vesterdal-utvalget skal legge fram den første rapporten sin. Det er landbruksminister Gunhild Øyangen sin personlige sekretær May Liss Vesterdal som har leia gruppa.

## Foreslå tiltak

Vesterdal-gruppas mandat var å vurdere dei langsiktige konsekvensane av Tsjernobyl-ulykka både for reindriftsnæringa og den sørsamiske befolkninga. Dei skulle foreslå tiltak og finansiering av desse tiltaka.

Arbeidet til gruppa skulle strukturast i forhold til reindriftsavtalen og andre samepolitiske virkemiddel, og tiltaka skulle settast ut i livet etter kvart som det er grunnlag for det, som det heiter i mandatformuleringa.

- Heile Vesterdal-gruppa er ein stor fiasko. Som eit konkret tiltak har Saemien Sijte søkt om middel til ein stilling som museumspedagog, for å ta imot skoleklassar og vise fram rein under nedføring og korleis reineigarane taklar problema rundt Tsjernobyl-nedfallet. Søknaden sendte vi for eit og eit halvt år sidan. Vi har ikkje ein gong fått svar, seier Sverre Fjellheim.

- Vi er haldne for narr, både eg som enkeltperson, Saemien Sijte som institusjon og heile den sørsamiske folkegruppa, seier Fjellheim

## Avviser kritikken

May Liss Vesterdal er ikkje samd i kritikken om at gruppa har brukt for lang tid på arbeidet.

- Vi var usikre på kor lang tid vi skulle bruke. Vi følte at vi ikkje var komne til botns i problema, spesielt det som hadde med den sørsamiske kulturen å gjere, ein kultur som er sårbar frå før, seier May Liss Vesterdal.


- Undervegs har vi gitt ut tre informasjonsbulletinar til alle reindriftssamar, og vi har halde informasjonsmøte i det aktuelle området. Dessutan har vi vore med på tiltak som går direkte på reindrifta, slik som omføring og endring av slakterutiner. Dette har vi gjort i samråd med reindriftsadministrasjonen og forskingsmiljøet. Men når det gjelder tiltak som har med den sørsamiske befolkninga å gjere, så har vi ikkje komme med det enno.

## Mange forslag

- Vi har fått inn ei mengd forslag frå befolkninga. Dei har gjort eit fantastisk arbeid på lokalplanet. Men mange har ikkje fått svar frå oss på forslaga sine. Vi

måtte ha oversikt over heilskapen før vi kunne gå inn på enkelte forslag. Innad i gruppa har det ikkje komme fram kritikk. Eg er sjøl frå Nord-Trøndelag og veit at den sørsamiske kulturen er liten og trua, ikkje minst er språket viktig å beholde. Det skulle vore gjort mye på dette området, seier May Liss Vesterdal.

Ho kan fortelle at gruppa skal ha nytt møte den tiande mars og kjem da med rapporten sin midt i mars.



*Sverre Fjellheim, Saemien Sijte. (Foto: Åke Jünge 1989).*

Sverre Fjellheim er derimot redd for at Vesterdal-gruppa på sitt møte i mars kjem til å vedta å legge ned heile gruppa.

- Da vil det ikkje komme noko ut av arbeidet til gruppa anna enn ein masse papir, seier Fjellheim.

### **Undervisningstilbod**

Det sørsamiske kultursentret på Snåsa ville lage eit ekstra undervisningstilbod til skoleelevane i området i samband med nedföringa av rein, - den ekstrarföringa etter samling som reinen må igjennom for at radioaktiviteten skal komme under tiltaksgrensa på seks tusen becquerel pr



*Morten Danielsen, Jørstad.*

*(Foto: Åke Jünge 1989)*



kilo kjøtt. I likheit med alle andre som kom med liknande forslag, har dei ikkje fått svar frå Vesterdal-gruppa som skulle dempe sørsamisk frustrasjon etter Tsjernobyl-katastrofen. – For meg har denne gruppa virka heilt motsett, seier museumsstyrar Sverre Fjellheim.

### **Positive saker**

- Opprettinga av Saemien Sijte i 1980 var ein positiv milepæl i den sørsamiske historia dette hundreåret. Ein annan milepæl er prosjektet med å registrere kulturminna våre i heile det sørsamiske området. Dette eineståande prosjektet har skapt nytt liv i heile det sørsamiske samfunnet, seier Fjellheim.

Sverre Fjellheim legg vekt på det positive dei har fått til i 1980-åra. Han har vore styrar ved Saemien Sijte heilt sidan starten og er ein av dei som har best oversikt over alt det som rører seg i det sørsamiske området som strekker seg frå sørdelen av Nordland til norddelen av Hedmark og tilsvarande på svensk side av riksgrensa, ei grense som berre er eit kunstig administrativt skille gjennom det sørlige Sameland.

Ein tredje positiv ting i utviklinga på 1980-tallet er dei to årbøkene Saemien Sijte har gitt ut i serien *Åarjel-saemieh – Samer i sør*.

Men så er det jamt slutt på det positive.

### **Frustrasjonssakene**

Sverre Fjellheim si liste over sørsamiske frustrasjonssaker er lang. Dei går alle på relasjonar mellom storsamfunnet og det sørsamiske samfunnet sine interessar:

- Planane om eit stort militært skytefelt i reinbeitedistriktet på Nord-Fosen.
- Planar om kraftutbygging og regulering av Sanddøla/Luru/Grana, eit stort sidevassdrag til Namsen.
- Samane i Trollheimen tapte retten til å drive med rein etter dom i Høgsterett, fordi retten ikkje godtok dokumentasjonen på lang nok brukstradisjon i området.
- Professor Yngvar Nielsen sin 100 år gamle hypotese om samisk innvandring sørover vart mana fram att av Kjell Haarstad ved Universitetet i Trondheim, i boka *Samiske vandringar i sør* i 1981.
- Ny rettssak i Røros-Femunden-området. Bønder til sak mot samar for ulovlig reindrift innanfor eit reinbeitedistrikt. Samane tapte også denne saka i Høgsterett i november 1988.
- På svensk side tapte sørsamane det store *Skattefjellsmålet* i 1985, etter meir enn tjue års rettargang.
- Tsjernobyl-ulykka fekk enorme negative følgar for sørsamane.

- Dette var alt ihop saker som kom på toppen av ein situasjon kor sørsamane, eit lite folk på knapt tusen individ i Norge, stadig har vorte trengt attende og er sett under sterkt press for å gi opp språk, kultur og ei særeigen næringstilpassing og livsform, seier Fjellheim.

### **Vesterdal-gruppa**

Fjellheim er djupt og oppriktig skuffa over Vesterdal-gruppa.

- Snart tre år etter Tsjernobyl-ulykka kan eg ikkje sjå at Vesterdal-gruppa har gjort ein einaste ting, seier Fjellheim. På oppfordring frå eit medlem av gruppa søkte Saemien Sijte hausten 1987 om å få ei Tsjernobyl-pedagog-stilling, ein museumspedagog tilsett ved Saemien Sijte. For etter Tsjernobyl må reinen i Snåsa-området gå ein månads tid i reintrø under kontrollert

føring for å få ned radioaktiviteten. Dette ville Saemien Sijte utnytte positivt til å invitere skoleklassar frå fylket til å sjå på muséet, få eit par skoletimar inne om sørsamisk historie og kultur, og så bruke resten av dagen til å sjå på og stelle med rein. Altså eit positivt og utadretta tiltak for å gjere nordtrøndersk ungdom kjent med sørsamane og reindrifta.

### **Narra?**

- Eit heilt år gjekk utan svar, forteller Fjellheim. Så fekk han høyre at museumspedagogstillinga var ein del av staten sitt tilbod til Norske Reindriftssamers Landsforbund under forhandlingane om ny reindrifftsavtale no i vinter.

- Da avtalen kom, var stillinga vår borte. Eg har aldri vore borti makan. Vi føler oss narra, seier ein oppgitt museumsbestyrar. – Vi slit med små ressursar og haugevis med uløyste oppgaver. Så blir vi narra til å bruke mye tid på å skrive søknader som berre forsvinn etter årelange vandringar i departementsskuffene. Vesterdal-gruppa skulle dempe frustrasjonane etter Tsjernobyl. For meg vart det motsett, sukker Fjellheim.

### **Ekstraarbeid**

På Jørstad, ei mils veg sør for Saemien Sijte på austsida av Snåsavatnet, bur reineigarane Astrid og Morten Danielsen. Kvar haustvinter driv dei etter Tsjernobyl nedføring av reinflokken sin i trær like ved husa sine. Her har alt vore klart for å ta imot skoleklassar i lang tid. Plassen ligg gunstig til nært riksvegen.

- Tsjernobyl har gitt oss ein masse ekstraarbeid, forteller dei to. – Vi har reinbeite i Skjækerfjell reinbeitedistrikt frå Snåsavatnet og innover mot svenskegrensa nedover mot Helgådalen, den nordlige greina av Verdalen.

Dei forteller om strevet med å skaffe reinlav utan radioaktivitet til bruk i nedføringa. Om lag fire tonn lav kvar sesong må samlast med fraugaflar og fyllast i sekkar. Enkelt er det heller ikkje å skaffe grunneigarar i Røros- eller Trysil-traktene, som gir lov til å sanke lav. Trailertransport av laven spleisar dei på i lag med andre reineigarar.

-Vi får kompensasjon for ekstraarbeidet frå Landbruksdepartementet. Men avtalen blir endra frå år til år, så det blir uvisst kva får til neste år.

- For oss ville skoleklassar på besøk gi ei brukbar ekstrainntekt og styrke familiebruket her, seier Astrid Danielsen. – Interessen i skolane er stor. Vi har hatt fleire klassar på besøk alt, forteller Morten Danielsen.

### **Fungerer fint**

- No fungerer nedføringsopplegget fint, seier Morten Danielsen. – Første slaktinga etter Tsjernobyl vart det meste vraka. Da kjentest det meiningslaust å drive på med rein. Men no bergar vi det meste igjennom slaktekontrollen ved å bruke bentonittkraftfôr og reinlav utan radioaktivitet.

Kvart einaste reinslakt blir målt slik at kundane kan vere trygge på at alt omsett reinkjøtt ligg under tiltaksgrensa på 6000 becquerel pr kilo. Salget held seg bra. Reinskav er for godt til at folk kuttar ut denne flotte matretten når dei først har fått smaken på det. Og det er det mange som har.

Så får eg bli med Morten Danielsen ut i reintrøa og føre husreinen Rudolf som er så tam at han får bli med på tur på bygda i familien Danielsen si kassevogn, som ein annan hund. Trysil-lav og reinfôr 80 er føda for Rudolf og ein kalv som snart er like tam.

Eigentlig skulle her ha vore tjue-tretti reinar på forlenga nedføring. Og det skulle ha vore ein skoleklasse om dagen på besøk dersom Sverre Fjellheim hadde fått

museumpedagogen på Saemien Sijte. Om det blir noko av, er opp til Vesterdal-gruppa som enno ikkje akkurat har sett spor etter seg i historia. Er det for stygt å minne om diktaren sine ord:

*Da Fanden ville at intet skulle skje  
nedsatte han den første komité.*

## ”Vi er alvorlig bekymra for skolen vår”

Uviss framtid for Åarjel-saemiej Skuvle.

*(Trykt i Klassekampen 24. februar 1989).*

Ved Sameskolen i Snåsa – *Åarjel-saemiej Skuvle* – herjar nedskjæringsspøkelset for tida. Kirke- og undervisningsdepartementet vil kutte 400 000 kroner på årets budsjett og nektar attpåtil å etterløyve eit lite underskott på 200 000 kroner for 1988.

Skolen hadde tiårsjubileum i 1988. Vil 1989 bli eit svartår?

- Vi er alvorlig bekymra for skolen vår, seier Britt Inger Gustavsson. Ho er leiar for både samarbeidsutvalget og foreldrerådet ved *Åarjel-saemiej Skuvle*. Ho har nettopp vore med på å sende ein kvass resolusjon til Kirke- og undervisningsdepartementet, kor det står: *”Vi er redd for at en reduksjon som samsvarer med tilskuddsrammen vil bety slutten for Sameskolen i Snåsa.”*



*Nora Bransfjell, fungerande rektor ved Åarjel-saemiej Skuvle, Snåsa.*

### Tospråklig skole

- Dette er første gongen vi har fått avslått ein etterløyvingssøknad, forteller fungerande rektor Nora Bransfjell. Ho kan forklare at dei 200 000 kronene er ein følge av uventa ekstrautlegg til vikarar ved sjukdom og til avtalefesta arbeidstidsreduksjon for dei tilsette ved internatet.

Ein god del av elevane ved skolen bur ved dette internatet fordi heimkommunane er for langt unna til at daglig skyss er mulig.

Byråsjef Leiv Berge seier at departementet vil sjå på om sjølve drifta ved skolen er tilstrekkelig rasjonelt lagt opp. Med rasjonelt må han da meine sammenlikna med vanlige norske skolar, men denne sammenlikninga er ikkje rettferdig fordi dei to sørsamiske internatskolane i Snåsa og Hattfjelldal er tospråklige og må ha ein heilt spesiell læremiddel- og lærarsituasjon ulik andre delar av norsk skoleverk.

- Vi slit stadig med å lage læremiddel sjøl, seier rektor Nora Bransfjell. – Det blir mye stensilar og kopiar. Skikkelige lærebøker på sørsamisk er ein mangelvare. Eit anna problem er å få tak i lærarar som kan sørsamisk.

Sørsamisk som skriftspråk har berre eksistert dei siste par tiåra etter at forrige rektoren ved skolen, Ella Holm Bull, og professor Knut Bergsland har utarbeidd grammatikk, ordbøker og rettskrivingsnormal for sørsamisk. Sørsamisk er såleis det yngste skriftspråket i Norge. Lærebøker og bibeloversettingar kjem litt om senn. Litteratur på sørsamisk finst knapt.

### **Sørsamisk som hovedmål**

Hausten 1987 starta den første eleven som har sitt eige morsmål sørsamisk som hovedmål i undervisninga. Dette er ikkje trykkfeil. Nittenåttisju! I dag har enda ein elev sørsamisk som hovedmål. Til hausten kjem trulig to til. Problemet med lærebøker på sørsamisk er stort i alle fag. Og lærebøker skal ein ha. Kostnadene for skolen veks som ein følge av dette. Men er ikkje det å ha morsmålet som hovedmål i opplæringa ei prinsippsak og ein menneskerett? Skal denne menneskeretten vere avhengig av meir eller mindre rasjonell drift og nokre departementale kroner?

- Kjem sørsamisk språk og kultur til å overleve?

- Eg håpar det, seier Nora Bransfjell. – Interessen for språket blant dei sytten elevane våre er stor. Men dårligare økonomi gir reduserte tilbod, og da finst det ei nedre grense for at foreldra vil sende ungane sine hit. På svensk side er det att berre ein skole i det sørsamiske området, nemlig i Tärnaby. Änge i Järpen vart lagt ned i fjor. Det var elevgrunlaget her som svikta.

### **Elevgrunlaget**

Elevgrunlaget for Åarjel-saemiej Skuvle er ein uviss faktor. Dei sytten elevane i første til sjetta klasse kjem frå Brekkvasselv i Nord-Trøndelag i nord til Engerdal i Hedmark i sør. Sist haust gjekk sju på førskolen. Trulig vil seks av desse starte i førsteklassen i Snåsa til hausten dersom foreldra kan lite på at skolen held fram på samme gode nivå som til no.

- Ei nedskjæring vil vere første skrittet mot å ta knekken på skolen vår, seier Nora Bransfjell. – Eg inviterer med dette dei høge herrane og damene i departementet til å komme hit og sjå korleis vi driv og kor hardt vi strevar. Ingen av dei har vore her enno.

# Sørsamiske lærarstudentar utan opplæring i morsmålet sitt

Stort behov for utdanning av lærarar i sørsamisk.

*(Trykt i Klassekampen 18. september 1992).*

- Samisk Utdanningsråd har reist kvass kritikk mot Høgskolen i Levanger.
- Åsta Vangberg, Samisk Utdanningsråd, meiner Høgskolen i Levanger løper frå ansvaret.
- Høgskolen skylder på Departementet.
- Det er spørsmål om sørsamisk som språk skal overleve, seier Åsta Vangberg.

Sørsamiske lærarstudentar blir dirigert til Høgskolen i Levanger som har hovedansvaret for sørsamiske studietilbod sidan 1987. Ein samisk student tar no fatt på sitt tredje og siste studieår med klar melding frå høgskolerådet om at ho ikkje får undervisning i sørsamisk i år heller.

I 1987 fekk Høgskolen i Levanger hovedansvaret for sørsamiske studietilbod. Studentar som søker lærarutdanning med samisk-språklig bakgrunn, blir dirigert til Levanger av opptakssekretariatet for lærarhøgskolane. Studentar som har gått to år i Levanger, har ikkje fått ei einaste forelesing i sørsamisk gjennom Høgskolen og vil heller ikkje få det dette skoleåret.

Ein student, som helst ikkje vil stå fram med fullt namn, vart tatt opp ved Høgskolen i Levanger våren 1990. I brevet frå Opptakssekretariatet for Lærarutdanning heiter det:

*"Du har søkt om opptak til lærerutdanning med samisk-språklig bakgrunn... Etter en samlet vurdering av din søknad kom komiteen fram til at du kan få studieplass ved Levanger lærerhøgskole, allmennlærerutdanning."*

## Nynorsk i staden

Studenten tok kontakt med skoleleiinga tidlig i studieåret 1990/91, for å planlegge når ho kunne ta halvårseining i sørsamisk, men fekk til svar at skolen ikkje hadde planlagt slik undervisning for vanlige studentar. Ho kunne ta ei halvårseining i nynorsk i staden - da ville ho stå mye sterkare når ho søkte jobb!

Studenten godtok ikkje dette svaret, men tok gong på gong opp saka med høgskolen. Ho gjorde leiinga oppmerksom på retten sin til samisk undervisning, mellom anna ved å vise til Stortingsmelding nr.40 kor det står:

*"Ved lov av 12.juni 1987 nr.56 (Sameloven) fikk den samiske folkegruppen lovfestet sin rett til å sikre og utvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv. I 1988 ble dette prinsippet også grunnlovsfestet, jfr grunnlovens paragraf 110a. Med Stortingets endring av sameloven i desember 1990, ble samisk språk likestilt med norsk. Rett til opplæring i samisk ble slått fast. Samtidig ble grunnskoleloven endret for å styrke opplæringen i og på samisk."*

*"Det hviler derfor et særskilt ansvar på norske myndigheter for å legge forholdene tilrette slik at den samiske folkegruppen kan sikre og utvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv."*

Etter to år ved Høgskolen i Levanger har studenten enno ikkje sett noko til det sørsamiske studietilbodet ho kom dit for, og signala frå Høgskolen er at ho heller ikkje vil få slik undervisning kommande skoleår. Lærarutdanninga er som kjent 3-årig.

### **Lærer Anne Lise Dunfjell:**

#### **”Stort behov for lærarar i sørsamisk”**

Anne Lise Dunfjell, lærar ved *Åarjel Saemiej Skuvle* - den sørsamiske skolen på Snåsa, seier at det er stort behov for lærarar med utdanning i sørsamisk. Ho kan opplyse om at fire elevar ved skolen no har sørsamisk som hovudopplæringspråk,- før 1987 var det ingen! Dei andre elevane ved skolen har sørsamisk som andrespråk.

Anne Lise Dunfjell, som sjøl er nordsame, har venta fleire år på at Høgskolen i Levanger skal komme med tilbod om ei Halvårseining II. Ho føler at ho ikkje strekk til i undervisninga av dei elevane som har sørsamisk som hovudspråk etter kvart som dei nærmar seg ungdomsskolealderen. Første elev ved skolen - og faktisk i heile Norge - med sørsamisk som hovudmål, startar no i sjette klasse. Dunfjell kan fortelle om mye strev for å lage læremiddel som også desse første pionerelevane på Norges yngste skriftspråk har krav på.

### **Åsta Vangberg, Samisk Utdanningsråd, med breidside mot Høgskolen i Levanger:**

#### **”Vi har ikkje meir tid å spille”**

*”At Høgskolen i Levanger har unnlatt å ta ansvaret for gjennomføringa av Sameloven, kan det vel ikke herske noen tvil om”.*

Dette skriv førstekonsulent Åsta Vangberg i Samisk Utdanningsråd i eit brev til Kirke-, Utdannings- og Forskningsdepartementet (KUF). Vangberg er leiar av kontoret for sørsamiske saker i Samisk Utdanningsråd. I brevet peikar Vangberg på to forhold som er svært mangelfulle: Tilbodet til dei vanlege lærarstudentane og vidareutdanninga.

Om vidareutdanning skriv Vangberg:

*”I dag finnes det ca. 30 studenter som har tatt sin eksamen i sørsamisk, Halvårsenhet I. Av disse har noen få fått sin utdanning ved Høgskolen i Levanger i perioden 1987-92. Siden 1984, da de første studentene ble uteksaminert med denne enheten, har det vært ytre et sterkt ønske om en påbyggingsenhet til denne, Halvårsenhet II. Forespørlene til Høgskolen har vært mange, men hittil uten resultat.”*

### **Strategisk planlegging**

Samisk Utdanningsråd vedtok i 1989:

*”Det er nødvendig med en strategisk planlegging av utdanningen i sørsamisk. Målsettinga er å få flere lærere som bruker sørsamisk i undervisninga. På den måten styrkes bruken av sørsamisk både som undervisningspråk og som fag i skoleverket.”*

No, tre år etter, er Vangberg svært skuffa over at Høgskolen i Levanger ikkje har gjort noko med ei slik Halvårseining II, og brevet hennes munnar ut i ei bønn til KUF om å ordne opp.

*”Vi har ikke mer tid å spille dersom sørsamisk som språk skal overleve”,* sluttar Vangberg brevet sitt med.

### **Høgskolen i Levanger avviser all kritikk**

Studiesjef Harald Hansen ved Høgskolen i Levanger avviser kritikken frå Vangberg.

- Med dei knappe ressursane vi har,- berre ein stipendiat i sørsamisk som har mange andre oppgavar enn å undervise,- har vi ikkje makta meir enn to todagarskurs etterutdanning for

lærarar pr år og eit distansekurs Halvårseining I som har trekt ut over to år på grunn av den sprikande bakgrunnen til deltakarane, seier Hansen.

- Problemet ligg óg på personplanet. Ein person som aleine utgjer fagmiljøet her ved Høgskolen, kan ikkje rekke over alt, og det er svært få som har kompetanse til å undervise i sørsamisk på høgskolenivå, sjøl om vi skulle lykkast i å få fleire middel frå Departementet, seier Hansen.

### **Ut av gapestokken**

Studiesjefen opplever kritikken frå Samisk Utdanningsråd som urettferdig og har prøvd å få Høgskolen ut av gapestokkposisjonen ved å skrive brev til KUF for å få ressursar til enda ein stipendiat i sørsamisk.

- *Og kva seier KUF?*

- Brevet vart sendt for eit halvt år sidan og vi har enno ikkje fått svar, svarar Hansen. Han meiner kritikken må rettast inn høgare opp i systemet, altså mot Departementet. Høgskolen sin eine stipendiat i sørsamisk har slutta første august i år og ny stipendiat er ikkje tilsett. Alt tyder på at også det siste studieåret til den anonyme sørsamiske studenten blir fritt for samisk undervisning.

### **Anna Jacobsen, Hattfjelldal:**

#### **”Høgskole og Departement har ikkje forstått Alvoret”**

Anna Jacobsen, Hattfjelldal, er ein av dei fremste kjennarane av det sørsamiske språket og har undervist i sørsamisk i mange år. Ho har følgande kommentar:

- For meg ser det ut som verken Høgskolen eller Departementet har klart for seg kva saka egentlig gjeld: At samiske lærarskolestudentar skal få undervisning i sørsamisk språk inn som ein del av den ordinære lærarutdanninga. At Høgskolen i Levanger i fem år har hatt ansvaret for undervisning i sørsamisk for lærarar, bør jo bety at samiske lærarskolestudentar som har fått plass ved nett denne skolen fordi dei er samar, skal få undervisning i samisk utan å måtte trygle og be om det. Når det likevel ikkje er slik, tyder det på at ingen av dei nemnte instansane har forstått den vanskelige stillingen som sørsamisk språk er i.

- Dei har ikkje forstått at det er eit prekært behov for lærarar med undervisningskompetanse i sørsamisk. Derfor får ikkje sørsamiske lærarstudentar lære å undervise i morsmålet sitt. Departementet og Høgskolen i Levanger har ansvaret for at det er slik. Det hastar med å gjere noko med det, meiner Anna Jacobsen.





# Sørsamisk reindrift og Bondelaget

## Eit debattinnlegg.

(Trykt i *Trønder-Avisa* 18. desember 1995 (forkorta versjon)  
og i *Namdalsavisa* 14. desember 1995).

No har Norges Bondelag starta ein kampanje mot forslaget til ny reindriftslov. Bondelaget i Nord-Trøndelag følger opp med utspill i media forrige veke.

Litt lovhistorie kan vere nødvendig for å sette lovforslaget inn i ein sammenheng.

**Lappekodisillen av 1751** var eit tillegg til grensetraktaten mellom Norge og Sverige som delte dei samiske områda mellom statane. Etter gammel sedvane skulle reindriftnomadane få krysse grensa og "*betiene sig af land og strand til underholdning for deres dyr og sig selv, da de venligen skal imodtages, beskyttes og hjælpes til rette...*" (paragraf 10). Dette er den første folkerettslige traktaten om samiske rettar og står framleis ved lag.

**Felleslappeloven av 1883** slo fast at samane hadde rett til å drive i områda dei hadde nytta "*efter gammel sedvane, samt at betjene sig af land og vand saavel til deres egen og deres rens underholdning*" (paragraf 3). I tillegg kom loven med distriktsdeling og erstatningsansvar for beiteskade.

**Lappekommisjonen av 1889** kom med forslag til distriktsgrenser og erstatningsreglar. Ingen samar satt i kommisjonen som var dominert av menn med djupe røtter i bondenorge. Grensene for reinbeitedistrikta vart trekt slik at samane måtte slutte å bruke store område kor dei hadde drive med reindrift, men kor lappekommisjonen ikkje fann god nok dokumentasjon på "alders tids bruk." Problemet for samane var at dei hadde drive nomadisme utan å sette store spor etter seg i landskapet. Dessutan var tidsånden slik at samisk kultur vart sett på som mindreverdige. Slik var Lappekommisjonen si eiga vurdering: "*Distriktsinndelingen medfører derfor store fordele for de fastboende, medens lapperne stilles under kontrol og paalægges byrder.*" (Indberetning 1892, s. 42)

**Tilleggslappeloven av 1897** var enda ei innskrenking for samane, spesielt i sør. Den åpna for at kommunane (da: herred) kunne vedta totalforbod mot reindrift, - og 33 slike vedtak vart fatta i kommunar sør for Trondheim, kommunar kor det hadde vore samisk reindrift, men kor alders tids bruk ikkje kunne påvisast akkurat da fordi samane ikkje hadde organisasjonar eller talsmenn eller vitenskapsfolk som kunne skaffe nødvendig dokumentasjon. Skriftlig dokumentasjon var dessutan mangelfull, fordi samekulturen aldri hadde operert med privat eigedomsrett til land og vatn.

Erstatningsreglane skal eg ikkje gå inn på, men i pakt med resten av lovverket var det samane som måtte betale når rein åt av ubeskytta høystakkar eller fulgte sine gamle trekkvegar over jordstykke som bøndene stadig dyrka opp.

Reindriftslovane av 1933 og 1978 ga ingen kompensasjon for reinbeite tapt på 1800-tallet, og presset mot reindriften har berre auka på i takt med vegbygging, kraftutbygging, hyttefelt, skitrekk, skogsbilvegar, flatehogging av fjellnær skog, o.s.v. Spesielt stort er presset i sørsamiske områda. Her vart til og med reindriften frådømt beiterett *innanfor* grensene til lovbestemt reindriftsområde ved den såkalla Korssjøfjelldommen i 1988. No nylig har rundt 230 grunneigarar i Selbu gått til sak mot reineigarane der. På svensk side har 400 grunneigarar gått

til sak mot samebyane i nordvestre Härjedalen og reist tvil om reindrifta sitt rettsgrunnlag. Nye saker er på gang i Idre/Särna.

Formålsparagrafen i nojeldande lov om reindrift av 9. juni 1978 kan sjå fin ut:

*"Formålet med denne lov er å legge forholdene til rette for en samfunnsgagnlig utnyttning av reinbeiteressursene på en måte som gir trygge økonomiske og sosiale kår og sikrer rettighetene for den som har reindrift som yrke, og bevarer reindriften som en viktig faktor i samisk kultur..." (paragraf 1).*

Men landbrukskomitéen i Stortinget sa i 1978 at den "ved denne lovs behandling ikke har tatt standpunkt til rettsgrunnlaget for reindriften rettigheter."

Med det presset som er mot reindrifta i sørsamiske område, må det vere opplagt at reineigarane er uvisse på framtida og gjerne vil ha reindriften endra slik at dei kan vere visse på at reinbeitedistrikta ikkje skrumpar meir og meir inn. Fordi den sørsamiske kulturen er veldig sterkt knytta til reindrifta, har dette òg med Norge sine internasjonale avtalar når det gjeld urfolk og etniske minoritetar å gjere. Paragraf 110A i Grunnloven slår fast at den samiske minoriteten har krav på spesielt vern.

Lovendringa som no er foreslått og som Bondelaget har feiltolka, har følgande ordlyd:

*"De utmarkstrekninger som inngår i reinbeiteområdene, er å anse som lovlig reindriftsareal..., med mindre annet følger av særlige rettsforhold" (paragraf 2).*

Altså: Samisk reindrift skal ha beiterett innanfor dei områdegrensene den vart tvungen inn i etter 1894. Grunneigarane skal beholde eigedomsrett og bruksrettar, uansett korleis desse er erverva. I saksdokumenta er det presisert at det ikkje er tale om å etablere reindriftsrett der det ikkje frå før er slik rett.

For å oppsummere: Intensjonen med lovendringsforslaget ser ikkje ut til å gi grunnlag for å utvide reindriften område, slik Bondelaget hevdar. Formålet er å slå fast kor reinbeiterett gjeld. Da slepp samane å leve i uvisse om sine rettar. Og bøndene slepp å slite seg ut på rettssaker mot sine naboar.

Med Gunnhild Øyangen og fortsatt EU-tilpassing å kjempe imot, trur eg bøndene vil vere tjent med at Bondelaget bruker kreftene slik dei gjorde før EU-avstemninga 28. november 1994. Utan sympati og allierte er eg redd bøndene sin kamp for eit bærekraftig norsk jordbruk er tapt. Bondelaget sine utspill mot samane og reindrifta er uklok taktikk.

## **Del II**

### **Historie Kulturlandskap Kulturminne**

*"Et uendelig antall hendelser har funnet sted i fortiden.  
Bare noen få bestemte hendelser finner veien inn i historiebøkene,  
og da blir de tolket inn i et verdensbilde som svarer overens med historieskriverens."  
(Thomas Hylland Eriksen: "Kampen om fortiden." 1996)*



# ”Eit folk utan skriven historie er ingenting”

Registrering av samiske kulturminne i Gaskelaante – Færen reinbeitedistrikt.

(Del 1 av artikkelserien ”Samar – urfolk i sør” i Trønder-Avisa trykt 4. mars 1989).

- Vi sørsamar har jo ikkje hatt noko skriftspråk før dei siste par tiåra, så historia vår er ikkje skriven, men bygd på muntlig overlevering. Når våre gamle dør, forsvinne ein del med dei. Og eit folk utan skriven historie er ingenting, iallfall sett med styresmaktene og dei offisielle norske styresmaktene sine auge.

## Samiske kulturminne i Verdal, Meråker, Levanger, Stjørdal

Paul Jåma har vore med på den store registreringa av sørsamiske kulturminne dei siste tre-fire åra. Frå Vefsn i nord til Hedmark i sør er det registrert tusenvis av kulturminne. Eit stort arbeid er lagt ned under leing av konservator Sven Mjaatvedt ved Saemien Sijte i Snåsa.

- Enten vi er samar eller noko anna, så er vi norske statsborgarar som har budd her og sett spor etter oss i uminnelige tider. Kulturminna etter samane lengst i sør her er ein del av den felles kulturarven vår og må takast vare på før dei forsvinn, seier Paul Jåma med stor glød i stemmen. Og ein solid porsjon entusiasme har han nok hatt bruk for i det svære arbeidet han har vore med på. Paul Jåma er reineigar busett i Sul i Verdal, med rein i Færen reinbeitedistrikt. Den ferdige rapporten om samiske kulturminne berre frå dette eine reinbeitedistriktet er på oppimot to hundre sider. Distriktet femnar om Verdal kommune sør for Helgåa og Verdalselva, og kommunane Meråker, Levanger og Stjørdal kommune nord for mellomriksvegen.

Paul Jåma har tråla Færen distrikt på kryss og tvers. Han har spora opp, registrert, kartfesta, fotografert og skrive om i alt 141 stader knytt til sørsamane si fortid, ofte med fleire kulturminne på kvar staden. Er han da viss på at han har fått med seg alt?

- Dette er nok berre ein liten del av alle dei spora som den samiske aktiviteten har sett etter seg opp gjennom hundreåra. Så det er nok berre ein start, eit grunnlag for dei grundigare granskningane som må komme seinare, seier Paul Jåma. – Det er pengemangel som sett grenser for det vidare arbeidet. Men det hasta med å få sett i gang før ting går tapt. Vi sørsamar har jo mangla skriftspråk, så historia vår ligg lagra i dei fysiske spora som samekulturen har prega bruksområda med.

## Vanskelig å oppdage samiske buplassar

Og her er Jåma inne på vanskanane til dei som virkelig vil finne sanninga om samane si historie. Samekulturen har alltid vore basert på bruk av nedbrytbart og mest organisk materiale. Reiskapane var mye godt av bein, skinn og horn. Ei samegamme, kåte, eller *gåetjje* på sørsamisk, fell ihop etter ganske få år og blir viska ut av naturen si store hand, oppsett som ho er av reisverk av bjørk som råtnar lett, dekt med never og eit lag med torv ytterst. For eit folk som levde av naturen, var det viktig ikkje å sette spor etter seg. Kåtene *skulle* forsvinne etter ei tid.

Etter ein generasjon eller to vil eit øvd blick berre sjå ein låg rund eller oval jordvoll etter kåta. Og om ringen blir utjamna, vil eldstaden – *aernie* på sørsamisk – vere arkeologen sitt bevis på at det har vore ein samisk buplass på staden. Om det var ei flyttbar kåte frå reinnomadismen si tid, ei teltkåte, så er det berre *aernie* å finne som fysisk bevis på at plassen har vore i bruk. Ein grunnmur etter eit våningshus eller fjøs er synlig i terrenget på ein heilt annleis tydelig måte sjøl om treverket i husa er fjerna eller råtna opp.



*Inger og Paul Jåma, Sul.*

*(Foto: Åke Jünge 1989).*

No er ikkje Paul Jåma arkeolog. Men som dei tjue andre registratorane som har vore i sving, er han full av kunnskap om reindrift og om sørsamisk tenkemåte når det gjeld utnytting av terrenget i skog og fjell til buplassar, samleplassar for rein, trekkvegar, kalvingsland. Ein samleplass for rein vil vere synlig i terrenget etter fleire generasjonar ute av bruk, fordi reinflokkene gjødsla der den sprang i ring. Dermed vart vegetasjonen endra gjennom slitasje og gjødsling. Rusta med slik fagkunnskap har kulturminneregistrerings-prosjektet resultert i tusenvis av nye opplysningar om sørsamane.

- Sommaren 1986 fann eg ein samebuplass som til da hadde vore heilt ukjent, inne ved Drivsjøane i verdalsfjella, forteller Paul. – Værdalsbruket sine folk hadde gått seg på to gamle dyregraver der inne så tidlig som i 1957. Desse spora eg no opp. Berre tretti meter unna fann eg ei gammetuft som godt kan vere mange hundre år.

For å finne ut alderen trengst det kyndig arkeologisk utgraving slik at ingen spor blir ødelagt. Så kan organiske funn knytta til aktiviteten som har vore på plassen aldersbestemast etter C14-metoden. Men slikt er dyrt. Og budsjettet for det sørsamiske prosjektet er ganske trangt.

### **Folk veit mye**

Vi hører så mye om motsetningane mellom samar og bygdefolk. Paul Jåma har ikkje merka mye til det i arbeidet sitt. Tvertom skryt han av hjelpa han har fått frå bygdefolk.

- Manglande skriftlige kjelder har gjort meg heilt avhengig av det folk har fortalt meg. Utan gode informantar blant bygdefolk hadde eg vore opprådd, eg som ikkje er barnefødd her, seier Jåma. – Eg må få skryte av kor godt folk minnest. Heime i stua har dei gitt meg så god skildring og rettleiing at eg har gått meg rett på det eg leita etter uti terrenget, - kulturminne som det ellers hadde vore umulig å finne.

- Eg tolkar dette slik at muntlig overlevering både blant norske bønder og blant samar er ei sterk og verdifull kjelde til bruk i lokalhistoria. Og når dei muntlige overleveringane seier at det har vore samar og rein her til alle tider, så kan ikkje historikarane berre feie det vekk med at dei skriftlige kjeldene ikkje nemner oss samar, seier Jåma.

### **Slaggavika - Slåggån**

I Færen reinbeitedistrikt er største konsentrasjonen av gamle samiske buplassar funne i Slaggavika i sørvestenden av Skalsvatnet, på norsk side av riksgrensa som går gjennom enden av vatnet. Her er no registrert om lag tretti samiske buplassar. Paul og kona Inger har sjøl ei av gammene som står der i dag. Korfor er det så mange restar etter buplassar akkurat i Slåggån som Slaggavika blir kalt?

- Det har seg slik at dette er sommarbeiteland og ein av dei beste plassane å ha reinen på innanfor dei høge Kjølhaugane, forklarar Paul. – Akkurat her trur eg det er meir å finne både av buplassar og av andre kulturminne. Jo, i Slaggavika vil arkeologane gjere interessante funn den dagen dei har tid og pengar til å grave.

### **Levanger og Stjørdal**

Det er innanfor kommunane Verdal og Meråker sine grenser at Paul Jåma har registrert flest samiske kulturminne. Dette er områda han sjøl kjenner best etter mange års reindrift. Stjørdal og Levanger har han enno ikkje fått tid til å jobbe skikkelig med innanfor den tida prosjektet har hatt på seg. Likevel er det her òg registrert viktige funn.

I Stjørdal kommune har Paul registrert seks funnstader med fleire enkeltkulturminne på kvar staden. Ein av dei virkelig interessante er Lundhaugen sør for Almovatnet, rett austom Forbordfjellet som ein har på høgre handa når ein kjører E6 frå Stjørdalen og nordover. Lundhaugen ligg midt i flyttleia for reindrift til og frå Forbordfjellet. I rapporten skriv Jåma at Jon Leirfall var her for tjue år sidan og fann flate steinar etter eldstaden til ei gammel



samekåte. Etter hans meining skulle det ha stått ei gamme her rett etter Svartedauen, altså midt på 1300-tallet.

Om det stemmer bør arkeologane undersøke staden snarast råd. For etter rådande norsk historieskriving kom samane vandrane nordfrå og sørover forbi desse traktene først så seint som rundt 1500-1600-tallet.

- Denne innvandringsteorien eller framrykkingshypotesen har eg inga tru på, seier Paul Jåma. – Vi har nok vore her, to folk side om side, i uminnelige tider.

Når det gjeld Levanger, er reinslakteplassen på ei myr ved garden Kolberg ved Skjøtingen eit relativt ungt samisk kulturminne. Den vart nytta til vinterslaktning fram til 1920-tallet, forteller Jåma. – Det var Nils Nursfjell og Steinfjell-familien som brukte denne slakteplassen. Dei hadde reinen på vinterbeite på fjellet Skjøtingen. Dette er sjølsagt ikkje einaste samiske kulturminnet i Levanger kommune, men det einaste eg har registrert. Eg treng meir tid og hjelp til å finne dei rette informantane, seier Jåma. – Folk har sett mye rein i Levanger-fjella opp gjennom tidene. Men samar? Nei, det har dei ikkje sett og ikkje kjent til. Men det var vel ikkje villrein det som før her på 1700- og 1800-tallet og kanskje tidligare òg? Nei, samane var nok her og passa dyra sine på vinterbeite frå desember til april før kalvinga tok til. Dei hadde telt eller tok inn på åpne setrer. Kanskje fanst det òg torvkåter i Frolfjella?

At Paul Jåma har rett i dette, blir bekrefta av ein artikkel av Lars Thomasson i bind 3 av *Åarjel-saemieh* – sørsamisk årbok. Her skriv Thomasson om ei samekvinne, Lisbet Andersson, født i 1840. Ho var med og beita rein på fjellet Hårskallen dei første åra ho var gift, altså rundt 1860-åra. "*Herrskap frå Levanger*" kom ofte dit opp og kika på reinane. Av bufast folk hadde Lisbet fått vite at svenske samar "*från urgamla tider flyttat til samma trakter.*" (Thomasson 1988:15).

### Stadnamn er viktige spor

Mange norske stadnamn har ordet *finn* i seg. Det kan sjølsagt vere frå personnamnet *Finn*, men oftast er eit slikt namn spor etter samisk eksistens eller samisk bruk av ein plass. For i gamle dagar og delvis enno blir ordet *finn* brukt synonymt med "*same*", og det er slett ikkje i noko som helst slags nedsettande tyding. I Færen-distriktet finst det mange slike *finn*-namn: Finnmyra, Finnkalldalen, Finnkoihaugen, Finnlegdin, Finnåsen, Finnbekken. Dette er jo norske stadnamn, men dei er som regel knytta til samisk bruk og såleis bevis på samisk tilhold i området.

Men finst det stadnamn som inneheld *samiske* språkelement i området? Karta frå det siste hundreåret er jo laga av norske landmålarar og geografar med norsk som hovudmål.

- Samane i fjella her må jo ha brukt samiske stadnamn om fjell og andre viktige terrengdetaljar og landemerke. Overalt kor samane dreiv med rein laga dei samiske stadnamn så lenge dei sjøl snakka samisk. Men i dag snakkar vi norsk og er vant med å bruke dei norske stadnamna. Sør for Helgåa i distriktet mitt har eg spora opp berre eit einaste eitt samisk stadnamn, nemlig fjellet *Straahten* i Meråker, Liafjellet som det heiter på norsk, seier Jåma. – Så her har nok ein del av den samiske kulturarven dødd ut dersom det da ikkje finst gamle folk i live som veit noko. Både lengre nord og lengre sør er det samiske stadnamn til og med på dei norske karta, men akkurat i Færen reinbeitedistrikt er dei borte. Det kjem nok av at det har vore vanskelig å få til reindrifta i dette området. Drivarane skifta og skifta, og det vart vanskelig med kontinuiteten i den samiske namnebruken.

### Sørsamisk språkbruk

Kor bevisste er samane sjøl på at ein del av kulturarven er i ferd med å forsvinne, for eksempel når det gjeld stadnamn og ikkje minst språk? For det er vel språket som er livsnerven for den sørsamiske kulturen? Eg spør kona til Paul, Inger Jåma, om dei snakkar sørsamisk seg imellom?

- Nei, det blir dårlig med det. Da eg vaks opp, vart det alltid snakka samisk i heimen. Men no har eg ikkje snakka samisk på tretti år. Eg kan det og forstår jo alt som blir sagt i dei sørsamiske sendingane på lokalradioen. Men i dagligtalen blir det til at ein tyr til norsk, seier Inger.

- Sørsamisk er utrulig rikt på fagord når det gjeld reindrift og naturforhold, seier Paul. – Heime hos foreldra mine vart det snakka mest norsk. Morsmålsopplæringa på sameskolen i Havika ved Namsos og ved sameskolen i Hattfjelldal, var det heller dårlig med. Undervisningsspråket og hovedmålet var norsk. Dessutan fekk vi jo stadig innprenta at samisk var dårlige greier. Reindriften var berre til bekymmer og prakt. Enkelte meinte at vi samane ikkje var meir verdt enn gråhunden heime på garden. Da vart det lett til at vi ikkje såg det så viktig å berge den samiske eigenarten sjøl. Først no på 1980-tallet har dette vorte snudd om, seier Paul.

Og for hans del har det snudd til gagns. Han har lagt ned eit stort arbeid for å berge litt av den sørsamiske kulturarven som ligg lagra ute i naturen.

### **Fleire spor finst**

Det er denne delen av den sørsamiske kulturhistoria dei har mangla, alle dei norske historikarane som har prøvd seg på å skrive sørsamane si historie. Dei har vore flinke nok til å grave i norske kirkebøker og rettsdokument frå femten- seksten- og syttenhundredetallet. Men dei har lite brydd seg om dei historiske arkiva som ligg lagra under mose og lyng, jord og stein.

Samisk arkeologi er eit vanskelig fagfelt og har ikkje vore prioritert. Moderne metodar som metall-detektorar, markradar, C14-aldersbestemming – gir arkeologane heilt nye sjansar til å skaffe fram fakta slik at ei ny og sannferdig historieskriving om sørsamane kan komme i gang.

Det hastar med å gjere dette før enda meir av materialet går tilbake til naturen, blir demt ned av kraftutbyggarane eller gravd vekk av hyttefolk eller vegarbeidarar.

- Og fleire spor finst. Heilt sikkert, seier Paul Jåma, Sul, Verdal.

### **Litteratur**

- Fjellheim, Sverre, Mjaatvedt, Svein og Jåma, Paul 1987: *Sørsamiske kulturminner Færen*. Sørsamisk kulturminneregistrering. Rapport nr 1. Snåsa: Saemien Sijte.
- Thomasson, Lars 1988: Jämtlandsamerna och den tidigare "grensbetningen" i Norge. Kort översikt och några reflektioner. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr. 3, s. 7-18. Snåsa: Saemien Sijte.



## ”Sørsamisk historie må skrivast om”

Konservator Svein Mjaatvedt ved Saemien Sijte.

(Del 2 i artikkelserie trykt i *Trønder-Avisa* 10. april 1989).

- Historia til samane i sør må skrivast fullstendig om. Alle som før har skrivast sørsamisk historie, har bygd på berre skriftlege kjelder og hatt ein ”norsk” synsvinkel. Dei har ikkje hatt tilgang til det sørsamiske kulturmateriale som vi no har samla inn. Dei har følgelig skrivast på sviktande grunnlag.

Svein Mjaatvedt er etnolog og konservator ved Saemien Sijte, det sørsamiske kultursentret i Snåsa. Han har vore fagleig leiar for det store prosjektet med registrering av samiske kulturminne i dei sørsamiske områda dei siste tre-fire åra. Frå Elgå ved Femunden i sør til Saltfjellet i nord har tjue registratorar tråla reinbeitedistrikta på kryss og tvers, spora opp, kartfesta, fotografert, måla opp og skrivast ned opplysningar om gamle buplassar, mjølkegroper, beingjømmar, slakteplassar, reingjerder, gravplassar, offerstader.

- Når det gjeld minoritetsfolk og deres kulturminne, er dette prosjektet eineståande, ikkje berre i Norden, men i heile verda. Eg har berre hørt om noko liknande i Canada, seier etnolog Mjaatvedt.

Første delen av prosjektet nærmar seg no slutten. Konservator Mjaatvedt og Saemien Sijte har no magasinert eit enormt nytt materiale. Dette er første gongen at sørsamisk område har vorte systematisk og vitenskapelig undersøkt.

### Framrykkingshypotesen feil

- Alle som har skrivast historie om samar i dei sørlige sameområda før, har skrivast på sviktande grunnlag. Dei har ikkje hatt kjennskap til dette nye materialet som vi no har berga for ettertida. Framrykkingshypotesen – hypotesen om at samane vandra sørover sør for Namdalen først på femten- og sekstenhundretallet, har utelukkande vore basert på norsk skriftlig materiale frå kirkebøker og rettsvesen. Denne hypotesen har ikkje bygd på samisk arkeologisk materiale og har heller ikkje tatt hensyn til samane sine eigne muntlige overleveringar som inneheld klare påstandar om at dei alltid har vore her i sør, seier Mjaatvedt.


Han er nokså viss på at arkeologiske undersøkingar på mange av dei nyoppdaga buplassane vil bygge opp under den svenske arkeologen Inger Zachrisson sine konklusjonar etter utgravningane på Vivallen i Funäsdalen fem mil aust for Røros: Her budde samar i sør i vikingtid og opp gjennom mellomalderen. Eldste radiologiske dateringane frå Vivallen er til no frå år 860 e.Kr. pluss/minus 190 år.

- I kvart einaste registreringsområde har vi gjort funn som er så gamle at dei bør undersøkast på profesjonelt vis av fagarkeologar, kan Mjaatvedt fortelle.

### Sørsamiske særtrekk

Kva er det som gjer Mjaatvedt så viss på at framrykkingshypotesen er feil? Etersom arkeologi er tidkrevande og kostbart og berre Vivallen-funna og knapt nok dei heller vil bli anerkjent som samiske av dei superkritiske framrykkingshypotese-historikarane, kva er det da av argument Mjaatvedt kan underbygge sine påstandar med?

- Språket og kulturen er så lik i heile det sørsamiske området, og samtidig såpass forskjellig frå nordsamisk, at dei felles samiske røttene må vere mye eldre enn det framrykkingshypotesen og andre innvandringsteoriar legg opp til.



*Konservator Svein Mjaatvedt, Saemien Sijte.*

*(Foto: Åke Jünge 1989).*

Som kjent er sørsamisk og nordsamisk så forskjellig at samane ikkje forstår kvarandre. Ein del ord er felles eller liknar på kvarandre, men skilnaden er som mellom norsk og tysk, blir det ofte sagt. Innanfor det sørsamiske området finst det dessutan fleire dialektar som må ha utvikla seg over lang tid.

- Den sørsamiske drakten er heilt forskjellig frå den nordsamiske. Runebomma, den samiske tromma, har frå gammelt av ei heilt spesiell utforming i sørsamiske område. Det er ei rund treramme med skinn spent over. Den nordsamiske runebomma har skålform og er laga av rirkule. Figurane på dei to typane runebommer er heilt forskjellige. Sørsamiske soltegn er forskjellige frå dei nordsamiske.

Med dette meiner ikkje Mjaatvedt å seie at nord- og sørsamar ikkje har felles opphav. Men poenget hans er at dei har skilt lag for svært, svært lenge sidan, og at sørsamane må vere eit urfolk i Midt- og Sør-Skandinavia.

### **Spesielt reindriftsmønster**

- Når det gjeld reindrift, så er den tradisjonelle sørsamiske driftsmåten omvendt av den nordsamiske. I sør har det opp gjennom tidene alltid vore drive med sommarbeite i aust og flyttveggar til vinterbeite i vest. Granskinga vår har òg skaffa fram nytt materiale når det gjeld forholdet mellom sameslekter som dreiv med rein i samme området. Vi ser konturane av eit gammelt sørsamisk *sijte*-system på linje med det nordsamiske *siida*-systemet, med samebyar og eit eige samisk rettssystem. Slikt oppstår ikkje over natta, men må gro fram gjennom mange hundre års reindrift. Forskaren Johs. Falkenberg skriv om eit slikt system i Tydalsområdet, altså i Sør-Trøndelag (Falkenberg 1982, 1985). Professor Knut Bergsland har gjennom språkforskinga si spora opp at eit liknande system fanst i området Hotagen – Kall – Undersåker om lag år 1650, altså eit fleire hundre år gammelt *sijte*-system rett aust for Verdal, Meråker og Stjørdal midt på sekstenhundretallet, - det rimar svært dårlig med framrykkingshypotesen. (Bergsland 1985).

- Innvandringsteoretikarane er komne så feil av stad fordi dei ikkje har sett seg inn i sørsamisk materiale som for eksempel reindrift, men berre stola på skriftlig materiale. Kva er det som skulle ha vore drivkrafta bak dei samiske vandringane sørover? Det har dei ikkje påvist. Var det overbefolkning i nord som dreiv samane sørover forbi Snåsa på femten-sekstenhundretallet, så må dei jo kunne vise det med statistikk og tallmateriale. Men det kan dei ikkje.

### **Bygdesamar**

- Eit anna viktig resultat av prosjektet, forteller Mjaatvedt, er at det så mange stader fanst samiske grupper som ikkje var knytta til reindrift. Vi har fått fram fakta om bufaste bygdesamar på sytten- og attenhundretallet. Dei kunne vere fattige husmenn og strandsittarar som vart assimilert, altså tatt opp av det norske bygdesamfunnet. Det samiske forsvann i møtet med storsamfunnet, og dei blir borte i historia. Men dei fanst, og dei fanst i eit stort antall, seier Mjaatvedt.

- Spesielt tett med slike bygdesamar var det på sørsida av Snåsavatnet og over mot Henning. Ute på Fosen-halvøya går spora etter slike bygdesamar heilt tilbake til rundt 1690. Her fanst det bufaste samar både på innsida i Mosvika og på ytterida ut mot havet i Osen, Roan og Åfjord.

Som vi forstår er eit eineståande historisk materiale samla inn. Fortsatt registrering trengst, for med auka kunnskap kjem det stadig fram nye forhold. Arkeologane kan ha arbeid for mange år framover. Og historikarane må bu seg på ei revurdering av dei skriftlige kjeldene sine. Rettsapparatet må nok òg ta konsekvensane av dette nye materialet og sjå på om dømninga i gamle saker og innarbeidd rettspraksis på området beiterett og konflikt samar – bønder er brukbart som rettesnor i framtidige rettstvistar mellom reinsamar og landbruksnæring.

## Vern

Kva så med vern av kulturminne, no når tusenvis av nye slike er registrert og dermed gjort alminnelig kjent og tilgjengelig for menigmann? Er det ikkje fare for at enkelte kan finne på å ødelegge noko?

- Denne frykten er overdriven, seier Mjaatvedt. – Folk på tur i fjellet og på avsides plassar ødelegg ikkje bevisst gamle kulturminne. Men tilfeldig ødelegging på grunn av manglande kunnskap er meir sannsynlig. Auka kunnskap om dei sørsamiske kulturminna er derfor ein del av vernarbeidet. Gravplassar og offerplassar blir ikkje kunngjort, så eventuelle profesjonelle suvenirjegerar får lite å hente med seg, meiner Mjaatvedt.

## Litteratur

- Bergsland, Knut 1985: Sørsamiske arvefjell på 1700-tallet. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 2, s. 55-78. Snåsa: Saemien Sijte.
- Falkenberg, Johs. 1982: Samiske bruksområder og stedsnavn i Røros-traktene. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 1, s. 66-79. Snåsa: Saemien Sijte.
- Falkenberg, Johs. 1985: Fra nomadisme til fast bosetning blant samene i Røros-traktene (1890-årene – 1940-årene). I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 2, s. 7-28. Snåsa: Saemien Sijte.

# Gråsone mellom samar og bufaste

## Samiske graver og buplassar frå år 1000 på Vivallen.

(Del 3 av artikkelserien "Samane – urfolk i sør" i *Trønder-Avisa*, trykt 11. april 1989).

Heile Nord-Trøndelag er ein del av den historiske møtearenaen mellom samar og nordmenn, gråsonen mellom fjellfolk og bufaste. Derfor er det viktig for alle som har vokse opp i dette området å følge med i det spennande som no kjem for dagen når det gjeld fortida til samane her i sør.

Inne på Vivallen fem mil aust for Røros har arkeologen Inger Zachrisson og medarbeidarane hennes i det sørsamiske prosjektet gravd fram samiske spor som kanskje er tusen år gamle, kanskje meir. I Sverige har resultatane hennes vekt oppsikt. Her i Norge er dei knapt nemnt i ein avisnotis fram til i dag, april 1989.

Kan det vere slik at samestoff og samesaker ikkje er godt avisstoff anna enn når det dukkar opp brennheite konfliktsaker slik som i Alta-striden? Kan det vere litt slik at vi ikkje liker å bli minna om at samane har urgamle tradisjonar i Norge og Sverige langt sør for våre dagers Finnmark og det som dei fleste assosierer med Sameland langt nord i Nord-Norge og Nord-Sverige, Finland og Kola-halvøya?

### Gråsone

Det store spørsmålet som Inger Zachrisson og medarbeidarane hennes arbeider med å finne svar på, er: *Fanst det samar i Hedmark og Härjedalsområda i vikingtida og opp gjennom middelalderen?* Dei siste hundre års norske historieskriving har svara nei. Zachrisson & co er på sporet av eit ja.


Når møttest dei to urfolka på den skandinaviske halvøya? Har nordfolket, altså samane, og sørfolket eller germanarane, nordmennene, bondefolket møttest og levd side om side i vekselvis fredelig sameksistens og strid i ei gråsone så langt sør som Hedmark i Norge og Dalarna i Sverige? Kor langt sørover har det samiske området strekt seg i vikingtid og forhistorisk tid? Desse svære spørsmåla har sjølsagt stor historisk akademisk interesse, for vitenskapen bør alltid vere på jakt etter sanninga. Men dette er òg spørsmål som gjeld sørsamane sine rettar og den vidare kampen som den sørsamiske minoriteten i dag fører for å overleve som eit folk med sin kultur og sitt språk.

### Einsidig til no

Sørsamisk kultur heng så tett ihop med reindrift at denne folkegruppa vil bukke under og forsvinne dersom reindriften i sørsamiske område får nådestøtet. Vegutbygging, kraftutbygging, hyttefelt, slalomtrekk, snøskutertrafikk – kvar for seg småtteri og ganske uskyldige greier. I sum blir dei likevel til ei veldig innsnevring av områda som er egne for reindrift. I Trollheimen måtte det ei særlov til for å sikre samane der fortsatt drift, etter at Høgsterett dømte mot samane i 1981. (Trollheimenloven av 1984). Seinast i desember 1988 gjekk ei avgjerd i Namdal herredsrett imot Vestre Namdal Reinbeitedistrikt.

Dei mange dommane i slike saker er bygd på norsk rettsopfatning og norsk historieskriving. Historieskrivinga er basert på norske skrivne kjelder, som jordebøker, rettsprotokollar og kirkebøker. Men samane sin bruksrett til landområda har aldri vore papirfesta som eigedomsrett. Og den norske øvrigheita sin kamp mot tradisjonell samisk religion heldt fram lenge etter at manntallsføringa via kirkebøker vart vanlig i andre halvdel av sekstenhundretallet. Mange samar kom ikkje i kirkebøkene fordi dei ikkje oppsøkte kirkene så jamt og fordi dei flytta meir enn dei bufaste nordmennene.





Område for det sørsamiske prosjektet i Härjedalen og Hedmark. (Åarjel-saemieh årbok nr 2 s. 43)

Eit veidefolk og etter kvart eit folk som utvikla reinnomadisme, som levde i pakt med naturen og som attpåtil aldri har hatt ein skrifttradisjon bygd på eige samisk språk, har ikkje rare sjansen til å bli ”oppdaga” av dei norske akademiske historikarane. Dei skrivne kjeldene er mangelfulle, upålitelige og ubrukelige når det gjeld å få fram alle fakta og eit helskaplig bilde av samisk historie.

Men spora etter den samiske eksistensen finst, ikkje så mye på pergament og gulna papir, ikkje i rullar og arkiv, men ute i naturen. Oppspora av eit øvd blikk, granska og tolka rett, er dei arkeologiske kjeldene eit utømmelig arkiv over fortida.

Inger Zachrisson ved Statens Historiska Museum i Stockholm er ein av arkeologane som har vore med på det sørsamiske prosjektet sidan 1984. Kvart år kjem nye oppdagingar som gjer at historia i gråsonen mellom samar og nordmenn/svenskar må skrivast på nytt. Det er spennande for oss som har budd all vår tid i denne gråsonen, å følge med i *Åarjel-saemieh – Samer i sør*, den sørsamiske årboka frå Saemien Sijte, kor Zachrisson stadig publiserer sine forskingsresultat i popularisert form. (Zachrisson 1985, 1988).



*Arkeolog Inger Zachrisson, Statens Historiska Muséum, Stockholm.*

### Vivallen – eit definitivt gjennombrot


Arkeologi er ingen enkel sak, aller minst når det gjeld etnisiteten til dei ein grev ut restane etter. Samisk materiell kultur var i eldre tider basert på bruk av nedbrytbart organisk materiale: Reiskapar laga av bein, horn og skinn, bustader av treverk, bjørkenever og torv. Ei samegamme blir viska vekk av naturens eigen råtningsprosessar etter få år ute av bruk, oppsett som den er av reisverk av bjørk som er veldig lett nedbrytbar. Kåta var oppsett for å skulle forsvinne. Etter ei torvgamme kan det vere ein nedgrodd ring som nesten ikkje er merkbar. Etter ei teltkåte er det ingenting att av veggmaterialet, - her vart jo alt flytta vekk. Men eldstaden i kåta blir da arkeologane sitt beste haldepunkt. Ofte tok samane med seg steinane frå eldstaden når dei sette opp ei ny kåte. Da er det berre den brente, fargeendra jorda under eldstaden som kan vise arkeologen og ettertida at det har stått ei kåte der. Eventuelt vil det vere gjenstandar å finne, eller beinrestar. Men gammelsamane var nøye med å hive beinrestane inn på elden eller samle beina sammen og gjømmе dei i ei beingjømmе nær buplassen. Med reinnomadisme som livsform var dessutan buplassane berre i bruk delar av året og ofte berre i få år, kanskje tiår.

Trass i desse vanskanе har Inger Zachrisson og sørsameprosjektet no hatt eit gjennombrot med utgravingane på Vivallen.

### Rundt år 1000

Så langt sør som fem mil aust for Røros ligg Vivallen, på svensk side av dagens riksgrense, i Funäsdalen, nordvest i Härjedalen – ein gong var dette norsk skattland. Her har Inger Zachrisson leia nye arkeologiske undersøkingar av ein gammel buplass og eit gravfelt, som ho trur er samisk. Dei organiske restane etter menneskelig aktivitet her, slikt som kolbitar og bein frå mat, er aldersbestemt etter C14-metoden, såkalt radiologisk datering. Resultat som år 1020 pluss/minus 140 e.Kr., 860 +/- 190, 1035 +/-100, peikar klart mot busetting rundt årtusenskiftet, altså i vikingtida.

Kva er det så som får Zachrisson til å hevde at Vivallen-busettinga var samisk? Ho veit godt at etablerte norske historikarar som Kjell Haarstad (1981) og Jørn Sandnes (1973, 1974) ved Universitetet i Trondheim vil like dårlig å få flytta tid og stad for samisk busetting sørover og fem-seks-sju hundreår før det dei sjøl har påstått i mange år. Arkeolog Zachrisson må gå grundig til verks.



Gravfeltet på Vivallen skissert av arkeolog Gustav Hallström i 1913. Våningshuset er det einaste som står der i dag. Det er påbygd mot nord.

Tjue gamle graver er gravne ut på Vivallen dette hundreåret, dei fleste av den kjente svenske arkeologen Gustav Hallström så tidlig som i 1913. Både restar av bjørknever rundt lika og gravgavene dei døde fekk med seg, tydar på samisk gravskikk, kjent frå uomtvista samtidige samiske graver lenger nord. Eit dusin pilspissar av jern har ei form som er rekna som samisk. To ringspenner av bronse er av ein type som berre er funne i samiske graver i Nord-Norge, ikkje i bondenorske eller svenske graver, sjøl om sjølve spennene har opphavet sitt lenger aust, trulig i Finland.

### Samebuplass

Eit stykke unna sjølve gravfeltet er avdekt ein buplass frå samme tidsperiode som gravene. Eldstaden etter kåta har vore i bruk over lang tid og har steinar lagt ihop på ein måte som er karakteristisk for samiske eldstader. Kolrestar frå denne *aernie* er C14-datert til år 670-1050 e.Kr. Radiologisk datering av reinbein frå eldstaden og ein avfallshaug rett attmed gir det samme resultatet.

I avfallshaugen er òg funne bein av geit og sau, husdyr altså. Hadde samane på Vivallen husdyr? Ja, meiner Zachrisson og viser til tilsvarande samiske funn lenger nord frå 1000-1200-tallet, ved Vestvatn i Misvær i Nordland.

På tennene frå kvinneskjeletta i Vivallen-gravene er det hakk og slitasjemerke som berre kan skrive seg frå arbeid med senetråd eller tinntråd. Begge delar er indisjar på samisk kultur. Av dei seksten eller sytten skjeletta i heile Vivallen-gravfeltet, som det går an å bestemme, er det ni eller ti vaksne, sju barn. Dette har vore mulig å finne ut ved osteologisk undersøking av knoklane. Av dei vaksne er det mulig å slå fast at tre var kvinner, to var menn, resten er umulig å kjønnsbestemme. Gravene har samme utforming, uansett alder og kjønn. Slik var ikkje nordisk gravskikk i vikingtidas bygder i dette området.

Alt dette er grunnlaget for at arkeolog Inger Zachrisson er klar i sin konklusjon: Det budde samar på Vivallen i vikingtida, altså i tidlig middelalder!

Vivallen er berre eitt av fleire interessante område innanfor det sørsamiske prosjektet. I artiklane sine i den sørsamiske årboka avslører Zachrisson òg andre funn gjort sørom Vivallen, i området mellom Trysilelva og svenskegrensa. Her er gjort funn av alterringar, ringforma murar med midtpåle av stein, som har klare parallellar til samiske hellige plassar i Troms og Finnmark. Dette området i Trysil ligg så høgt over havet at dyrkamark ikkje finst og fast nordisk busetting ikkje er kjent før i nyare tid.

I artikkelen sin i *Åarjel-saemieh – Samer i sør* for 1988 skriv Zachrisson følgande tankevekkande avsnitt:

*”När så mycket, av en slump och vid begränsade undersökningar, uppdagats i en liten dalgång i skogslandet vid fjällets fot – vad kan då inte finnas på andra håll?. Arkeologien tycks kunna ge oanade möjligheter till en bättre kunskap om forna tider.”*  
(Zachrisson 1988:95).

Så spørst det om dei etablerte norske historikarane vil ta hensyn til arkeologien sine mange samiske nyvinningar og om norsk rettsvesen vil gi urinnbyggerane dei rettane dei har krav på.

### Litteratur

Haarstad, Kjell 1981: *Samiske vandringar i Sør-Norge*. Trondheim: Tapir.

Sandnes, Jørn 1973: Om samenes utbredelse mot sør i eldre tid. I: *Historisk Tidsskrift* hefte 52, s. 113-117. Oslo: Universitetsforlaget.

- Sandnes, Jørn 1974: Sørsamenes eldre historie igjen. Replikk til Knut Bergsland. I: *Historisk Tidsskrift* nr 4 1974, s. 415-421. Oslo: Universitetsforlaget.
- Trollheimenloven av 1984: *Lov om reindrift i kommunene Meldal, Midtre Gauldal, Oppdal, Rennebu, Rindal, Sunndal og Surnadal*. 21. des. Nr. 101.
- Zachrisson, Inger 1985: Forntida sørsamer. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 2, s.42-49. Snåsa: Saemien Sijte.
- Zachrisson, Inger 1988: Vad jorden gömmer. Undersökningarna på Vivalen 1986-87. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 3, s. 87-95. Snåsa: Saemien Sijte.

# Samebuplass på Vivalen år 800 til 1200

## Intervju med arkeolog Inger Zachrisson.

(Trykt i Klassekampen 30. januar 1990).

- Det er ikkje tvil lenger. Dei 20 gamle gravene og buplassane på Vivalen er samiske. Dei eldste organiske funna er C14-datert til år 800 e. Kr.

Arkeolog Inger Zachrisson frå Statens Historiska Museum i Stockholm er no hundre prosent sikker i si sak etter fem års graving og forskning på Vivalen i Funäsdalen i nordvestlige Härjedalen fem mil aust for Røros. Rådande norsk historieskriving dei siste hundre åra har bygd på professor Yngvar Nielsen sin "framrykkingshypotese" som går ut på at samane har komme vandrane sørover forbi Snåsa-traktene på 1500-tallet og kom til Røros-området midt på 1700-tallet. (Nielsen 1891). Framstående historikarar ved Universitetet i Trondheim har hevda dette meir eller mindre hardnakka heilt fram til i dag. Historikaren Kjell Haarstad skreiv til og med ei heil bok om dette så seint som i 1981: "Samiske vandringer i Sør-Norge". (Og i 1992 kom han med ei ny bok: "Sørsamisk historie – ekspansjon og konflikter i Rørostraktene 1630-1900".)

Haarstad si bok vekte stor debatt i Adresseavisen. Han fekk veldokumenterte motinnlegg både frå samiske og ikkje-samiske vitenskapsfolk. Men Haarstad sto fast på sitt. Inger Zachrisson sine analysar av samiske funn både på Vivalen og andre stader i sørlige sameområde er no publisert både i svenske, italienske og engelske tidsskrift. Hennes funn og nye analysar stiller samane si historie som urfolk langt sørover i Skandinavia i eit heilt nytt lys.

### Sterke kjensler

Zachrisson er ein nøyaktig og grundig arkeolog, som ikkje trekker konklusjonane sine før resultat er sjekka og dobbeltsjekka. Eg hadde den gleder å møte henne under det sørsamiske kulturtreffet no i januar 1990.

- *Korfor har dei norske historikarane halde så hardt på "framrykkingshypotesen" om at samane er ferske innvandrare i dei sørligaste sameområda?*

- Eg finn ikkje anna forklaring enn at dette med samar så langt sør bringer inn så sterke kjensler. Gamle funn av samiske gjenstandar langt sør har dei jo kjent til, for eksempel samiske pilspissar og runebohemhammaren frå Øvre Rendal. Men desse har vorte karakterisert som lausfunn. "Historieskolan" i Trondheim har ikkje vore åpen for å sjå ting i nytt lys og stille spørsmålsteget ved tidlegare syn som for eksempel framrykkingshypotesen.

- *Men kan ikkje Vivalen-funna også vere berre lausfunn?*

- Nei. Dei døde i dei 20 gravene er C14-datert til eit langt tidsrom, år 800 til 1200 om lag. Det finst skjelett av både ungar og vaksne, kvinner og menn. Gravplassen må altså ha vore i bruk over lang tid.

### Etniske særmerke

- *Men korleis veit du at dei var samar?*

- Mange ting: Lika har vore sveipt i bjørkenever heilt rundt. Dette er tidlegare berre kjent frå samiske graver lenger nord. Hjørnetennene til eit par av kvinnene hadde slitasjemerke etter stramming av senetråd eller tintråd på samisk vis. Ringspenner og

pilspissar er av ein type kjent frå tidligare samiske funn. På kåteplassen bortanfor gravfeltet er eldstaden av samisk type.

No har Inger Zachrisson og medarbeidarane hennes i det sørsamiske prosjektet vida ut undersøkingsområdet enda lengre sørover og gått enda lenger attover i tid. Ein viktig del av jobben er å gå gjennom tidligare funn i musea sine magasin og sjå alt i nytt lys, vere åpne for at tidligare tiders tolking kan ha vore feil. Ho meiner å ha godt grunnlag for hypotesen om at Krankmortenhögen ved Storsjön i Härjedalen har vore den samiske hovedgravplassen i området så langt attover som år 0.

Lenger sør, i Dalarna, har ho òg spora opp over tusen år gamle gjenstandar som utan tvil ber samiske kjennetegn, funne i graver som ikkje er eintydig samiske.

- Men kan det ikkje tenkast at samane her i sør i desse fjerne tidene "lånte" gravskikkar av nabokulturar like gjerne som at dei samiske gjenstandane her er byttegjenstandar frå samar? spør Inger Zachrisson.

Og vidare:

- Dei eldgamle fangstgropsystema kan godt vere samiske alle ihop. I Sverige finst desse heilt sør til Småland, men ikkje lenger sør i det heile tatt. Korfor var det forskjellige fangstmetodar sør og nord for Småland om det ikkje var to forskjellige folk og kulturar? Og er det ikkje rart at dei fleire hundre arkeologiske funna av ski er i fangstgropområda?

Dette er spørsmål som Inger Zachrisson arbeider med å finne svar på. Og ho er òg åpen for teorien om at samar og bufolk har utveksla kulturtrekk, blanda seg både sosialt og genetisk og bytta språkelement, og at denne assimilasjonsprosessen har vore gjensidig veldig langt attover i historia.

### **Framtida**

Arkeologi, graving i ei fjern fortid – kva kan Inger Zachrisson og kollegaene hennes sitt arbeid få å seie for framtida? Ho er ein av dei arkeologisk sakkynndige som har levert materiale til det norske Samerettsutvalget, så det må ta stilling til kva nyskrivinga av den samiske historia får å seie for samiske rettar til land og vatn.

Dette er spørsmål som samar både på norsk og svensk side av grensa er glødande opptatt av. Svenskane har òg sitt samerettsutvalg, som arbeider med dei same sakene som det norske, litt mindre grundig riktignok. I Sverige er presset mot den samiske reindriftsnæringa minst like hardt som i Norge. Ein stygg episode frå sist sommar viser kor tilspissa situasjonen er: 178 rein frå Storuman og Norra Vilhelmina samebyar i Sverige, rett aust for Nord-Trøndelag og Helgeland, vart massakrert 12. og 13. august. Lensstyret i Västerbotten hadde gitt bonde- og jaktaktivistar lov til å iverksette såkalt tvangsslakt. Men slakting tar sikte på å skaffe menneskemat og må utførast av kyndige folk. Det som skjedde i august 1989 var ein massakre: Berre eit einaste av dyra vart godkjent som menneskemat. Resten var skamskotne! I desse områda er det støtt og stadig konflikhtar fordi bønder ser rein trø på privateigedommen sin.

Med dei veldokumenterte resultatane frå Vivalden er samisk bruk av det som er dagens grenseområde mellom Norge og Sverige bevist i eit område lengre sør og på eit tidspunkt mye tidligare enn tilhengarane av "framrykkingshypotesen" trudde var mulig. Norsk reindriftslovgiving frå 1890-åra fram til i dag har vore prega av Yngvar Nielsen sin hypotese som vart lagt til grunn for rettspraksisen på dette området.

Nora Bransfjell, fungerande rektor ved Åarjelsaemieh Skuvle i Snåsa, er no optimist og seier det slik: - No må vi snu opp-ned på ein del forestillingar. No veit vi at samane har opparbeidd seg rettar til land og vatn her langt sør i sine område, spesielt i fjella. Korfor har andre komme hit og *fått* rettar, mens samane har mista sine? Og er det mulig å gjere godt att ein del av uretten som er begått mot samane?

## Litteratur

- Haarstad, Kjell 1981: *Samiske vandringer i sør*. Trondheim: Tapir.
- Haarstad, Kjell 1992: *Sørsamisk historie. Ekspansjon og konflikter i Røros-traktene 1630-1900*. Trondheim: Tapir.
- Nielsen, Yngvar 1891: Lappernes fremrykning mot syd i Trondhjems Stift og Hedemarkens Amt. I: *Det Norske Geografiske Selskabs Årbog 1889-90*, s. 18-52. Kristiania.
- Zachrisson, Inger 1985: Forntida sörsamer. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 2, s. 42-49. Snåsa: Saemien Sijte.
- Zachrisson, Inger 1988: Vad jorden gömmer. Undersökningarna på Vivalen 1986-87. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 3, s. 87-95. Snåsa: Saemien Sijte





# Det samiske kulturlandskapet i tid og rom

Rapport frå eit seminar ved Geografisk Institutt ved Universitetet i Trondheim (NTNU).

(Trykt i tidsskriftet *Geografene i Nidaros* nr 3 - 1995).

Konservator Sverre Fjellheim frå Samisk kulturminneråd (Saemien Mojhtsh-Vaarjelimmie) med base på Saemien Sijte, Snåsa, var på 1980-tallet leiar av kulturminneregistreringsarbeidet i heile det sørsamiske området på norsk side av riksgrensa, heilt sør til Elgå i Hedmark (Fjellheim m.fl. 1987). I det daglige arbeidet med samiske kulturminne som stadig står i fare for å bli valsa ned av utbyggingar av ymse slag, har Fjellheim stått for viktig pionerarbeid no på 1990-tallet. Geografisk Institutt ved kulturlandskapsgruppa og professor Michael Jones kunne knapt funne ein seminarinnleiar med bedre utgangspunkt for å nærme seg kulturlandskapet sett frå ein sørsamisk ståstad.

Tema for seminaret var *samisk landskapsforståing*.

## Det samiske kulturlandskapet

Også konservator Fjellheim har studert geografien og spesielt geografiprofessor Michael Jones sine mange arbeid for å fylle begrepet kulturlandskap med fornuftig innhold. Fjellheim, som representant for ein etnisk minoritet som har vore under press frå ein majoritet i mange hundreår, la spesielt vekt på Michael Jones sin analyse av dei subjektive elementa i kulturlandskapsbegrepet: dei elementa som betyr noko for ei gruppe menneske i ein bestemt kulturell eller sosio-økonomisk sammenheng. Innholdet i begrepet er altså til ein viss grad avhengig av auget som ser, og element i landskapet blir tillagt vekt avhengig av observatøren sine økonomiske interesser (jamfør bøndene sin store interesse for kulturlandskap = jordbrukslandskap, etter at det kom stønadsordningar for landskapspleie), sosiale klasse eller *etnisk tilhørigheit*. Dette siste var viktigast i Fjellheim sin sammenheng.

Samisk kulturminnevern, ein ny institusjon frå 1989, - frå 1994 med nytt namn Samisk kulturminneråd, - har jobba mye med spørsmåla:

- \* Kva for element må vere til stades for å dokumentere at eit kulturlandskap er samisk?
- \* Korleis kan eit samisk kulturlandskap avgrensast?
- \* Korleis kan eit samisk kulturlandskap forvaltast for å ta vare på kulturminne ein ønsker å verne om?

Dette har ein stridd med i fem år utan å ha ein skikkelig definisjon av samisk kulturlandskap. På seminaret kunne Fjellheim legge fram *sin* definisjon:

*"Det samiske kulturlandskapet skapes i en dynamisk prosess mellom mennesket (det rasjonelle og irrasjonelle), tida (epokar, årstider, døgnrytme) og rommet (territoriet med landskap og summen av naturgitte forutsetningar)."*

## Tidsepokane

Å identifisere samiske kulturlandskap krev kunnskap om samisk kultur og den historiske utviklinga i det samiske samfunnet. I sørsamiske område er det mulig å skjelne mellom tre viktige tidsepokar som kvar på sin måte har påverka relasjonen samar - landskap opp gjennom hundreåra:

Epoke	Omtrentlig tidsrom
Fangstsamfunnet (veidesamfunnet)	Før ca 1500/1600
Reinnomadismen	Frå ca 1500/1600 til ca 1900, men enkelte distrikt hadde intensiv reindrift fram til 1960-tallet
Ekstensiv reindrift	1900-tallet

I tillegg kom den religiøse endringsprosessen med massiv kristning av samane på 16-1700-tallet, da samane sin bruk av offerplassar og landskapselement i religiøs sammenheng vart forbudt og måtte foregå hemmelig. Praktisering av gamle religiøse skikkar skal ha forekomme heilt opp imot 1900-tallet (Manker 1957).

Fjellheim nemnte arkeologen Inger Zachrisson si tolking av funna på Vivallen i Funäsdalen 5 mil aust for Røros som samiske (Zachrisson 1988). Datering til vikingtid og tidlig middelalder gir oss her dei eldste spora av samar i dette området, om tolkinga er riktig, sa han.

### Reinnomadismen sine spor

Reinnomadismen sette spor etter seg i landskapet, spor som er vanskelige å påvise om ein ikkje kjenner sørsamisk kultur- og næringshistorie godt. Fjellheim nemnte spesielt dei runde eller ovale gammetuftene med eldstader, jordkjellarar for oppbevaring av reinmjølkaggar (boernh), gravplassar ute i terrenget frå førkristen tid, offerplassar/hellige plassar, samleplassar for rein, flytte- og trekkvegar, kvileplassar for rein (for eksempel for å unngå insektplagen sommarstid).

Eit viktig poeng for Fjellheim var at slike fysiske landskapselement likevel ikkje er nok for å gi eit fullstendig bilde av det samiske kulturlandskapet. Sørsamiske reinnomadar levde tett innpå naturen og valgte buplassar og basisområde når ein del naturgitte vilkår var oppfylt. Kulturspora og naturvilkåra utgjør ein heilskap, eit *kulturmiljø*. Han eksemplifiserte dette med ein serie lysbilde frå *Mahkalahke* på grensa mellom Røros og Tydal kommune, ein halv kilometer nordvest for innsjøen Langen. Her hadde Fjellheim registrert gammetufter, mjølkelagergroper, trøplassar på dei tørre, fine morenebakkane, kor det var ideelle forhold for reinen om sommaren i mjølkesesongen frå juni til september og lett for samane å grave ned overskottsmjølka. I tillegg vart området tidlig snøfritt om våren slik at mjølkekaggene ville vere lette å finne når samane kom forbi på vårvinteren året etter - på tur til kalvingslandet.

Ein sørsamisk sijte kunne ha fleire slike basisområde i årssyklusen sin. Hovedbasane hadde klart avgrensa funksjonar i forhold til kvarandre og i forhold til det øvrige landskapet (Åhrén 1988). Alle elementa i det sørsamiske rommet vart ordna ut frå ein sum av naturgitte vilkår, som samane hadde lært å utnytte gjennom si spesielle næringstilpassing.

Området vart ikkje berre brukt til reinbeite. Menneska hadde òg behov for råmateriale til pulkar, ski, redskapar, reingjerder, osteformer, barking av skinn, sennegress for å ha i sko, osv. Fangst, fiske, bærplukking var viktige attåttnæringar. Samane fann òg plass for sine døde ute i landskapet. Fram til på 1700-tallet, kanskje også seinare, hadde samane enkelte hellige arvefjell, *saaive*, som hadde ein heilt spesiell funksjon innanfor det samiske rommet. Der budde hjelpeåndene, visstnok etter avdøde forfedrar, og slike *saaive* gjekk i arv og vart kalt arvefjell.

Gammelsamen Djesse, som trulig levde på 16- eller 1700-tallet, hadde 13 slike *saaive*, spreidde over ein avstand på 200 kilometer.

Alt dette, pluss at dagens sørsamar berre er første til tredje generasjons etterkommarar etter nomadiserande samar, meinte Fjellheim kunne forklare den sterke områdetilhørigheita som veldig mange sørsamar er opptatt av og som gjer at dei er knytta til ein del av det sørsamiske rommet og til det samiske kulturlandskapet på ein spesiell og sterk måte.

### **Steinrøysa som element i kulturlandskapet**

Eit artig eksempel hadde Fjellheim henta frå dagens ekstensive reindrift, frå lulesamisk område (Kalstad 1994): Her var samane i eit reinbeitedistrikt plaga av at svenskrein kom inn i flokken på norsk side. I mangel av skillegjerde kunne lulesamane da utnytte ei steinur i landskapet til å skille flokkane. Metoden var å drive den samla reinflokken i full fart oppover den steinete fjellsida. Den norske reinen som var vant med slikt terreng, ville ikkje ha vanskar med å ta seg opp, mens den svenske reinen, vant med slakt skogsterreng, ville stoppe opp og nøle ved inngangen til ura. Om ein da var rask, kunne ein avskjære dei to flokkane og skillinga var gjort.

Dette meinte Fjellheim kan vere eit eksempel på at til og med ei steinur blir eit element i den samiske reindriftskvardagen, - eit glimrande eksempel på den dynamiske prosessen mellom mennesket, tida og rommet. Han ville ikkje nøle med å kalle steinura for eit element i det samiske kulturlandskapet, sjøl om det ikkje finst eit einaste menneskeskapt kulturminne i den bratte ura. For det kulturelle elementet er representert ved at vi har fått vite at mennesket har definert og organisert landskapet inn i en funksjon som er relatert til mennesket. Tidsaspektet er representert ved tidsepoken ekstensiv reindriftsperiode og årstid. Steinura er eit kulturminne fordi den er organisert inn i ein kontekst som er kulturelt betinga.

### **Samisk kulturminneråd sine oppgavar**

Fjellheim var opptatt av Samisk kulturminneråd sin doble rolle. På den eine sida å hjelpe dagens oppvoksende samar til å lese og tolke forfedrane sitt landskap. Slik kan ein ta vare på samiske tradisjonar og vedlikeholde noko av det nære forholdet mellom individ og landskap. På den andre sida må forvaltningsorganet formidle kunnskap om det samiske kulturlandskapet til storsamfunnet.

Etter desse interessante innspela for fordjuping av kulturlandskapsbegrepet, måtte Fjellheim innrømme at det samiske kulturlandskapet vil vere problematisk som arealkategori i forvaltningssammenheng. Det problematiske består i at det er

\* **vanskelig å kategorisere**

Landskapet er eitt og udelelig med blanda arealkategoriar, fleire lag oppå kvarandre og innvevd i kvarandre.

\* **vanskelig å strukturere**

For eksempel kan religiøse eller irrasjonelle strukturar vere umulig å rekonstruere fordi det har vore så mye tabu rundt den førkristne samiske religionen. Manglande kontinuitet i ein nomadiserande og skriftlaus kultur har gjort det umulig å strukturere det samiske kulturlandskapet berre få tiår etter at bruken av rommet er lagt om.

\* **dynamisk**

Ut frå Fjellheim sin definisjon har begrepet samisk kulturlandskap berre meining i eit samspel mellom menneska, tida og rommet, faktorar som er i stadig endring.

\* **moteprega begrep**

Kulturlandskapsbegrepet er utsett for motesvingningar og blir brukt og misbrukt. Ein forflatande trend i norsk kulturlandskapsforvaltning på kommunalt nivå på 1990-tallet er at begrepet ofte i praksis betyr "jordbrukets kulturlandskap" (Siste setning: referenten sitt subjektive hjertesukk).

## Litteratur

- Devik, Bjørn Arnfinn 1980: *Sameskolen i Havika 1910-51*. Et tidskifte i sørsamenes kulturreising. Tromsø: Tromsø Museums skrifter XVI.
- Fjellheim, Sverre 1991: *Kulturell kompetanse og områdetilhørighet*. Metoder, prinsipper og prosesser i samisk kulturminnevernarbeid. Snåsa: Saemien Sijte.
- Fjellheim, Sverre, Jåma, Paul og Mjaatvedt, Svein 1987: *Sørsamisk kulturminneregistrering - rapport nr. 1*. Færen. Snåsa: Saemien Sijte.
- Kalstad, Johan Albert 1994: Litt samisk kulturhistorie rundt to gamle fotografi. I: *Festskrift til Ørnulv Vorren*. Tromsø Museums skrifter XXV, s. 168-177.
- Manker, Ernst 1957: *Lapparnas heliga ställen*. Acta Lapponica XIII.
- Zachrisson, Inger 1988: Vad jorden gömmer. Undersökningarna på Vivallen 1986-87. I: *Åarjel-saemieh - Samer i sør*. Årbok nr. 3, s. 87-95. Snåsa: Saemien Sijte.
- Åhrén, Ingvar 1988: Det samiska rummet. I: *Åarjel-saemieh - Samer i sør*. Årbok nr. 3, s. 117-122. Snåsa: Saemien Sijte.

# Fragment av samane si historie i Verdal før år 1700

(Trykt i Verdal Historielags Årbok 1998).

I mange år har eg samla stoff om samane i Verdal og andre stader i Nord- og Sør-Trøndelag, Jämtland og Härjedalen. Paul Jåma har hatt eit par artiklar i Verdal Historielag sine årbøker siste tiåret (Jåma 1988, 1990, 1992) og har stått for innsamlinga av dei samiske kulturminnene i Færen reinbeitedistrikt (Jåma 1987). Men han har ikkje gått så grundig inn på dei eldste historiske dokumenta som knyt samane til verdalsfjella. Derfor vil eg legge fram litt av det eg har funne ut.

Alle som har lese gamle dokument i gotisk handskrift, veit at dette ikkje er enkelt. Dei dokumenta eg legg fram nedanfor er attgitt etter forskarar som har god trening i slik lesing, og eg gir det att utan retting av opplagte skrivefeil, ord for ord og bokstav for bokstav. Det danskprega embetsmannsspråket på 1600-tallet, med altfor mange bokstavar i forhold til skriftspråket i dag, er ikkje enkelt å forstå. I staden for å modernisere språkdrakten og oversette dokumenta, har eg valgt å gi dei att nøyaktig, men med forklarande oversetting av nøkkelord i [-]-parentes innfletta i teksten.

Det er dessutan nødvendig å minne lesaren på at sørsamane ikkje har hatt sitt eige skriftspråk før i våre dagar. Først frå 1970-tallet og utover har professor Knut Bergsland og rektor Ella Holm Bull laga ordlister, grammatikk og lærebøker i sørsamisk. Alt som er skrive om sørsamane før vår tid, er skrive på ikkje-samisk av ikkje-samar og gir oss da berre utanfrå-observasjonar og fragmentariske glimt av eit folk og ein kultur som har sett svært få prangande spor og minnesmerke etter seg i områda dei har halde til.


## Det eldste dokumentet frå 1628/29: Tjuveri frå samar i Ferstraktene?

Det eldste administrative dokumentet eg til no har funne som kan fortelle om samar i verdalsfjella, står i lensrekneskapen for Stjørdal fogderi 1628/29:

*"Affsonnett [bøtlagt, avsonet] Siguord Meragger, Oluff ibm., Jøsse brende, Lasse nøsta, Joenn Moenn, Erich ibm., Och Joen Maller, for nogenn fettalj [talg] di thog i fjellit fra nogenn finder, Gaff aff yderste formue - Pendinge xxxix [39] dlr."* (Lensregnskap 1628/29, Stjørdal fogderi, det uvisse. Sitert etter Haarstad 1992:113).

Dette handlar altså om tjuveri av fettalg frå samar i fjellet. Av dei sju bøndene som er dømt, er iallfall dei to først nemnte frå Meråker. Om det er samane sjøl eller rettskafne bønder som har brakt saken inn for futen, går ikkje fram, men det er tydelig at tjuveri frå samar ikkje blir straffa mildare enn anna tjuveri, altså at samane er fullt ut akseptert og at det ikkje blir dømt mildt fordi samane ikkje skulle ha rett til å vere i fjellet. Det viser den harde bota på 39 dalar, altså over fem og ein halv dalar på kvar skyldig tjuv.

Haarstad, som har funne fram til denne notisen og publisert den for første gongen, meiner at desse samane som vart utsett for tjuveriet, trulig var reindriftssamar og har halde til i Ferstraktene nord for Meråker, i fjella mellom Storlien og Sul (Haarstad 1992:113). Eg kan ikkje sjå at notisen i og for seg gir haldepunkt for ei slik utlegging, men namnet på dei to første dømte tydar jo på at brotsverket er gjort ikkje altfor langt unna Meråker. Ein kan derfor ikkje utelukke at tjuveriet har skjedd frå samar i fjellområda over mot Verdal.



Oversiktskart over grenseområda mellom Trøndelag og Jämtland.

Det mest interessante med notisen er at det her er lagt fram det eldste dokumenterte beviset på at samar held til i fjella nært Meråker, at dei driv næringsdrift og at dei er fullt akseptert som rettsobjekt på 1620-tallet. Men namnet på desse samane i fjellet får vi ikkje vite.

### Dødsstraff for tjuveri i 1637

Det neste dokumentet om samar i verdalsfjella dukkar opp knappe ti år seinare. I Jämtlands Domböcker II for 1634-1643 som vart gitt ut i bokform i 1934, finn vi på side 100 og 101 eit referat frå vintertinget i Undersåker i februar 1637.

Her får vi det første kjente namnet på ein same som kan knyttast til verdalsfjella: *Niels tørkells* som domsboka skriv, altså *Niels Torkilsson* som vi må utlegge det. Det går ikkje fram om det er dei samme samane som dei som er nemnt i saka frå Meråker i 1628/29 i tjuverisaka ovanfor.

Fordi dette er ein såpass lite behandla del av lokalhistoria, tar eg med heile referatet frå domsboka med både skrivefeil og datidas litt vanskelig tilgjengelige språkdrakt:

*"Haffde Kongens foget Erich Krestenss [fogd Erik Kristensson] i Rette Steffnit [stevnet for retten] Joen Mortenss Jon gregrsen kollas [Jon Mortensson Kolås og Jon Gregersson Kolås] for de Med Knut Persen shyt [Knut Pedersen Skytte] skulle haffue Ulogligen i*

*fjelldet taget fra en fiend find Ved Naffn Niels torkells [Niels Torkilsson] som de skiftet sig emellem, naaget Kiød, och Joen Mortensøn Kollaas shall derforuten haffue taget fraa en find i shiördals fiend Udj sin giend som hand beretter 3 Kop Kiedle [kopparkjeler] och en Jern gryde huor om bleff fremlagt Et Velbeseglede 6 Mens things Vidne Daterit paa hogro thingsted [Hegra tingstad], Att Knut pedrss shöt skulle haffue bekie(n)t om for:e [forannevnte] Kollas Mend Itembekient, Att de ochsaa haffde taget en shindfeld och siden gjorde hannom bud, Att de haffde taget en hel hob Reinøster fraa finderne huor till de suarede, Att hand sagde denem Usandhed paa, Men fogden biegierte dom offuer denem Huad straff de herfore burde Liide eppterdj for:e Knud sköt bleff Reffsit paa Liffuet [refset på livet, dømt til døden og henretta] for hans forseelse der Udj: Och de haffde Verit j selskab mz Hannem, hœllt och døllget mz hannem, och till mz tagit sig till en Kiedill [kjel] och en gryde och 2 heller 3 skammelig Renis shind som de iche kan benegte, dog de siger at Knut shyt gaff dem samme Rein shind: Her emod suarede Lagrettet, At epptdj [efterdi, fordi] be:e [bemeldte] Kollaas Mend Neggt for:e [forannevnte] beshyldning for tag, daa Viste dj iche Uden leffuenhs Loglig prob och Vindisbyrd At dømme i denne sag." (Referat frå vintertinget i Undersåker februar 1637. Etter Jämtlands Domböcker och Landstingsprotokoll II:100f).*

Knut Pedersen Skytte vart altså strengt straffa for tjuveri av kjøtt, og for at han kanskje var med på tjuveri av tre kopparkjeler og ei jerngryte, reinostar og reinskinn, noko som han tydelig har prøvd å velte over på Kolåsen-karane. Dødsstraff for tjuveri ser strengt ut i dag, men var det ikkje på 1600-tallet.

Også i denne straffesaka ser det ut til at straffa ikkje vart mildare fordi dei fornærma var samar, sjøl om dei to Kolås-bøndene måtte frikjennast av mangel på lovlig bevis. Hovedvitnet var jo avretta på Hegra tydeligvis og ute av stand til å bidra til "*leffuenhs Loglig prob och Vindisbyrd.*"

### **Samen Niels Torkilsson i området Kolåsen-Meråker i 1637**

No kan ein spekulere på kor "*fjelldet*" brotsverka fann stad. Kolåsen i Jämtland (og Jämtland var enno norsk land på denne tida) ligg knappe 30 kilometer rett aust for Vera, ved vatnet Äcklingen nord for Kallsjön. At bøndene i denne fjellbygda måtte ha jakt og fiske som attåt næring, er logisk nok. Da flakka dei vel omkring og må ha treft Knut Pedersen Skytte frå Hegra eller Meråker, som etter tilnamnet, "skyttar", å dømme må ha vore jaktspesialist.

Mellom Meråker og Kolåsen er det rundt 60 kilometer i luftlinje, og her ligg Feren, Kjølhaugan, Skalstufjellet, Åbofjellet med fint jaktterreng og gode forhold for reindrift. Ein eller annan stad i dette området hadde samene Niels Torkilsson og den andre samene som ikkje er namngitt, buplassane og lagerplassane sine. At det står "...en find i shiördals fiend Udj sin giend...", er for upresist til å stadfeste det nærare. Stjørdalsfjella har aldri vore eit klart avgrensa område. Og prestegjeldet til Kolåsenbøndene må ha vore Undersåker, som strekker seg vestover til vasskillet der kor riksgrensa går i dag. Kolåsen ligg i Kall socken som låg i Undersåker prestegjeld. Men nøyaktig kor episodane fann stad, får vi aldri vite. Men det er heller ikkje så viktig, for om samane livnærte seg "*i fiendet*", så farta dei vidt omkring og må i periodar ha halde til i meir bygdenære strøk over mot Verdal.

### **Det første beviset på samisk reinnomadisme i sør**

Det som er meir interessant, er det beviset dokumentert ovanfor gir for at samane i verdals-, stjørdals- eller undersåker-fjella dreiv med tamreindrift, altså reinnomadisme. Og dette er ikkje tidligare dokumentert så langt sør.

No er det ein svær diskusjon blant historikarar, geografar og etnologar om når og korleis reinnomadismen oppsto. Det skal eg la ligge her. Men dokumentet nemner altså "*en hel hob*



*Reinøster*". Det kan ikkje vere tvil om at dette er ostar laga av reinmjølk, eit produkt som samane fekk gjennom hardt arbeid med tamrein i perioden juni til september. Da vart nemlig simlene mjølka for 2-3 desiliter i døgnet, mens kalvane vart kjevla med trepinningar i kjeften (*skråavvah* - diehinder) slik at dei ikkje kunne die mora. Mjølka vart tilsett ulike typar urtar så ho stivna som ein slags feit ost som vart laga i kagger og gravd ned i groper (*boerneh*) på tørre stader. Så kunne samane komme att seinare og bruke av ressursen når dei var opprødde. Men dei koka òg ost av reinmjølka. Osten vart så lagt i lerretssekkar og laga tørt og luftig nært buplassen, gjerne i små stabbur som sto på høge stolpar slik at dyr ikkje skulle få tak i lagret.

### **Veletablert reinnomadisme i 1637 bygd opp gjennom mange år**

Når vi her får høre at Niels Torkilsson og den andre samen hadde "*en hel hob Reinøster*", så tyder det på at tjuvane hadde funne slike samestabbur. "*En hel hob*" tyder på at det er fleir enn to-tre, altså må reinmjølkinga ha hatt eit visst omfang.

Å bygge opp ein reinflokk og finne fram til ein årssyklus for reinbeite og drift i verdalsfjella og tilgrensande område, må ha tatt tid. Dette tyder på at her var etablert reinnomadisme mange år før tjuverieepisodane er nemnt i domsboka. Det er to samar som er nemnt i domsboka. Om ein reknar med at dette er to atskilte samefamiliar eller matlag, storfamiliar altså, kan det her vere grunnlag for å anta at minst mellom ti og tjue samar knytt til reinnomadismen i området på denne tida. Det kan ha vore fleire familiar sjølvsagt.

### **Samane kan ha vore her lenge**

I første halvdel av 1600-tallet er det altså at tilfeldige straffesaker gir dei første dokumenta som kan bevisare at samane da heldt til i verdalsfjella. Kor lenge dei hadde vore her, seier kjeldene ingenting om.

At dei har vore her lenge, tyder det faktum at dei blir behandla som fullverdige rettsobjekt på, - ingenting er nemnt om at dei dømte forsvarer seg med at samane er inntrengarar på bøndene sine fjellområde. Ingenting er antydning om at samane er betrakta som andrerangs menneske. Ein fungerande reinnomadisme tar det òg mange år å etablere, - det krevst kunnskap om naturforhold, og det krevst rettshevd eller godkjenning frå bønder med rettar i fjellet. Rettsdokumenta peikar altså klart attover i tid, lenge før 1637 og 1628/29 som dokumenta er ifrå.

### **Mårten Jonsson på "Sarf og Suule fjäll" i 1646**


I tiåra vidare utover på 1600-tallet blir det fleire fragmentariske bidrag til den lokale samiske historie. Takk vere svenskane sitt behov for å få orden og system på administrasjonen og skattlegginga av dei nyvunne områda Jämtland og Härjedalen, - etter freden i Brömsebro 13. august 1645, får vi vite meir etter kvart.

Ein av samane hadde skattefjella "*Sarf og Suule fjäll*" som eit bruksområde han hadde skatta til den dansknorske kongen for i tida før svenskane tok over. Det var Mårten Jonsson Krank, også kalt Krank-Mårten. Kor låg så skattlandet hans?

Suule fjäll er av den fremste kjennaren av desse sakene, professor Knut Bergsland, stadfesta til fjellet sør for vegen over Sul til Jämtland, vest for bøndene sitt Kall socken, inn på det som i dag er norsk side av grensa, men datidas grense var omstridd, og samane og skatten vart brukt i krangelen om kor grensa skulle gå, endelig fastsett først etter major Schnitler si grensebefaring 1742-45. (Bergsland 1995:58).

*Sarf* eller *Sarv* er mest trulig det som heiter Särvfjellet på moderne kart, mellom dei øvre elvdalane til Ljusnan og Ljungan i nordaustlige Härjedalen. Her hadde den svenske landmålar Thomas Christoffersson Hedræus fått i oppdrag av svenskedronninga Christina, - rett etter Brömsebrofreden i år 1645- å lage kart over dei nye landsdelane. Särvfjället dukka da opp på dei to Hedræus-karta frå 1646. Bergsland (1970:291) meiner denne skrivemåten er litt feil, fordi samane sjøl i eldre tid kalla dette fjellet for Sar-fiell eller Saris = Sar-ris, kor *sare* (sørsamisk for

kløft, gaffel) beskriv skaret mellom to toppar, og *ris* er forhøying, bergrygg, ei tolking som er i samsvar med den lokale topografien. Rett vest for Särvfjället har Hedræuskarta namn som *Serwe Siögarna* og *Servan Fluvius*. Desse namna er klart avleda av samisk, hevdar Bergsland, fordi *sarve* på den lokale sørsamiske dialekten betyr elg (Bergsland 1995:58). Når namna er komme med på eit kart tegna av ein svensk embetsmann som har samla namn ved kartsynfaring blant lokale kjentfolk, er det klart at namna er innarbeidde og allment aksepterte etter lang tids bruk. Altså gir dei grunnlag for å hevde at her har vore samisk bruk av fjellområda i dagens nordlige Härjedalen lenge før 1645.



Oversikt over gamle stadnamn med mulig samisk opphav i nordvestre Härjedalen.

"Sarf och Suule fjäll" ser ut til å vere ytterpunktene på området som Mårten Jonsson hadde skaffa seg "bref" på, betalt skatt for og følgelig hadde bruksrett til. Om ein reknar med at han nytta desse to fjellområda og områda imellom, må han og familien ha streifa vidt og hatt god plass til å drive reinnomadismen sin.

### **Reinnomadismen måtte ha store fjellområde**

Var det nødvendig å streife så vidt? Om ein dømmar ut frå reindriften i dag, så er reinbeitedistrikta mye mindre. Gaskelaante eller Færen reinbeitedistrikt i dag er berre ein brøkdel av området som inneheld "*Sarf og Suule fjäll*" i kvar sin ende. Men 1600-tallet var turbulent med mye soldatvandring i fjella, - sjå nedanfor. Så derfor kunne det vere lurt og nødvendig for ein samisk storfamilie, ei *sijte*, å ha rettar i eit vidt og uklart definert område.

Frå ca. 1730 kjenner vi til at "*Lappe-Manden Djesse*" hadde arvefjell som omfatta *Hermans oilk-Saiwo* i sør (altså Hermannsnasa) nord til Jåmafjell opp mot Børggefjell (Bergsland 1985:55ff). No er ikkje arvefjell det samme som skattefjell, men denne Djesse hadde iallfall fjell som han drog rundt og passa på og ofra til i eit voldsomt vidt område, 160 km frå sør til nord. Dette som eksempel på at gammelsamane ikkje brydde seg om lange avstandar.

Neste gong ein finn Mårten Jonsson i dokument er i ei jordebok for Västerbotten i 1649 (Kammararkivet) kor det er eit manntal over "*Jämtelandz Lappar*". Her er nemnt to "lappar" på "*Kaal Sochn Sulfiäl*". Det er Mårten Hansson, som skatta for heilt manntal "för Saris och Swalfiäl", og Tomas Jonsson, som skatta for halvtanna manntal "*för Dunderiss och Sarisfiäl*" (Wiklund 1928:402, 406). At det står Mårten Hansson her, må skyldast at far til Morten heitte Johannes, slik at skrivarane veksla mellom å oppfatte namnet som Hansson, Johansson og Jonsson. At det står *Swalfiäl*, må vere feilskrift for Sulfiäl, altså Sulfjell.

### **Urolige tider også i fjellet**

Når det gjeld alle desse dokumentasjonane av samisk eksistens i verdalsfjella på 1600-tallet, enten dei blir kalt Sulfjellet, Skjækerfjella, Veresfjella eller Stjørdalsfjella, - dette var jo berre vage stadnemningar på heile fjellområde og ikkje heilt presise fjellområde som kan avgrensast på eit kart, - så må vi ikkje gløyme at spenningen mellom Sverige og Danmark-Norge førte til stadige felttog og krigsepisodar. Desse må òg ha ført til uro for samane si næringsdrift i skogs- og fjellområda, enten det var veiding eller reinnomadisme.

Under den nordiske sjuårskrigen 1563 til 1570 rykka svenskane inn i Jämtland og Härjedalen som da var norsk (-dansk), og over til Trøndelag på stadige herjingstokt. Under Kalmarkrigen 1611 til 1613 vart det nye krigshandlingar i Trøndelag. Ein svensk leigehær marsjerte frå Stjørdalen over til Jämtland og herja seg ned til datidas Sverige. Snåsa og Kall vart òg herja av svenskane. Hannibalfeiden 1643 til 1645 endte med freden i Brömsebro og Jämtland og Härjedalen over til Sverige.

Under krigen 1657 til 1660 var heile Trondhjems len, det vil seie Trøndelag, Nordmøre og Romsdal, på svenske hender ein periode. Eit infanteriregiment av den norsk-danske hæren, om lag 1000 mann under leiing av Reinholdt von Hoven, gjekk over "*Sulefield*" og møtte på samar før dei gjekk inn og erobra Jämtland (Haarstad 1992:113f). To nye regiment kom opp Verdal vinteren 1658-59.

Også i åra 1675 til 1679 under Gyldenløvefeiden vart dei trønderske fjellområda herja av soldatavdelingar.

Det er ikkje rart at ein mann som Morten Johansen og hans familie er å finne med reinflokkane i store delar av fjellområda langs det som først i 1751 skulle bli den endelige grensa mellom Sverige og Norge: Skjækerfjella, Veresfjella, Sulfjell, Teveldalsfjell, Saris.

### **Finnemanntallet 1686**

Nils Hallan meiner det er samme Morten vi finn att i det såkalte Finnemanntallet av 1686. Finnemanntallet skulle vere ei undersøking av busetting og tall på skogfinnane, rugfinnane eller Savolaks-finnane, altså finnlendarar med suomifinsk bakgrunn som var komne flyttande først og fremst til Hedmark og Akershus sine skogstrakter på 1600-tallet, dei første kanskje så tidlig som 1590-åra.

Men fordi samane vart kalt for finnar i trønderske dialektar (og andre dialektar), vart påbodet om å ta opp finnemantall misoppfatta til å lage det første samemantallet i historia i enkelte tinglag nordafjells. For oss i Verdal er det opplysningane frå Snåsa og Sparbu som er mest interessante, i og med at notata frå Stjør- og Verdal enten ikkje vart laga eller er komne vekk. Det er altså ei misforståing som måtte til for å få til dette verdifulle historiske dokumentet, noko som igjen kan vere symbol på kor lågt den dansk-norske staten prioriterte å halde orden på dei samiske innbyggerane sine.

I Finnemantallet står det da i "*Mandtall Ofuer Lap-finderne udi Jnderøens Fougderie Snaasens Prestegield*" som vart tatt opp på Berg i Snåsa 3. februar 1686:

*"Morten Johanssen, gammel och meesten blind,*

*Opholder sig på Skiecher [Skjæker], Werre [Vera] och Gouldals [Gaundals] fiede paa Snaassens [Snåsas] Grendtzer til Jempteland, Hand nærer sig af sine Reensdiur, huor af hand siger at eje 100 støcher, Jtem [likens] af Schötterj saaVelssom fischerj i fieldwand, af Mandschab en søn och en tæss.*

*Hand hafuer iche bœxlet [bygsla] nogen field, mens sig der udj opholdet lige zom sin fader;*

*Af forige Kongl. Maj. foeget Søren Anderssen er hannem meddelt en tilladelsse at vere lensmand ofuer finderne, naar hand, effter løffte, forschaffer fleere finder i fieldene, Huilchet hand iche hafuer effter kommet.*

*Hand søger Kierche paa Snaassen, dog det er sielden, til Thing Kommer hand ej heller offte.*

*Udj Rettighed hafuer hand/: effter beretning/: til Kongl. Maj. foegeter betalt Aarlig it Maarschind, dog hafuer hand udj trej Aar opholdt sig i Werdals fjeld i Stjørdals fougderj.*

*Almuen Klager ofuer hannem at han holder sig op for nær bøygden, och gjør dennem Indpas paa deris Fischerj i fieldwandene, Jtem truer och af schrecher [avskrekker, skremmer] andre finner som vilde tage sig tilhold i fieldet, paa det hand alleene desto bedre derudj kand hafue sin næring." (Opsahl & Winge 1990:176).*

For Stjør- og Verdal finst det ikkje tilsvarende finnemantall frå 1686, enten fordi det ikkje vart tatt opp eller fordi det er forsvunne etterpå.

### **Morten med familie utvist i 1687**

I stiftsamtmannen i Trondheim si kopibok for 1688 er Mårten Jonsson nemnt i samband med ei alvorlig sak i Stjør- og Verdal. Her blir brukt namnet Morten Hansøn, men Nils Hallan som har funne fram til dette dokumentet, er ikkje i tvil om at det er samme mann (Hallan 1981:121f):

*"Schreffuit [skrevet] paa Sorenskrifveren ofver Størdahlens fogderie Hans Embs fellede domb, tvende field finder, ved Nafn Morten Hansøn og hans Søn Pofvell Mortensen, af dato dj 27. Sept. 1687, hvorudj de for deris unde frembfart er tildømbt, strax sig her fra Riget at forføye, sampt deris Middel og formue till Hans Kongl. Majts at være hiembfalden, og sig iche videre hereffter udi Riget paa de Nordsche grendser lade finde, Saa fremt de ej som fredløse vill medhandlis. Kongl. Majts foget Hans Simensen Koch hafuer at drage tilbørlig omsorg, saa denne dombs indhold i alle maader vorder effterleffuit [må bli etterlevd], og for det øfrige holde sig min tilstillende Memorials første post af 4. hujus effterretlig.*

*Trundhiem d. 18. April 1688.*

*Hans Kaas."*

For stiftsamtmann Hans Kaas ser det altså ut til at "den unde frembfart" til Morten Johansen og sønnen Paul skulle straffast med forvisning frå "Riget", altså utvisning til Sverige. Men å handheve straffa var umulig, for samane dreiv reinnomadisme med beiteområde på begge sider av den nye, men enno ganske uvisse riksgrensa. Den gongen var det ikkje grensegater og riksrøysar som markerte grensa fysisk, og Morten Johansen og familie kunne nok drive næringen sin i fjella som før. Utvisinga var umulig å handheve for futen Hans Simensen Koch som her får pålegg om å ta tiltak.

### **Fjellsamar og bygdesamar**

Interessant er det å legge merke til at det blir understreka så sterkt at dei to samane er "field finder". I løpet av 1600-tallet hadde reinnomadismen utvikla seg slik at det vart vanlig å skille mellom fjellsamar som dreiv med reinnomadisme, og på den andre sida "bøygde finder", bygdefinnar, altså samar fast busette i bygda. For bygdesamar fanst:

På det som i dag er svensk side av grensa vart dei kalt sockenlappar og dreiv med tre-, horn- og skinnhandverk og dessutan med utprega nisjearbeid: gjelling av husdyr. Bygdesamane kunne vere forarma fjellsamar som ikkje hadde makta overgangen frå det gamle veidesamfunnet til den nye reinnomadismen, - dei vart altså tvungne til å livberge seg i bygdene ved arbeid som vanlige bygdefolk ikkje ville ha. Av og til måtte dei ty til tigging for å overleve. Dette har etnologen Ingvar Svanberg komme fram til ved å undersøke sockenlappane i Midt-Sverige på 1600-tallet (Svanberg 1981, 1983).

### **Samar i Volhaugen 1686**

På norsk side er ikkje gjort tilsvarende grundige undersøkingar. Men også her fanst bygdesamar. Det har eg funne prov for i Finnemanntallet frå 1686. Her er det faktisk nemnt to slike samar som budde i Volhaugen (Waarhojen) i Sparbu prestegjeld, men som ganske visst må ha streifa til Verdal for å skaffe seg livsopphold.

Finnemanntallet er tatt opp på Mediå i Sparbu den 6. februar 1686. Sidan eg ikkje har sett desse dokumenta brukt i årboka før, tar eg dei med:


*"Joen Pederssen, nu hafuende sin tilhold i Waarhojen [Volhaugen] mellom Jnderøen och Werdahlen paa Schowen, siden afvigte Høst, nærer sig af schøtterj och Arbejde i bøyden med schindfelde och dyner.*

*Lars thomessen, en ung fridsch Knegt, opholdet sig paa toe aars tid i Waarhojen, Supra [ovanfor] meldt, nærer sig af betlerj.*

*Disse forskrefne hafuer ingen schat gifuet iche heller nogen Platzer bøylet, Hafuer deris Hytter eller Gammer i schougene, huor sielden Kommer nogen bøygde folch [bygdefolk], de flytter fra den ene sted til den anden, och med Quinder och børn stripper [streifer] igiennem bøygden med tigger och betlen, Almuen til besuering [besvær, plage] och omKostning.*

*Med Schouhogst eller braatter hafuer de endnu iche gjort nogen schade."*  
(Opsahl & Winge 1990:177).

Opplysningane om at desse to har halde til der så kort tid treng ikkje å vere heilt korrekte. Men begge to driv med saker som krev at dei kjem i kontakt med andre bygdefolk, så langt unna sanninga er det nok ikkje når den eine har vore der sidan hausten 1685 og den andre sidan 1684. Men det står ingenting om at Joen Pederssen og Lars Thomessen er dei første samane som har budd i Volhaugen, så det kan sjølvstøtt godt ha vore samar i Volhaugen før desse to som vi får greie på ved ei misforståing gjennom Finnemanntallet.



*Volhaugen er området mellom Trondheimsfjorden og Leksdalsvatnet, med Marsteinsvola på 442 m.o.h. som høgaste punkt. På 1800-tallet var det samar med rein her, og det er kjent at desse hadde gammeplassar ved Lektlemvatnet berre to km frå Trondheimsfjorden. (Kart kopi frå M711 1722IV Stiklestad).*

Jon Pederssen er jeger og skinnspesialist og gjer tydeligvis nyttig og godt arbeid sett frå tingmennene si side. Ingen veit kor gammel han er sidan det ikkje er nemnt. Formuleringa "nu hafuende sin tilhold i Waarhojen" kan tyde på at han har halde til andre stader i Sparbu eller Verdal tidligare.

Lars Thomassen er berre ein ung mann som likevel blir framstilt som ein tiggjar til plage for allmuen. Om det er han eller begge som har kvinner og barn, er ikkje godt å vite, for dei to siste avsnitta gjeld tydeligvis også for familiarene til dei to samane som held til i Offenåsen ved Steinkjer: Morten Rasmussen, ung og gift, driv med tigging i bygdene, søker kirke dels i Stjørdal, dels i Stod. Erland Jenssen, gammel og nærar seg av betleri, søker kirke på Snåsa.

Dette gir eit bilde av bygdesamane i Volhaugen og Offenåsen som fattige og vidtfarande. At dei to i Volhaugen hadde vore der berre kort tid, betyr sjølsagt ikkje at det ikkje hadde vore samar der før, for det er tydelig at lagrettemennene aksepterer at dei er der og at det da trulig er ein sedvanerett som ligg til grunn. Ellers ville det vel bli fremma krav om at dei skulle "ha seg

dit dei kom frå" eller liknande forsøk på forvising, slik som for Morten Johanssen i 1687 i dokumentasjonen ovanfor.

Ein detalj som eg ikkje har sett andre kommentere, er skrivemåten for Volhaugen i Finnemantallet, altså *Waarhojen*. Første stavinga *Waar-* ligg nært det sørsamiske ordet for fjell eller vol, nemlig *vaerjje*. Kan det her vere snakk om eit samisk stadnamn som er lånt over i datidas dansknorsk? Ein interessant hypotese som eg her berre kastar fram utan fleire kommentarar.

### **Morten og Paul ga seg ikkje**

Korleis gjekk det så med Morten Johanssen og sønnen Paul Mortensen da dei vart dømt til landsforvising i 1687? Dei dreiv jo reinnomadisme og var stadig på flyttefot i fjellheimen, - Gaundalsfjella (Gouldalsfielde), Skjækerfjella og Vera var vide område, og han hadde tidligare i fleire periodar brukt Verdalsfjella sør for vegen mellom Sul og Duved og også det som vart svenske fjell ved freden i Brömsebro i 1645. Så her var det ein kar som var vidt lommekjent i fjellheimen og som ikkje var vant til å ta omsyn til den nye riksgrensa som kom tvers gjennom områda hans. Og riksgrensa var omstridd og flytande heilt til grensetraktaten vart underskriven i 1751, den grensetraktaten som hadde eit tillegg som seinare vart heilt avgjerande for den samiske rettighetskampen, nemlig *Lappekodisillen*. Her var det ikkje greit for futane å handheve dommen om landsforvising. Og tilsvarande lett var det for Morten Johansen og hans sijte å ri seg unna å ta dommen alvorlig.

Men i tingboka for Inderøy for 7. august 1689 er Morten Johanssen enda ein gong i fokus.

*"For retten blef fremføhrt en Lapfind Morten Johanssen som af en Jemptefind Torchild Olssen er anklaget at skal hafue frastaalet hand: = 10 Reensdiur, huilchet ermeldte Thorchild seeneste Ordinarie Thing den 27. Junij, anlagde, och da hafde ladet Morten varsle at møde med hand: for retten, som hand iche effterkom, Mens hans Søn Karl Mortenssen møtte samme tid, och tilstod at saa er skeed, at hans Moder och en hans broder Olle tog samme dyr och dref dend: til deris hiord, och slagtede de tuende deraf om Høsten. Morten find suarer: at hand paa samme tid hafde verit i Jemptefieldet och kom tret hiem, tilmed hafde Ko: Ma: foeget [Den Kongelige Majestets fogd] befahlet hand: at forføye sig af fieldet, som hand iche har effterlefuit, och derfor iche torde komme frem, kunde iche fragaae hand io har taget forskr. Reensdyr fra Torchild, fordj at Torchild tilforn hafuer taget diur fra hand: Torchild var nu ej tilstede. Almuen klaget ofuer denne Morten Johanssen, at han gjør dend: stor skade och forfang paa deris fiskerj i fieldvand, nemlig: Anders Eriksen Brunstad, Joen och Peder Kindstad, Einer Kieblj och flere, som hand: blef ofrbevist, och ej kunde fragaae, - Herudj dømt och afsagt.*

*Efterdj Morten Johanssen ligger her i fieldet, almuen til forfang och skade paa deris veidefang och fischerj, scatter iche til Kongen, hafuer och iche nogen tilladelse eller adkomst til samme field hand sig udj oppeholder, och fløtter udj fieldet paa Grentzerne fra den ene sted til den anden, imod loven. Da bør hand at rømme Norgis Rige och Grentzer inden trej uger hereffter, och erstatte den paa hand: anvendte Omkostning, at fremføhre, underholde och processen [processere?]. Och saafremt hand dereffter antreffis, bør hand at paagribis och straffis effter Landtz-lovens foresigende udj den 6te bogs 17de Capit. 30. Artickel." (Justisprotokoll for Inderøens fogderi 1689, fol. 30. Sitert etter Hallan 1981:123f).*

### **Krank-Morten i Handøl og Teveldalsfjella i 1691**

Kor vart det av Márten Jonsson/Johansson/Hansson? Han var mest for blind å rekne i 1689, gammel som han var. Han må nok ha tatt dommen om landsforvising alvorlig, for i 1691 er han

ein av tre skattelappar som skattar til Undersåker for bruk av "*Tafwerdals Fiell*", som var fjellet sør for Teveldalen, og "*Handøhlz Rijss*", fjell i Handöl nord for Helags i Sylane (Bergsland 1995:84ff). Han har no fått tilnamnet Krank, Kranck. Sidan *krank* betyr sjuk, er det vel helsa hans som har begynt å skranke. No er han altså komen lenger sør i det svære området han lenge hadde hatt som skattefjell. Her er det strid med andre samar om bruksretten til fjella som gjer at tinget i Undersåker i 1698 tar opp klage frå "*gamle lappen Mårten Jonssons hustru Ragnhild Jönsdotter*". Om Mårten sjøl enno hadde vore oppegående, ville han vel ha klaga sjøl. Så enten er han død eller dødssjuk. Han må i alle fall ha levd eit stykke innpå 1690-tallet og må ha hatt eit stritt og omflakkande liv.

I dag er det att eit minne etter denne vidtfarande samem. Det er arkeologen Inger Zachrisson som i sitt store oppsummeringsarbeid over tretti års forskning i samiske forhold, "*Møten i gränsland - samer och germaner i Mellanskandinavien*", nemner at tradisjonen vil ha det til at Krankmårtenhögen på austsida av Storsjön i N-Härjedalen har namnet etter Mårten Jonsson, Krank-Mårten, så her skal Mårten Jonsson/Johansson/Hansson òg ha halde til i periodar.

Det mest interessante med Krankmårtenhögen er at arkeologane har funne og gravd ut eit gravfelt på meir enn 30 trekanta og runde steinsettingar. Dei fleste viste seg å inneholde beinrestar av enten menneske og elg, - ikkje blanda, - og med kranietak og horn av elg eller rein delvis oppå steinsettingane, tidfesta til ca. 200 år f.v.t. til 200 e.v.t., altså frå lenge før Krank-Mårten si tid. Det er ikkje kjent muntlige tradisjonar i området om korfor Krank-Mårten sitt namn er blitt knytta til staden. Gravene på Krankmårtenhögen blir av Inger Zachrisson tolka som kulturminne etter ein fangstkultur som dreiv med dyreseremoniar av arktisk type, men at denne fangstkulturen hadde tatt over gravskikkar frå tidlig germansk bondekultur som den hadde god kontakt med, mest trulig gjennom pelshandel (Zachrisson 1997:222). Kanskje er kulturrestane på Krankmårtenhögen eit minne om tidligare representantar for det samiske folket i Midt-Skandinavia?

### **Samane i fjellet var fåtallige og vidfarande**

Det eg her har lagt fram er dei eldste dokumenta som til no er funne i skriftkjeldene om samar i verdalsfjella. Dei gir berre bruddstykkje av eit enno ganske uklart bilde av ei sørsamisk historie. *For det første* får vi inntrykk av ein etnisk minoritet beståande av relativt få menneske, med ei næringsmessig nisjespesialisering knytta til fjellet, i form av veiding og reinnomadisme så tidlig som på 1620- og 30-tallet. *Vi får for det andre* inntrykk av at samane flyttar ofte og vidt og at dei held til på fleire plassar i løpet av få år og kanskje fleire plassar i løpet av året, - reindriftsnomadismen krev jo det av sine utøvarar. *For det tredje* får vi inntrykk av ei folkegruppe som er akseptert av bondesamfunnet og av rettsvesenet, noko som skulle tyde på at folkegruppa har vore her ei stund, uvisst kor lenge om ein berre held seg til det som puristisk historievitskap skal halde seg til, nemlig skrevne kjelder.

Om ein vil prøve å gå lenger attover i tid, må ein over på sagakjelder og krøniker av ymse slag, - her finst forbausande mange som nemner samar i områda rundt Trollheimen, Dovrefjell, Østerdalen. Problema her er kor mye ein kan lite på slike kjelder.

### **Arkeologien grev fram samisk fortid**

Da har eg meir tru på at arkeologi med dei nyaste metodane innan tidfesting av organisk materiale kan gi mange nye bruddstykkje til den samiske historia.

Etter at Inger Zachrisson har levert argument og dokumentert materiale om at det budde samar på Vivallen i Funäsdalen fem mil aust for Røros i perioden frå cirka år 800 til cirka år 1200 (Zachrisson 1997), må ein vere åpen for at mange tidligare arkeologiske funn kan vere tolka subjektivt feil som bondenordiske ut frå at ein har tatt for gitt at samane eller deira forgjengarar ikkje kom rykkande sørover sør for Namdalen og nordvestre Jämtland før på 1600-




tallet og sørover til Røros først på 1740-tallet. Denne framrykkingshypotesen vart sett fram i 1889 av historieprofessor Gustav Storm og den seinare professoren i geografi og etnografi, Yngvar Nielsen, på eit sviktande grunnlag slik eg før har vist (Jünge 1996). Men hypotesen har vore grunnlaget for sameforskinga i hundre år og vil kaste skyggar vidare òg.

### Er gravene på Steikpannvola og Skrovesvola samiske?

Når det gjeld arkeologiske funn i Verdal, som kan kaste lys over samisk forhistorie, vil eg trekke fram to gravfunn som arkeolog Lars Stenvik har skrive om i Verdal historielag sine årbøker.

Den første grava skreiv Stenvik om i artikkelen *"En nyoppdaget fjellgrav fra Tromsdalen"* i årboka for 1982. Funnet vart gjort av Sigvart Holmli og Jeremias Balgård. Funnstaden var om lag 400 meter aust for høgaste punktet på Steikpannvola og låg knapt 500 m.o.h. Det var restane av ei branngrav som her låg i fjellterreng 3 kilometer i luftlinje frå næraste tromsdalsgarden. Stenvik og medhjelparane grov ut fragment av eit sverd, ei øks, ein celt (ein øksliknande reiskap med fal i staden for skaffhol som øksene har, - kan brukast som barkspade, isøks, jordgrev), 4 pilspissar, fragment av 5 pilspissar, 4 brente flintbitar (eldflint). Alt låg på eit trekol- og askelag. Det dreide seg altså om grava til ein kremert fangstmann. Stenvik tidfesta gravlegginga til omkring år 800. Stenvik kjem med nokre tankar kring dette funnet:

*"Denne graven skiller seg klart fra andre graver i Verdal ved sin beliggenhet. Gravutstyret har vi sett har paralleller i gjenstander som er funnet i gårdsgravhauger andre steder i landet. Det er derfor sannsynlig at den døde har tilhørt den norrøne kulturkrets."* (Stenvik 1982:198).




Funnstad for grav på Steikpannvola i Tromsdalen, Verdal. (Kopi, utsnitt frå kartblad M711 - 1722III Levanger).

Men Stenvik lar ikkje dette vere ein bastant konklusjon, for det er altfor mye som ikkje stemmer med at dette kan vere ei bondegrav. Han reflekterer vidare, etter å ha peika på at dei norrøne gardsgravene alltid er nært gardstunet på lett synlig plass:

*"Graven på Steikpannvola følger ikke dette mønstret. Det ligger ingen gård i nærheten av gravstedet og det er usannsynlig at det noen gang har ligget noen gård i nærheten. Man kan tenke seg at det har vært setre i nærheten, men avstanden til egnede seterområder er forholdsvis stor...*

*Hvis vi skal forsøke å lete etter bakgrunnen til denne døde mannen, må vi kanskje vende jordbruk og husdyrhold ryggen og heller se på jakt og utmarksressursene. En del av de sørnorske fjellgravene har vært forklart som vitnesbyrd om en befolkning som har levd parallelt med den norrøne befolkning, men med et annet næringsgrunnlag. Disse folkene skulle med andre ord være de siste utløperne av den opprinnelige fangst- og jegerbefolkning her til lands. En slik forklaring kan være besnærende også for gravfunnet på Steikpannvola. Hvis det hadde vært en bofast bonde som døde her oppe, er det merkelig at han ikke ble brakt til bygds og gavlagt i nærheten av gården sin slik skikken tilsa. Avstanden fra gravstedet til bygda er ikke lenger enn at det måtte være mulig. På annet hold ser vi at man på denne tiden har hatt stor respekt for døden og stelt vel med de døde. Det virker derfor urimelig at de skulle ha latt en av sine bli liggende igjen på et slikt sted."* (Stenvik 1982:198f).

Hausten 1982 fann Bjørn Steinsli ein steinring på nordsida av sjølve hoveddalføret til Verdalselva, nemlig på Skrovesvola. Også denne staden er undersøkt av Stenvik. Rundt 20 steinar med tverrmål opptil 40 cm låg i ein lett oval ring med tverrmål mellom 1.9 og 2.1 meter på ein litt hallande, men lite framtrèdande plass på Skrovesvola. Inni ringen, under mose og lyng, var det restar av trekullbitar, aske og brente bein, noko som tyda på at eit lik var kremert. Radiologisk datering ga ei tidfesting til år 830 +/- 100 e. Kr. (Stenvik 1988:7f).



*Funnstad for grava på Skrovesvola, Verdal, ca år 730-930 e. Kr. (Kopi, utsnitt frå M711-kart 1722 IV Stiklestad og 1722 I Vuku).*

Stenvik gjer seg dei samme refleksjonane rundt dette funnet:

*"Det er imidlertid beliggenheten som gjør gravfunnet på Skrovesvola spesielt. Den ligger slik til at det ikke er naturlig å se den i sammenheng med noen fast gårdsbebyggelse samtidig som avstanden ikke er lengre enn at det ville være naturlig å frakte en død person til bygds om han hørte hjemme der... Det naturlige spørsmål blir derfor: Til hvilket miljø skal vi knytte gravlegginger som gravene på Skrovesvola og Steikpannvola?"*

*Står vi overfor spor etter en befolkning som har hatt et annet livsmønster enn vanlige bofaste bønder? Sagt med andre ord: Er dette levninger etter jegere og fiskere som har levd litt på si av bygdesamfunnet?" (Stenvik 1988:9).*

Bortsett frå desse to gravene i Verdal, er det kjent berre eit liknande gravfunn frå sørdelen av Nord-Trøndelag, nemlig i Kluksdalen i Meråker. Her var det òg klare spor av likbrenning, og eit sverd kunne tidfeste funnet til 800-tallet e. Kr. (Stenvik 1988:9).

Som vi ser er Stenvik svært varsom med å nemne det som er mest nærliggande om dei to branngravene på Steikpannvola og Skrovesvola, nemlig at det er representantar for datidas samiske fjellfolk som her er gravlagt i område dei var knytta til og dreiv si spesielle næringsutøving jakt og fiske i. Å påvise klare etniske markørar i arkeologisk materiale er svært vanskelig. Men medlemmar av det norrøne bondesamfunnet som døde i fjellet, vart frakta til bygds og gravlagt nær garden kor dei budde. Den mest sannsynlige forklaringa på desse to fjellgravene, er at dei er etter folk som levde i fjellet og at desse menneska var samar.

Finst det da ingenting som peikar mot samisk eksistens i verdalsfjella i perioden frå 800-tallet og til dei første dokumenta om samar dukkar opp på 1600-tallet? Her må finnast arkeologiske spor, men i og med at storparten av arkeologiske utgravingar er gjort i bygdene i låglandet og at dyregraver og gammetufter og andre sannsynlige samiske spor ikkje har vore prioriterte, er det enno lite å vise til av arkeologisk forskning frå verdalsfjella.

### **Sagn om samar mellom Sul og Skalstugan på 1300-tallet**

Det einaste eg har funne frå denne perioden er litt muntlig overlevert tradisjonsstoff som blir hevda å stamme frå Svartedauen si tid, altså rundt år 1350. Det er skriftfesta av professor Knut Bergsland som i 1942-43 skreiv ned sørsamiske tekstar. Historia nedanfor er fortalt av Elisabeth Jacobsen Nordfjell, født 1880 i Tranris (Vålådalen) i Undersåker, og mannen hennes, Lars Jakobsen Nordfjell, født 1863 i Mattmar, bror av Jonetta Elisa Jakobsdatter født 1856 i Tydal, busett i Hegra og med reindrift i Essanddistriktet mellom Meråker og Tydal (Bergsland 1992:12f, 169). Episoden det blir fortalt om skal ha funne stad mellom Sul og Skalstugan midt på 1300-tallet:

*"På den tiden fór en kremmer etter stien og skulle østover. Så kommer han opp på høyden. Han legger fra seg sekken sin og går et stykke vekk fra stien for å gjøre sitt ærend. Da titter han bakover, og så ser han at det er fullt av hoder i sekken hans ("bare så det håss, bare hau i hau"). Da går han en krok, for han våger ikke å gå bort til sekken mere. Og så drar han i vei rent i sprang og titter bakover: og de ble da igjen.*

*Så kommer en same. Så hører han at de andre [hodene] skjelver og fryser ved sekken. Så får de øye på ham. De ber så vakkert om han ikke vil føre dem fram til det nærmeste varme sted.*

*Så tar han sekken og bærer den til det nærmeste varme sted. Da de har fått varmen i seg, er det ingen i sekken, bare oppunder taket etter hyllene; så har de fått varmen i seg. Men så lover de at de ikke skal gjøre ham noe, men de skynder på ham at*

*han skal dra fort derifra. Men han tar av fra stien og drar tvers over, han drar nok ikke etter den stien. De venter til noen kan frakte dem derfra. Så dro de lengre av sted.*

*Så ble da sekken igjen der. Men så tok folkene i huset sekken. Det var mye kramvarer i den. Så dro de i vei etter gårdene og solgte. Så spredde de sotten til alle husene; ja så spredde de den, lengre og lengre. Men samene visste at sotten var i sekken. Så spredde de den da slik til alle husene. Det var slik den bredde seg.*

*Fra den tiden var det at døden kom østover. Så visste ikke den samene mere."*  
(Bergsland 1992:170ff).

Om denne historia har rot i ei sann hending på vegen mellom Sul og Skalstugan rundt 1350 med ein same innblanda, er sjølsagt umulig å føre bevis for om ein ikkje finn tilsvarende nedskrivne muntlige tradisjonar frå andre kjelder uavhengig av denne. Det er ikkje gjort enno. Så foreløpig får ein berre registrere at sørsamiske tradisjonsbærarar med bakgrunn frå begge sider av riksgrensa, i 1943 hadde denne historia som ein del av den muntlige kulturarven sin. I ei folkegruppe som har vore utan eige skriftspråk heilt til dei siste to-tre tiåra, er det klart at den muntlige fortellartradisjonen må ha stått sterkt og at det å bringe folkegruppa sine historier vidare frå slektledd til slektledd må ha vore oppfatta som eit viktig ansvar. Derfor må ei slik muntlig kjelde ikkje avfeiest som tull, men tvertimot tilleggast ei viss vekt og kunne vere ein bit i eit større puslespel.

Men det er mange bitar som manglar. Dei vil nok komme. For om ein aksepterer Inger Zachrisson sine arkeologiske funn på Vivallen frå år 800-1200 som samiske, og samtidig er kjent med det faktum at samane har vore kontinuerlig i Indre Namdal iallfall frå år 1000, kanskje lenge før, så er det ikkje usannsynlig at det har vore samisk bruk av området mellom Børgesfjell og Härjedalsfjella i lange delar av denne perioden, kanskje kontinuerlig. Derfor blir vidare forskning på samiske spor i verdalsfjella viktig.

## Litteratur

- Bergsland, Knut 1970: Jemtlands grense mot Herjedalen i samisk lys. I: *Fornvårdaren* X:4, s. 365-409. Östersund: Föreningen Heimbygda.
- Bergsland, Knut 1985: Sørsamiske arvefjell på 1700-tallet. I: *Åarjel-saemieh - Samer i sør*. Årbok nr. 2, s. 55-78. Snåsa: Saemien Sijte.
- Bergsland, Knut 1992: *Røros-samiske tekster*. Oslo: Norsk folkemuseum. (1. utgave 1943 utgitt av Etnografisk Museum, Oslo).
- Bergsland, Knut 1995: *Bidrag til sydsamenes historie*. Senter for samiske studier. Universitetet i Tromsø.
- Hallan, Nils 1966: Dei første meldingane om samar i Nord-Trøndelag. *Årbok for Nord-Trøndelag historielag*. Også trykt i årboka for 1981.
- Jünger, Åke 1996: *Spor etter samar i Midt- og Sør-Skandinavia*. Åsen: Dokumentarforlaget.
- Jåma, Paul 1987: *Sørsamiske kulturminner - Færen*. Sørsamisk kulturminneregistrering. Rapport nr. 1. Saemien Sijte. Snåsa.
- Jåma, Paul 1988: Samer i Verdal. I: *Verdal Historielags skrifter* 15, s. 52-56.
- Jåma, Paul 1990: Samiske stedsnamn i Verdal. I: *Verdal Historielags skrifter* 17, s. 174-177.
- Jåma, Paul 1992: "Norden trues av samer - et fremmed folkeslag fra øst". I: *Verdal Historielags skrifter* 19, s. 113-117.
- Opsahl, Erik og Winge, Harald 1990: *Finnemantallet 1686*. Norsk Historisk Kjeldeskrift-Institutt. Oslo.

- Stenvik, Lars F. 1982: En nyopptaget fjellgrav i Tromsdalen. I: *Verdal Historielags skrifter* 8, s. 190-199.
- Stenvik, Lars F. 1988: Ei ny fjellgrav fra vikingtida i Verdal. I: *Verdal Historielags skrifter* 15, s. 7-10.
- Svanberg, Ingvar 1981: Sockenlapparna i Jämtland. I årboka *Jämten* 1981. Östersund.
- Svanberg, Ingvar 1983: Samer i Mellan-Sverige under 1600-tallet. I: *Fenno-Ugrica Suecana* 6. Tidskrift för finsk-ugrisk forskning i Sverige, s. 99-104. Uppsala: Uppsala Universitet.
- Wiklund, K. B. 1928: Huru länge har det funnits lappar i Jämtland och Härjedalen? I: *Jämtlandska Studier. Festskrift til Erik Festin*, s. 391-412. Östersund: Heimbygdas Förlag.
- Zachrisson, Inger (red.) 1997: *Möten i gränsland. Samer och germaner i Mellanskandinavien*. Monograph 4. Statens Historiska Museum. Stockholm.

## Del III

### Personar

#### *Aahkavaerie*

*Bakom lengselens øde vidde  
aahkavaerie stiger frem  
toner som mektig vitne  
høres varsomt eatnems sang  
Vearngajohke gir akkordens brus  
steinsprang gir sitt trommeslag  
Jeg med vart og følsomt øre  
hører aahkavaeries sang*

*Født til slektens sterke røtter  
hele jeg og alt med meg  
språkets hverdag, ietnen-giele  
av far og mor ble talt med meg  
Nå jeg spør i tankens ensomhet  
hvem – hvem snakker samisk med meg  
Her med vart og følsomt øre  
høres aahkavaeries sang*

*Gustav Kappfjell (1913-1999)*



## ”All uretten gjer meg så sint”

Ebba Westerfjell, samesakskvinne og duodji-utøvar

(Trykt i *Klassekampen* 31. oktober 1987 og *Jul i Trøndelag* 1989).

Det er ein av desse sjeldne haustdagane. Glasklår luft med milelang sikt. Haustfargar gir terrenget nye dimensjonar. Eg kan skimte mektige høg fjell på begge sider av den breide dalen.

Det blir ein rettelig solskinstur nordover. Mil etter mil gjennom Sameland. Generasjonar med samisk bruk av naturen her har til og med trengt gjennom på det norske kartet mitt, - litt ymse med rettskrivinga rett nok, men det står iallfall Celevatjahke, Ruruktjahke, Stuoro Dærga, Joma. Det er namn med mystisk sus i eit trøndersk øre. Eg passerer Grong, Harran, Brekkvasselv. Det Sameland eg kjører gjennom er ikkje indre Finnmark, men indre Namdalen. Dette er i hjertet av sørsameland.

Eg passerer Finnvollan og Namsskogan sentrum med sponplatefabrikken til Norske Skog. Dalsidene har stripemønster. Skog, snaufelt og ungplantfelt vekslar. I vegskjæringane glinsar svovelkis og jernmalm. Det er ikkje langt til Skorovatn og Joma gruver kor Elkem har tappa ressursar i mange år. Koloniseringa av sørsameland har mange former. Presset er stort og har vore det i generasjonar.

Samane, den vikande parten, har ikkje hatt mange talsmenn i offentlige debattfora dei siste tiåra. Men ein sjeldan gong har det stått lesarbrev i lokalavisene frå ei ivrig talskvinne, med underskrift Ebba Westerfjell. Første gongen eg merka meg namnet var i 1973. Kven er ho? Det har eg lura på i mange år. No har eg ringt og gjort avtale. Slik har det seg at eg denne haustdagen i 1987 står på trappa til eit raudmala husbankhus på Bjørnstad nordligast i Nord-Trøndelag, like ved E6. Eg skal treffe Ebba Westerfjell.

Blid og trivelig ber ho inn den langvegsfarande til kaffe og nysteika vaffel. Under 60 år er ho, kort og kjappføtt, knapt eit grått hår.

### Fordrivinga frå Åbygda

- Det er all uretten mot oss eg blir så sint av, seier ho. – Eg veit det kjem beiske svar på det eg skriv, men vi kan ikkje lenger berre teie og tåle. Største uretten, fordrivinga av familien til svigerfaren min frå Åbygda ut i villmarka med sju små ungar, det blir eg aldri ferdig med.

Og så forteller Ebba og mannen Jon Westerfjell historia om Peder Jonsen Westerfjell. Som forfedrane sine dreiv han reindrift i Bindalsfjella på begge sider av fylkesgrensa mellom Nordland og Nord-Trøndelag og hadde kåtene (gammene) sine i marka rundt om i dette svære fjellområdet. Hovedbuplassen var den gamle kåteplassen på Skarstad i Åbygda i Bindal, ikkje langt frå næraste norske gardsbruk. Peder skaffa seg ei ku så dei sju ungane skulle få litt mjølk, sette opp ei fjøsgamme, samla fôr i marka og sleppte kua på beite rundt plassen sin. Om dette spurte han ingen om lov – samisk tradisjon gir ingen enkeltperson eige eigedomsrett til jord, skog og fjell. Samane *bruker* fjell- og skogsressursane, dei *eig* ikkje.

Ein del år tidligare hadde familien Plahte fått papir på at dei hadde kjøpt heile området. At eit anna folk hadde rettar i området, sto ikkje i papira til godseigar Frithjof Plahte. Kua til Peder Westerfjell trampa kanskje litt i plantefelta til herr godseigaren. Og dei norske gardbrukarane i Åbygda ville ha kubeita for seg sjøl.

Så fekk Peder brev, både frå bønder, agronom og godseigar. Lange, strikse brev. Underskrifter og styr. Dette vart for mye for Westerfjell. Han tok med seg familien og flytta innover til Oksdalen, langt til fjells, fleire mil frå Åbygda. Men heller ikkje her fekk dei vere i fred.





*Ebba Westerfell*

*(Foto Åke Jünger 1987).*

Eit brev frå brukseigar Plahte frå rundt 1940 slår tydelig fast kven som er herre og kven som er træl:

*”Det er bra De slipper fisk i vannene, bare hold på med det. En gang på vårvinteren vil jeg gjerne ha sendt hit til Terråk et knippe med ørret. De har ikke lov til å fiske til salg. Hvis disse regler ikke overholdes eller det av andre grunner eller det av andre grunner blir nødvendig å si Dem opp, vil De måtte flytte med seks måneders varsel.”*


- Har staten selt samane sitt land til private utan å nemne rettane til oss som har brukt områda i så mange generasjonar at det forsvinn bakover i historias mørke? er Ebba Westerfjell sitt beiske spørsmål. – Og var Peder Westerfjell med kona Elle og sju ungar selt til brukseigar Plahte med hud og hår?

### **Invalidisert**

- Det høyrer med til historia at under dei fjorten-femten åra i Oksdalen vart alle ungane meir eller mindre invalidiserte av det harde slitet der opp, legg Ebba til. – Ein tur til handelsmannen i Åbygda etter proviant tok tre-fire dagar, avhengig av kor tungt dei måtte bære på tilbakevegen. Alle måtte dessutan streve mye for å få samla nok fôr til to kyr. Dette umenneskelige slitet ville dei ha vore spara for dersom dei hadde fått bu i fred nede i Skarstadmarka på den gamle buplassen sin.

I dag står buplassane i Oksdalen og i Skarstadmarka til nedfalls. Dei er minnesmerke over ein urett som aldri vil bli glømt.

Mannen til Ebba, Jon Westerfjell, er ein av dei sju ungane frå Oksdalen – dei var fem brør og to søstre. Han er heimkomen mens Ebba har fortalt historia. Han vil helst ikkje snakke om dette i det heile tatt. Det vekker vonde minne.



*Jon Westerfjell*

*(Foto: Åke Jünge 1987).*

- Eg trur Plahte angra seg da han forsto kva han hadde gjort, seier Jon. – Eller kanskje han heller skjemtest.

Med base på Bjørnstad er det i dag ein av sønnane til Ebba og Jon som driv med reindrift innover i Åbjøra-området. Helst ville òg den andre sønnen drive, men den nye reindriftsloven av 1978 sette ein stoppar for det. – Dessutan er det ein krangel mellom reineigarane her og dei som driv innanfor samme reinbeitedistriktet lengre nord, forteller Ebba.

### **Åbjøra-vegen**

Gammel-ordføraren i Namsskogan, Hans Dahle, har gjort seg til talsmann for at Åbjøra-vegen skal åpnast for fri ferdsel. Dette er anleggsvegen for kraftutbygginga i Åbjøra på 1970-tallet, ei utbygging som la mange samiske kulturminne under vatn, trass i samiske protestar. Det var før loven om kulturminnevern kom i 1978, ein lov som automatisk freda alle samiske kulturminne eldre enn 100 år. No vil bygdefolk bryte konsesjonsvilkåra og åpne vege for turisme og reiselivsnæring. Men dei hadde ikkje rekne med den skriveføre Ebba Westerfjell, som i fleire avisinnlegg har plukka pressgruppa og Dahle sine argument i bitar.

- Dahle bagatelliserer nærværet av rein i området og hevdar at han har sett lite rein her. Men på den andre sida er det ikkje måte på plager han og andre bygdefolk har hatt med rein i tømmerskog og på innmark. Nei, med fri ferdsel innover blir det ikkje arbeidsro for reindrifta. I paringstida i september-oktober og kalvingstida i mai kan uforstandige turgåarar med hundar gjere ubotelig skade. På samme vis om sommaren når samling og merking av kalvar går for seg. Dukkar det opp folk i nærheita da, kan flokken bli spreidd, og dagar og veker med arbeid kan vere heilt fånytted.

- Samlinga av rein om sommaren skjer til fots over store veglause område. Må dei da misunne samane at dei får bruke Åbjøravegen for å lette litt på atkomsten inn i fjellverda? For nokon av oss er dette rett og slett vege heim, til dit vi vaks opp og til område kor slekta vår har halde til i generasjonar. Det finst òg samiske graver i utbyggingsområdet.

Mens vi har prata, har Ebba diska opp med karbonadar og røyka reinskjøtt. Naboar har vore innom. Begge sønnane likens. Nils driv og sett opp verkstadbygg rett attmed huset. Per bur i Finnvaldalen og er fagforeiningsleiar på sponplatefabrikken.

Samtalen snur over på kva kampen mot Alta-utbygginga har betydd for samane.

### **Oppblomstring etter Alta-striden**

- Eg er så glad for den blomstringa som har vore innanfor sørsamisk språk og kultur dei siste åra. Eg trur nok vi har kampen om Alta-utbygginga å takke for det.

Og så legg Ebba ut om korleis ho sjøl har vorte ein del av denne oppblomstringa. Ho driv med samisk kunsthåndverk, duodji, - syr samedraktar og broderer med tinnråd. Siste tida har det vore rettelig fres i arbeidet. Ho får bestillingar frå svensk side òg, etter omtale i tidsskriftet "Samefolket" som kjem ut i Östersund. Ellers går marknadsføringa stort sett på jungeltelegrafan.


- Saemien Sijte, det nye kultursentret vårt på Snåsa, har òg betydd mye. Den samiske husflidskonsulenten Maja Dunfjell Aagård har vore flink til å få oss andre til å komme i gang.

Sjøl har Ebba berre gått eit kort "hemsløyd"-kurs med læraren Marianne Nilsson i Hattfjelldal. Ellers har ho lært det meste gjennom livets skole, - overlevering frå generasjon til generasjon, muntlig opplæring i ein kultur som heilt til dei siste åra har mangla skriftspråk.

- Samisk bevisstheit fekk eg med meg frå heimen min i Majavatn. faren min, Nils Johan Kappfjell, var ein foregangsmann når det gjeld samesak. Han var med på stiftinga av NRL – Norges Reindriftssamers Landsforening i 1948. Han var blant dei 16 sørsamane som så tragisk omkom i bussulykka i Dunderlandsdalen på tur heim frå dette møtet i Tromsø. Denne ulykka var eit stort tap for oss sørsamar.

## Morsmålet

- Heime snakka vi berre samisk. Men så kom tida for å begynne på skolen. Eg er yngst av ti søsken, så foreldra mine hadde funne ut at det var best for meg å lese norsk før eg vart sendt til sameskolen i Havika utanfor Namsos. Men eg kunne ikkje snakke norsk da eg kom dit rett før krigen. Det var fælt. All undervisninga gjekk for seg på norsk. Men vi fekk snakke morsmålet i friminutta og på fritida. Det fekk dei ikkje på andre sameskolar.



*Sameskolen i Havika utom Namsos.*

*(Foto: Åke Jünge 1987).*

- Det var Samemisjonen som dreiv skolen i Havika. Det var ein fin skole på mange vis. Vi var jo mange sameungar samla her. Men vi følte oss litt fortapte, for vi kunne jo så lite norsk. Men lærarane var flinke.

- Så kom krigen og eg måtte over på bygdeskolen i Majavatn. Eg var einaste same i klassen. Det var tøffare. Ein gong fekk eg skryt av lærarn. Han sa eg klarte meg bedre enn dei andre i norskøg. Det skulle han aldri ha sagt. I friminuttet etterpå fekk eg ein hale av elevar som gjekk og herma samisk etter meg.

Her kjem ektemann Jon med eit innskott borte frå godstolen: - Læram min sa ein gong vi ba om forklaring på ei sak: "Vi må berre gå vidare, vi som forstår." Vi sameungane forsto liksom ingenting vi.

Opplæring i samisk, morsmålet, var det ikkje snakk om på skolen. – Det var dei norske skolelovane som var slik. Vi fekk værsågod bli som dei andre og lære norsk. Ebba smiler når ho forklarar dette for ein uvitande intervjuar.

-Faren trøsta meg mang ein gong og sa: "Om no berre nordmenn fekk meir opplysning, så vart det bedre å vere same i skolen."

- Det fine no er at vi samar tør å kjempe for sakene våre. Alta-saka snudde opp-ned på mye. I haust starta første eleven på sameskolen på Snåsa med sørsamisk som hovedmål i

opplæringa. For å styrke sjølvkjensla må vi bli meir konsekvente med å snakke samisk heime. Det er ikkje nok med lærebøker og skole. Her har nok generasjonen min vore for slapp. Sjøl var eg ivrig med å fortelle sørsamiske eventyr til ungane våre. Dikte opp nye eventyr måtte eg òg gjere. No forteller eg dei samme eventyra til barnebarna.

- *Da er det vel viktig at du skriv dei ned så andre òg får glede av eventyra dine?*

- Du er ikkje første som spør om det, men eg har aldri lært å skrive dette morsmålet mitt. Det blir så mange feil at eg får det ikkje til. Og så har eg ikkje tid, seier Ebba og nikkar bort mot duodji-sakene i stuekroken.

- *Men du går no på kurs da, kjem det frå godstolen.*

Og da må Ebba le litt og medgi at ho har hivd seg med på ei halvårseining i sørsamisk skriftspråk i Mosjøen, i ein alder av 57 år. Sprekt.

# Diktaren ved Majavatnet

Eit møte med Gustav Kappfjell – Gaebpien Gåsta.

*(Vevd sammen av portrettintervju trykt i Klassekampen 9. juni 1990  
og artikkel trykt i Samefolket nr. 12 1990).*

Mellingsmoen samfunnshus ein vakker lørdagskveld. Vinter i øvre Namsskogan, mellom Bjørnstad og Majavatn, berre få kilometer frå grensa til Nordland, men enno Nord-Trøndelag altså. Eit steinkast frå elva Namsen, ikkje langt frå der kor elva "tar av" frå E6 austover og oppover mot sine kjelder i Børgefjell. Ute er det stjernelyst. Inne er det bryllupsfest.

Eit femtitall menneske sitt benka langs festbordet, dei fleste i sørsamisk festdrakt. Ein nordsame og vi andre, ei dryg handfull i vanlig norsk feststas, skil oss ut og er for ein gongs skyld i minoritet.

Reinsteik og molt med is er unnagjort. Talane likens. Så reiser ein kar seg, taslar bort til scenetrappa og smyg seg opp på podiet. Han helsar forsamlinga og dei nygifte og leverer ein sterk og rørende appell om å halde fast på det samiske: Ein sjølv laga song på sørsamisk, med nordsamisk tone lånt frå Tanabreddens ungdom.

Forsamlinga er dørgande still under alle versa, og det går tre-fire-fem sekund frå han er ferdig og til applausen bryt laus, slik det ein sjeldan gong er når publikum er rive med og har fått mat til fantasi og tanke. Like mjukt og lett som han entra scenen smyg songaren seg beskjedent ned til plassen sin ved langbordet.

## Gaebpien Gåsta

Syttisju år gamle Gustav Kappfjell er ein av dei få som diktar på sørsamisk. Han fekk gitt ut verdas første diktsamling på sørsamisk for tre år sidan og ruslar gjerne ein tur ut i garderoben for å vise fram boka si til ein norsk ikkje-samisktalende bryllupsgjest. Han les opp litt, oversett og forklarar, - er uendelig tålmodig, mild og godlynt, trass i både dumme og personlige spørsmål. Boka inneheld òg dikt på svensk og norsk, - eit tegn på at dikteren har ein fot i to land, for ikkje å seie tre om ein tar med Sameland. For her i Gustav Kappfjell sine heimtrakter har sørsamane tråla på kryss og tvers i uminnelige tider, lenge før ei riksgrense sette kunstige skiller tvers gjennom samane sine kjerneområde.

Det er no tre år sidan Gustav Kappfjell – eller Gaebpien Gåsta (Kappfjellets Gustav direkte omsett, i tråd med sørsamisk namneskikk som uttrykker at menneska høyrer til landskapet og ikkje omvendt) som han helst kaller seg når han er diktar på morsmålet sitt – fekk gitt ut dikta sine mellom to stive permar. "Gaaltije" betyr "Kjelda" på norsk, kom ut på det samiske forlaget DAT som har lager i Kautokeino, men kontor i Rävudden, Sverige. Layout og bildemateriale er det storjojkaren Nils-Aslak Valkeapää som har ansvaret for. Dette var altså verdas første sørsamiske diktbok. Ein sensasjon som media let passere glatt og greit. Ein liten omtale i tidsskriftet "Samefolket" var all mediablesten som vart boka til del. I løpet av samtalen forstår eg at Gåsta er lei seg for at sørsamiske diktbøker ikkje får samme behandling som andre bøker som kjem ut i Norden.



*Gustav Kappfell – Gaebpien Gåsta.*

*(Foto: Åke Jünge 1989).*

- Lenge frykta eg at boka mi var glømt, at ho var ein "tapare", seier Gustav, og tenker på det diktet i boka si som heiter nettopp "En tapare":

*Var hör jag till  
- och vem är jag?  
Det hänger i luften  
- et outgrundligt dilemma.  
I två världar lever jag  
En same – en tapare  
Under den starkes villkor.*

- Men no har eg fått høyre at "Gaaltije" er utselt frå forlaget, og da veit eg at dikta mine kjem folk til nytte. Da kan eg vere glad, legg Gustav til.

No har vi forflytta oss til Majavatn. Eg har fått vere med diktaren heim. Han tuslar rundt i stua si og forklarar kor mye ekstraomtanke det krev å dikte på eit språk som enno ikkje har fått si faste skriftlige form. Sørsamisk som skriftspråk har berre eksistert i tjuetretti år, heilt sidan professor Knut Bergsland og rektor Ella Holm Bull laga grammatikk og ga ut den første ordlista.

Før det hadde styresmaktene sin beinharde fornorskingspolitikk både mot nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk talande sett sine djupe spor i generasjonar. Snakk norsk! Skriv norsk! Bli som oss!

Men morsmålet lar seg ikkje undertrykke så lett.

### **Greit å vere same i dag**

-Det er no greit å vere same i dag, seier Gustav. – Mot før. Fornorskingspolitikken var beinhard for alle samar. Vi skulle assimilera oss inn i storsamfunnet og bli vekk. Men i dag har eg kjensla av at det beint ut er gjevt å vere same. Det er jo så populært med slektsgransking no. Folk grev i kirkebøkene og granskar røttene sine. Og så kjem dei til meg og spør om den og den var same. Så finn dei ut at det stemmer og at dei har sameblod i årene sjøl. Og da blir det ikkje til at dei godtar lenger at nokon snakkar stygt om oss samar.

- Det var hardt å halde fast på det samiske før i tida. Ein av brørne til mor mi skulle begynne på skole i Namsskogan. Det gjekk ikkje så bra. Dei andre ungane skulle ha rive av han kleda. Han hadde jo samekofta på, og det vart nok ikkje tålt nei. Guten måtte berre slutte og vart sendt til den skytheanska skolan i Bäcksele i Sverige. Frå 1910 fekk vi sameskolen i Havika ved Namsos. Det vart ein fristad. Vi sameungane slapp unna hetsen på ein grei måte, sjøl om det var ein norskskole det òg.

Mange av dikta til Gaebpien Gåsta handlar om nettopp dette, om kampen for det samiske. Vi som ikkje kan sørsamisk, men berre har fått titlane flyktig omsett, kan berre smake på orda utan å forstå diktaren sine tankar:

*Mådtan dihte raerie (Dårlig råd dei fulgte)  
Ledtien såajah (Fuglen syng)  
Saemielassjh (Samiskheit)  
Manne leam saemie (Eg er same).*

### **Sjöllært**

Gustav Kappfjell gjekk på sameskolen i Havika 1921-22, men fekk ikkje undervisning i morsmålet sitt. Ikkje ein einaste time. Her premierte lærarane dei som var flinke i norsk. Samisk snakka ungane seg imellom på fritida.

- Det vart til at bror min, han Nils Olav, vart den som fekk gå skolar. Han vart sett på som eit skolelys. Eg skulka nok ein del, eg. Eg var mest nødt til å vere heime og hjelpe til



med arbeid. Pappa kjøpte ei hagle til meg. Ho kosta hundre kroner. Det tjente eg att på foggel- og ekornjakt på ein einaste vinter.

Å skrive på sitt eige morsmål har Gustav lært seg sjøl. Dikte har han gjort så smått heilt sidan 1949. Men det var så som så med overskott og tid til slikt skapande arbeid midt i eit hardt yrkesliv som reineigar. Ro til å dikte meir har han hatt dei siste femten åra, etter at han vart pensjonist.

Gaebpien Gåsta er ein habil joikar og songar. Han har vore på turné i norske skolar innanfor det sørsamiske området. Dessutan har han vore med ved Festspela i Nord-Norge i 1981. Og han har gitt ut kasett med dikt, joikar og songar i lag med Mosjøen orkester. I 1987 fekk han Grane kommune sin kulturpris. Diplomet er Gåsta stolt av. Det heng i glas og ramme på heidersplassen i stua.

Men høgdepunktet i sitt diktarliv er han ikkje i tvil om. Det var den store jojkekonserten i Konserthuset i Stockholm i 1981, med Sveriges Radio som arrangør og sjølve sjefsjoikaren Áillohas, Nils-Aslak Valkeapää som drivkraft. Med ivrige hender blar Gustav opp i fotoalbumet og viser fram bilde av Áillohas og seg sjøl i robåt ute på Majavatnet.

### **Kampen for morsmålet**

Som ein gest til oss ikkje-samisktalande, er ti av dikta i "Gaalije" på norsk og svensk. Det er nok òg ein gest til alle dei av Gaebpien Gåsta sitt eige folk som ikkje kan sørsamisk. Det gjeld jo både den nordsamiske majoriteten, Tysfjord-samane som snakkar lulesamisk, og ikkje minst alle dei sørsamane av den yngre generasjonen som av mange forskjellige grunnar ikkje kan snakke eller lese sørsamisk. Når det ikkje har vore snakka konsekvent samisk heime, når dei ikkje har fått lære språket sitt i skolen, når dei ikkje har hatt bøker eller aviser eller radio eller TV med eit einaste ord på morsmålet, så er det ikkje så rart at marknaden for ei diktbok på sørsamisk er ganske begrensa.

I diktet "Lapskan" diktar Gustav Kappfjell om dette. Diktet er på både sørsamisk og svensk. Ein vaksen same snakkar samisk til ein gjeng sameungar på veg til skolen, men får svar på svensk:

*Luvlene lim ikth ajveminie  
Gaejnosne diervesjem saemien maanah –  
gihkjelem gieh – jih gien lea guhte?  
Idtjin gænnh svååreh, aerviedim eah guarkah.*

*Ni får tala svenska, inte förstår vi lapska,  
far ni tillbaka till kåtan med den!  
Gåptoen boengesne gujht armoeji,  
buerienamh svaalejinie svienskedam!*

*Guhkies maaje almam lij sæjloedamme  
Tjaangedh tjoeverh jijjeh-sijjiem govlehtidh  
Buerie biejvie – Jupmelen raeffie gåetesne!  
Meit moh jijjeh-sijjiem daesnie åadtjoem?*

*Eran lapska fråga förstås väl än,  
men den lapskan är onyttig,  
slopa Ni den!  
Aervedh dåñ – åedtjen sisvege baski  
Råamanim aelliem njaelmiem biejstieh.*

Assimilasjonsprosessen, storsamfunnet sitt press for å få samane til opp språk og kultur, var forferdelig langt kommen. For mange sørsamar, som er fåtallige og bur spreidd over det 150 000 kvadratkilometer store sørsamiske området, vart det lettast å gi etter for presset og gi opp sørsamiske som førstespråk.

Men ein slepp ikkje unna fortida si så lett. Banda til det som har vore er så sterke. Dessutan finst det kulturbærarar som Gaebpien Gåsta som har forstått at folk ikkje blir lykkelige utan å ha eit rotfeste i fortida, i sin eigne kultur og sitt eige språk.

Med ein bodskap som dette, med sterke ord og ironi i dikt og jojk, blir Gustav Kappfjell ein som vekker sørsamane til ettertanke og til å ta fram det samiske og vere stolt av det. Diktet "Femti-lapp" – *lapp* vart jo samene kalla før, og ein femtilapp er som kjent berre halvparten av ein fullverdig hundrings – er ein bitter diktar si skildring av mindreverd med eit lite håp i bakhand om at det finst ein trollmann – *næjtie* – som kan hjelpe til å snu opp-ned på den trasige situasjonen for samane:

*Det är svårt i detta läge  
Det är tramsigt att vara lapp  
betraktad som en femti-lapp i allskens demagogi  
Det är svårt , ja förvirrat hårdt att vara människa  
av en stam, bedömd och dömd att vara lapp  
ach alls int` nånting mer.*

*Jag bor vid den blåa vägen  
tätt invid asfaltens kant  
och kramar in gruggor från tittarnas moné  
Rysligt blir det inom kolten i detta strömmaland  
Vad med hjärtat? Det nekar vara med  
Aggressivt blir etikettens liv*

*Jag ropade upp mot berget, svara mig demokrati  
Mitt människovärde i etniskan  
övertrampas av pokerexkratiet  
Svaret kom tillbaka, skrämmande ortodoxi  
Övertygad blev jag – betrakta mej inte  
som förkröblad femti-lapp*

*Här måste skalden sluta, utan nå'n refräng  
Låt tiden här få segla sin tråkighet i sänk  
Jag vet det finns kvar en næjtie  
dold inom detta land, så har jag med detta betonat  
ett liv som femti-lapp.*

Sluttstrofen i diktet "Nordkalottens rike" har nok ikkje dikteren skrive for å bli populær blant sine egne:

*Saemielasj. Anonymt bør hjertet bæres.  
Husk, koftekanten bør helst ikke stikke frem  
Irriter ikke med den PR-jojking  
i døren går en stille frem  
Ikke glem at makten bor i glasshus,*

*nervespent og brister når som helst  
Best for saemielasj at du assimileres  
samfunnet plikter ikke hva som helst.*

Men diktaren er ærlig og rettferdig. Han svinger ikkje berre sveipa over andre som gir etter for overmakta. Han tar òg oppgjer med seg sjøl, som i diktet "Jaavoelamme" ("Det som forsvinn"). Han forklarar sjøl:

- Som lommekjent i fjellet vart eg mod og stakk ut vegen til Åbjørkraftvørkot tidlig på 1970-tallet. Paul Vesterfjell og eg slo leir for natta ved Nilsinetjønn. Om morgonen oppdaga vi at teltet sto oppå ei kåtetomt frå forfedrane si tid, så gammel at ingen av oss hadde høyrte om at her hadde budd folk. Vi gløtta på kvarandre da, Paul og eg, og vi vart stille. Fekk litt å tenke på da: Her var vi med på å demme ned forfedrane sine marker! Etterpå skreiv eg dette diktet:

*Jaavoelamme  
Jaavoelam' ovtetje jeeluve sijth  
sijti baalkah suvvielamme  
derhvie gaptjeme aernh-sijjide  
otnerassen duedtie haavjanamme*

*Laevjie! Mah vuajnah doeh vaeride?  
Domtoe eatneme aejverde  
njiemesh spaenjeh giknjeldieh  
vaajjan johke ij vielie aavohth goh*

Ellers dreier diktinga til Gaebpien Gåasta seg om reindrifta og fjellivet, om forfedrane og formødrene sine fjell og natur. Med kraft og stor originalitet flettar Gåsta inn glimt frå sørsamisk historie, gir innsikt i samisk skikk og tenkemåte, som i dikta: "Gaavalohke" ("Lokkereinen"), "Aejverde" ("Klagelyd" – det er naturen som klagar), "Aahkan tjelmieh" ("Bestemor sine auge"), "Aajja Tåamman mierhke-guedtije" ("Bestefar Thomas merkebærar" – om bestefar Thomas Daniel Børgefjell), "Saajve niejtetje" ("Den underjordiske (huldrejenta)"), "Garre biejevieh" ("Harde dagar") og "Manne leam saemie" ("Eg er same"). Det er desse dikta på morsmålet som står diktaren sitt hjerte nærast og som han oftast kjem inn på når han snakkar om diktinga si. På eit språk som er heilt utan skriftlig dikttradisjon er Gaebpien Gåasta sine dikt ein del av grunnmuren i det som er i ferd med å bli den sørsamiske litteraturen.

### **I slekt med Petter Dass**

Er no Gustav Kappfjell ein samisk fanatkar som meiner at berre det ursamiske er bra nok? Den fella kan ein jo fort gå i når ein kjempar ein kulturkamp under press frå alle kantar og der fienden er usynlig men likevel overalt. Men denne fella trør ikkje Gustav i.

- Eg bur jo òg i eit område kor Nordlandstrompeten sjøl har gjalla. Som diktar føler eg meg ikkje så reint lite i slekt med Petter Dass. Dessutan er mye av det eg diktar om på mitt språk fellesmenneskelige saker. Eg liker å ta fram minne – dikte om barndommens rike. Og barna sin verden er fri for rasisme og fordommar.

Han er 77 år, Gustav, men likevel ung å sjå til og av vesen. Mild og klok bak brillene. Det er vanskelig å oppleve den store generasjonskløfta når ein pratar med han. Lett er det òg å forstå at han er på godfot med ungane når han er på skolebesøk. Og det er sjølv sagt *han* som har omsett Gunilla Wolde sine populære Thomas-bøker til sørsamisk.

## Dødsstraff for jojk

I eit folk utan skriftspråk heilt fram til dei siste tiåra, står den muntlige overleveringstradisjonen desto sterkare. Her er Gustav Kappfjell i dag knytt til ein kunstart med røtter så langt bakover at det forsvinn i historias skoddeim: jojkekunsten.

- *Kva er no jojk?*

- Det er ganske enkelt vår samiske folkemusikk, med ord eller utan ord, svarar Gustav. – Vi sørsamar trudde lenge sjøl at jojken var utdødd i området vårt. Da den gamle religionsformen vår vart utrydda, vart også jojken stempla som djævelsk og ugudelig. Kong Kristian Kwart kunngjorde til og med dødsstraff for utøving av jojk i år 1609! I nord, kor samane var i fleirtall, trassa dei forbodet og jojka seg opp gjennom hundreåra fram til i dag. I sør var presset hardare. Men så viser det seg at også hos oss har jojken overlevd, nærmast i ein dvale-tilstand. Ei kulturytring lar seg vanskelig kvele med forbod og truslar om straff, og i min generasjon kunne vi ofte oppleve at dei eldre henfall til jojken når dei vart overmanna av sterke kjensler. Gjennom jojken levde dei ut sine kjensler og vart overmanna av dei indre visjonane *vuelie* – jojkemelodien – vekte inni dei.

- *Når begynte du sjøl å jojke?*

- Eg kan ikkje oppgi noko bestemt tidspunkt. Men eg kan huske at bestemor mi brukte å småerte meg med: ”Du jojka da du kom til verda du Gåsta, og det var din fars jojk du kom med!” På mine eldre dagar har det hendt meg midt under kvardagens gjeremål at eg høyrer for mitt indre øre tonar frå gamle dagar. Det er helst når tankane streifar nokon av dei som har gått bort. Gjennom savnet kjem deira jojketonar til meg og ber om å få bli tatt fram frå glømsla. Det er ei god oppleving.

For å ta vare på melodiar som kjem rekande på dette viset har Gustav ordna seg med eit lite el-piano og kassettpelar som til eikvar tid står klare i ein krok av stua.

- Eg har fått oppleve at andre har glede av å høyre at våre gamle jojkar får nytt liv. Derfor jojkar eg frimodig i små lag, i konserthallar, på festivalar og i radio. Korfor skulle eg ha fått denne gaven, om det ikkje er for å fortelle at i Nordens kulturelle landskap har vi samar no ein viss sjanse til å gjenvinne sjølkjensla vår ved å gjenvinne identiteten via jojken og via språket vårt? Også *vi* har rett til å uttrykke kjenslene våre gjennom sjela sine ibuande krefter. Og vi må lære oss å godta oss sjøl og alt som er vårt eige.

Om han ikkje skriv så mange dikt lenger, så ligg ikkje Gustav på latsida. Han er godt orientert om alt som hender. Skrivebordet hans er stappfullt av bøker, tidsskrift og aviser. Akkurat no les han eit hefte om Fatmomakke Sameforening 1904-79 og eit skrift om Elsa Laula Renberg, ei av dei samiske organisasjonspionerane.

- Ho var ei prektig dame ho Elsa Laula. Ho burde fått ei minnestøtte etter seg, meiner Gustav.

## Maajehnuana kultursenter

Vidare er Gustav Kappfjell opptatt av idéen om at heimlassen Majatangen – Maajehnuana – på vestsida av Majavatnet skal bli eit sørsamisk kultursentrum, ein samlingsplass for samane i området. Det er alt oppretta ei stifting og oppnemnt eit styre. Det er meininga at tre kåter her skal settast i skikkelig stand.

- Eg blir så sint på dei som seier at det er berre reindrifta som er vår kulturbærar. Den samiske kulturen har vi enno ikkje greid å fatte kva er. Kultur gror først og fremst ut frå etnisk identitet. Våre røtter og vår historie må klarleggast så vi kan vite bedre kva vi skal kjempe for. Berre reindrift? Nei, det er ei dyr villfarelse. Her i Norge kan staten ause ut svære summar til reindrifta. Men vi andre, kva får *vi*? Det er no berre omtrent ti prosent av samane som driv med reindrift. Nei, vi samar er ikkje bevisstgjort nok enno.

Han har enno sine meiningars mot Gustav Kappfjell.

- *Har du ei ny bok klar snart?*

- Nei. Akkurat no ser det dårlig ut. Eg er for gammel. Å dikte krev konsentrasjon og krefter som eg ikkje har lenger.

Så spør det om yngre samar har språk og kraft nok til å ta imot utfordringa frå diktaren ved Majavatnet.

## Til minne om Gustav Kappfjell (12.2.1913-24.5.1999)

(Trykt i *Trønder-Avisa* 2. juni 1999 og i *Klassekampen* 4. juni 1999).

Når Gustav Kappfjell no er død, har den sørsamiske kulturen mista sin fremste diktar. Hans diktsamling "Gaaltije" ("Kjelda") frå 1987 er den einaste diktsamlinga som er skriven på sørsamisk og inneheld noko av den finaste poesien som er laga på nokon samisk dialekt.

Etter at Gustav Kappfjell gjekk på sameskolen i Havika ved Namsos tidlig på 1920-tallet, vart han reingjetar i grenseområda mellom Nord-Trøndelag og Nordland, det som i dag er dei to reinbeitedistrikta Kappfjell og Vestre Namdal.

Dikting, song og jojk dreiv Gustav Kappfjell eller Gaebpien Gåsta, Kappfjellets Gustav, som han helst kalte seg i diktarsammenheng, med dei siste femti åra av livet sitt. Han var på skoleturnear, var med på Festespela i Nord-Norge og heldt stor jojkekonsert i Stockholm i lag med Nils-Aslak Valkeapää. I lag med Mosjøen orkester laga han kasett med dikt, jojkar og songar. I 1987 fekk han Grane kommune sin kulturpris. Han har publisert dikt mange stader, blant anna i tidsskriftet Samefolket, i dei sørsamiske årbøkene Åarjel-Saemieh, og i antologiane "Callagat" (1973) og "Vår jord er vårt liv" (1981).

Gustav var veldig engasjert i kampen for det sørsamiske språket og den sørsamiske kulturen. Mange av dikta hans sirkla rundt nettopp dette: Saemielassj (Samiskheit), Manne leam saemie (Eg er same), Du vakre Saemie-eatneme (Sameland). Ellers handla dikta hans om heimen og fjell-livet rundt reindrifta, tankar rundt natur og lokalhistorie, forholdet mellom minoritet og storsamfunn. Eit av dikta handlar om Maajeh-Njuana, eigeidommen han hadde på vestsida av Majavatnet, staden som han ga vekk til ei stifting som skal fremme sørsamisk språk og kultur. Eit anna dikt er om bestemorfjellet "Aahkavaerie":

*Bakom lengselens øde vidde  
aahkavaerie stiger frem  
toner som mektig vitne  
høres varsomt eatnems sang  
Vearngajohke gir akkordens brus  
steinsprang gir sitt trommeslag  
Jeg med vart og følsomt øre  
hører aahkavaeries sang*

*Født til slektens sterke røtter  
hele jeg og alt med meg  
språkets hverdag, ietnen-giele  
av far og mor ble talt med meg  
Nå jeg spør i tankens ensomhet  
hvem – hvem snakker samisk med meg  
Her med vart og følsomt øre  
høres aahkavaeries sang*

Ein stillfaren, men stor diktar er gått bort. Dikta hans vil leve. Takk, Gaebpien Gåsta.



# Den sørsamiske stemmen

## Portrett av Anna Jacobsen.

(Trykt i *Namdalen arbeiderblad* 15. april 1992).

Ho er i stua til mange av oss, Anna Jacobsen – kvar einaste mandag. Ho snakkar til oss òg, men forstår vi kva ho seier? For dei fleste er ho berre ein stemme, - ei snill og klår røyst med uforståelige ord som når oss gjennom eteren kvar mandags ettermiddag. Nærare bestemt: *Sørsamisk magasin* på NRK nordtrønderradioen klokka ti på seks. Kem er no personen bakom dette faste innslaget i radioveka vår?

Frå basen sin i Hattfjelldal har Anna Jacobsen kvar einaste veke sidan 1989 sendt sine sørsamiske magasin. For mange samar i Midt-Norge er stemmen til Anna den einaste sjansen dei har til å få høre morsmålet sitt. Ho har nok ikkje så mange lyttarar som fullt ut forstår alt ho tar opp i magasinprogrammet sitt, - kanskje er det fem hundre, kanskje tusen eller litt fleir i dei to trøndelagsfylka, - magasinet går på lufta i Sør-Trøndelag òg. Og kanskje kan sørsamane sør i Nordland og nord i Hedmark få inn lokalsendingane frå nabofylka? Men fordi dei ikkje har andre media kor dei får høre morsmålet sitt, blir *Sørsamisk magasin* desto viktigare.

### Ny giv blant ungdommen

- Det hender at folk ringer meg og spør kva eg snakka om dersom dei ein sjeldan gong glømmar å slå på radioen til rett tid, forteller ho. – Og det er ikkje alle programskaparar i NRK som opplever *det*.

- *Når du fram til sørsamisk ungdom?*

- Eg har fått bra respons når eg har tatt opp ungdomstema. Da er det verre med barneprogram. I fjor haust laga eg fire-fem barneprogram, men fekk ikkje respons i det heile tatt. Men barn og ungdom er vanskelige å intervjuje på sørsamisk. Dei er usikre på samisken sin og engstelige for at vi eldre skal rette på dei og vere språkpoliti. Det er no ikkje så rart etter at det har gått to generasjonar utan skikkelig morsmålsopplæring. Men no syns eg at eg merkar ein ny giv blant ungdommen. Dei *tør* meir og dei *vil* meir. Her har det årlige midtsommartreffet ved Blåsjön i Jämtland – Ankarede – betydd mye. Ungdom snakkar sørsamisk med kvarandre og slepp å få språket sitt av gammelsamane, om no *det* er det beste.

### Maajehnuana

No har Anna Jacobsen stilt seg i spissen for at sørsamisk ungdom, barn og eldre skal få ein liknande treffstad på norsk side. Søskena Kappfjell – ho er født Kappfjell, Anna – har oppretta ei stifting kalt Maajehnuana, Majatangen. Målet er å utvikle barndomsheimen på Majatangen på vestsida av det store Majavatnet til ein sørsamisk samlingsstad. Anna er leiar for denne stiftinga og har store håp om å knyte mange sørsamiske kulturaktivitetar til denne stiftinga.

### Radiohistorie

Det er no drygt 30 år sidan Anna var på lufta med det første sørsamiske radioprogrammet, trulig det første radioprogrammet nokonsinne på hennes morsmål. Det var i 1959 eller 1960, - ho kjem ikkje på det så nøyaktig. Frå bustaden sin den gongen - i Kristiansand – laga ho eit lite juleprogram på ein nykjøpt Tandberg bandopptakar. Dette sendte ho til redaktør Haakon Storøy i Namos. Det var Storøy som den gongen styra med Namos-kringkastaren i tillegg til redaktørjobben sin i ei av lokalavisene. Trass i dårlig sendarkvalitet på den tida vart





*Anna Jacobsen – Jaahkenelkien Aanna.*

*(Foto: Åke Jüinge 1992).*

tilbakemeldingane på dette første programmet såpass gode at redaktør Storøy tok initiativ til fleire program. Han kontakta Anna Jåma – seinare gift Granefjell – på Høylandet. Såleis vart det ho som tok seg av dei sørsamiske radiosendingane i mange år før Sig-Britt "Pia" Persson Toven tok over. Anna Jacobsen laga òg nokre få program som vart sendt over radiosendaren i Bodø for å nå fram til sørsamiske område som trøndelagssendingane ikkje dekte.

### Lærar og pensjonist

I dag er Anna Jacobsen nybakt pensjonist., etter å ha vore lærar ikkje berre ved sameskolen i Hattfjelldal, men òg ved Mosjøen vidaregåande skole., Vefsn landsbruksskoles grunnkurs i reindrift og fleire vaksenopplæringskurs, mellom anna ved Nesna lærarhøgskole. Frå 1987 til 1. november 1991 var ho Samisk Utdanningsråd sin språkkonsulent i sørsamisk.

Som pensjonist har ho det travlere enn nokon gong før. Ho held eit tempo som kunne fått yngre krefter til å gå ned for telling. Sørsamisk magasin er berre ein liten del av det ho driv med. Ho held fram som lærar i sørsamisk ved Mosjøen vidaregåande skole. Ho driv språkkurs i Vilhelmina på svensk side, under Universitetet i Umeå. No på nyåret har ho starta opp med 42 elevar på eit språkkurs på Røros.

### Sørsamisk ordbok

Ledige stunder går med til ordbokarbeid. Anna er med på eit storarbeid for å få laga ei sørsamisk ordbok. I Kautokeino har Samisk Utdanningsråd Laila Matsson Magga, sjøl sørsame og gift med presidenten i Sametinget, som koordinator. Ho plukkar ut orda frå professor Hasselbrinck sitt trebindsverk *Südlappisches Wörterbuch*, mens Anna og professor Knut Bergsland skal sørge for at dei rundt 20 000 orda blir skrivne rett og får rett tyding. Bergsland er skaparen av den nye sørsamiske ortografien.

Som om ikkje dette var nok, har pensjonisten starta sitt eige forlag *Daasta Berteme* – Forlaget Stjernen. Første boka kjem ut snart og blir eit utvalg av dei beste kåseria frå Sørsamisk magasin. I arbeidet med radioprogramma sine står Anna stadig vekk med språkproblemer i fanget. Ho lagar ikkje berre program om typiske samesaker, men kommenterer òg aktuelle hendingar. Eller ho pratar om turistliv på Tjøme eller situasjonen i Nagorno-Kharabakh. Slik blir ho tvungen til å lage nye ord for ting som ikkje finst i det tradisjonelle ordtilfanget. På den måten får ho god bruk for solide røtter i ei bevisst og aktiv sameslekt, på samme tid som ho bruker fantasi og skaparkraft til å utvikle morsmålet sitt til eit levande og funksjonelt språk til å møte kvardagen med.

- Samisk er ikkje berre eit flott fagspråk for reindrift. Det er morsmålet til alle oss samar som ikkje er knytta til reindrifta, og *det* er fleirtallet. Det er ikkje reinene som gir oss vår samiske etnisitet, men mange er enno dei som er offer for denne misforståinga, seier ho.

### Berre to i landet

Berre to personar i Norge har fram til i dag tatt universitetseksamen i sørsamisk mellomfag. Anna er den eine. Eksamenen har ho skaffa seg i godt vaksen alder. Vegen fram har vore alt anna enn lett.

Ho gjekk på sameskolen i Havika ved Namsos i åra før andre verdskrigen. Det var ein internatskole kor to av "frøknene" var frå Tønsberg-området, noko som fekk den unge Anna til å bestemme seg for å snakke riksmål når ho måtte ta i bruk norsk.

- Eg budde jo på ei dialektgrense, Majavatn, ei av dei kvassaste dialektgrensene i det norske språket. Med sørsamisk som einerådande heimespråk til eg var sju år, prata eg trøndersk når vi var nede i Namsskogan, men slo om til nordlandsk når vi var ein tur i Vefsn. Slik fekk eg eit godt språkkøre. Men folk kunne jo tru at eg dreiv ap med dei når eg dreiv slik dialektsjonglering. Fjorten år gammel bestemte eg meg derfor for å snakke riksmål, så slapp eg denne skiftinga.



*Anna Jacobsen på reise fot. Verdal 1992.*

*(Foto: Åke Jünge).*

### Lengten etter utdanning

- Krigen gjorde det umulig å få utdanning etter folkeskolen. Eg var heldig og fekk meg eit halvårskurs på Thorp og Andersen handelsskole i Levanger rett etter krigen.

Så vart det jobb ein del år på herredskontoret på Trofors i Grane kommune. – Folk sa: ”Ikkje rart det blir mye skatt med denne finnførkja på herredskontoret”, smiler Anna med ein ironisk undertone. Med ein undertrykt og vedvarande drøm om meir utdanning jobba ho så tre år på gjenreisingskontoret i Finnmark, før det vart kontorjobbar i Forsvaret i mange år: Oslo, Bodø, Sola, Kristiansand, Tjøme. Ektemannen kunne skryte av at han hadde ei kone som takla dette flakkande militære beordringssystemet bedre enn dei fleste, - ho var jo av nomadeslekt!

### ”Eitt sidemål er nok”

Drømmen om meir utdanning kunne ho først realisere da loven åpna for at også vaksne kunne ta ungdomsskoleeksamen rundt 1970. – Det var reint høgtidelig å ta artiumsfag som privatist ved Tønsberg gymnas på 1970-tallet. Dette var noko stort for ei som hadde drømt om meir utdanning så lenge og snart var femti år, seier Anna og kan fortelle om korleis ho var den første som tok eksamen i sidemål på sørsamisk i staden for nynorsk.

- Dette var heilt upløygd mark for rektoren ved Tønsberg gymnas, så han trudde meg ikkje da eg sa at eg hadde rett til å ta eksamen i sørsamisk som sidemål når eg hadde dette som morsmålet mitt. Spørsmålet var om eg òg måtte ta eksamen i nynorsk sidemål for å få fullverdig artium. ”Eitt sidemål får vere nok. Dette skal bli morosamt å fikse”, sa rektoren. Så vart det arrangert sidemåleksamen på sørsamisk, noko som var heilt ukjent i det norske skoleverket fram til da. Vi skaffa dit Ella Holm Bull som eksaminator og professor Knut Bergsland som sensor. Sjølve eksamen gjekk for seg på Bergsland sitt kontor på Ural-altaisk Institutt i niande etasje på Blindern. Alt gjekk fint, men reisa måtte eg betale sjø!

Men *det* var berre småtteri mot den reisa gjennom livet som Anna hadde tatt for å realisere drømmen sin: Å få studere sitt eige morsmål på universitetsnivå. Først måtte ho ta nordsamisk grunnfag for i det heile tatt å få gå laus på sørsamisk mellomfagseksamen. Så var det no slik at dei viktigaste læreverka i sørsamisk berre fanst på tysk. Det var professor Eliel Lagerkrantz sine verk *Sprachlehre des Südlappischen*, *Wörterbuch des Südlappischen* og hans *Lappischer Wortschatz* i to bind. Altså gjekk Anna laus på tysk grunnfag for å kunne trenge grundig nok inn i desse akademiske verka.

- *Er det sant at skilnaden mellom nordsamisk og sørsamisk er som mellom tysk og norsk?*

- Heller som mellom italiensk og spansk, vil eg no seie. Ein del ord og ordstammar er likense. Men nokre like ord betyr det samme, andre like ord betyr det motsette. Og atter andre like ord igjen kan bety noko heilt forskjellig på dei to dialektane. Italianarar og spanjolar kan òg irritere seg over at så mye er likt, men at dei likevel ikkje forstår kvarandre. Så korfor skal ikkje vi samar kunne leve med at vi i Norden har fleire svært ulike samiske språk?

### Morsmålet er kulturarv

- *Korleis ser du på framtida for sørsamisk?*

- Eg seier *aldri* at sørsamisk vil dø ut. Eg kunne nok tvile før, men no er det så mange som strømmer til språkkurs og teaterarbeid at eg trur oppblomstringa no vil berge språket.

- *Korfor har ikkje sørsamisk dødd ut etter to generasjonar med beinhard fornorskingspolitikk frå styresmaktene?*

- Ein kan ikkje fungere som heilt menneske om ein ikkje får ha med seg røttene. Kulturgrunlaget styrer begrepsdanninga frå barndommen av. Ja, heile tenkeevnen ligg

rotfesta i morsmålet. Det samiske lar seg ikkje utrydde. Ein ber det med seg overalt. Det er som eit frø som har arvestoffet sitt i seg. Arven pregar heile planten når den gror opp.

### **Alta-striden viktigast**

Anna har hatt mange viktige verv i dei samiske organisasjonane opp gjennom åra. Ho var med i styret for NSR – Norske Samers Riksforbund, under det viktigaste som har hendt for det samiske folket i moderne tid: Alta-striden i 1979-80. Dessutan var ho i åtte år nestleiar i Norsk Sameråd som må seiast å vere forløparen til Sametinget. Her måtte ho steppe inn på kort varsel som representant for det samiske folket på daverande kronprins Harald sin femtiårsdag. Leiaren Aslak Nils Sara var i utlandet. Anna syns sjøl at ho takla oppgaven fint, - ho heldt like godt tale for femtiåringen, først på sørsamisk for så å oversette til norsk.

No bruker ho heile pensjonisttida si og alle kreftene sine på å arbeide for sørsamisk språk og kultur. Ho ikkje berre lagar Sørsamisk magasin. Heile dama *er* eit sørsamisk magasin.

## **Del IV**

### **Bøker**



# Åarjel-saemieh - Samar i sør

Bokmelding av Åarjel-saemieh – Samar i sør Årbok nr. 3 frå Saemien Sijte.

(Trykt i tidsskriftet *Skoleforum* nr. 15 1989).

Det er i grunnen rart kor lite vi veit om sørsamane vi som har vakse opp med samane nært innpå oss her i Nord-Trøndelag, i kjerneområda av sørsameland. Kva visste vi den gongen på 1950-tallet om sameskolen i Havika rett utom bygrensa, vi som var unge i Namsos den gongen? Visste vi i det heile tatt at sameskolen fanst der? Og kva veit ein gjennomsnittselev i vidaregåande skole om at sørsamane har urgamle røtter i Midt- og Sør-Norge trulig så langt sør som til Hedmark fylke? Samar er vel no som før noko som dei fleste forbind med Finnmark, eller til nød Troms og Nordland.

Derfor er det heilt nødvendig at Saemien Sijte, det sørsamiske kultursentret på Snåsa, finst og gir ut si sørsamiske årbok *Åarjel-saemieh – Samar i sør* om lag kvart tredje år.

Kvar årbok har innehalde indirekte innlegg i den store diskusjonen om kor hen og kor langt tilbake i tida samisk busetting kan sporast. Vanlig frå norske historikarar har vore påstanden om at samisk busetting ikkje fanst sør for Namdalen før på 1600-tallet. Kjeldene for dei har vore kirkebøker og andre skriftlige norske kjelder. I årbok nummer 3 får desse påstandane nye skott for baugen.

## Nytt stoff mot framrykkingshypotesen

Det er det først og fremst den aldrande Johs Falkenberg, født 1911, forskar ved samisk avdeling ved Norsk Folkemuseum, som står for. Han plukkar i sin artikkel om innføringa av reinbeitedistrikt i Sør-Norge frå kvarandre påstandane til historikaren Gustav Storm og geografen og etnografen Yngvar Nielsen, som dei to sette fram i 1889, seinare kjent som innvandringsteorien eller framrykkingshypotesen. Desse to framståande akademikarane fekk avgjerande innverknad på den norske politikken og den norske reindriftslovgivinga som vart utforma på 1890-tallet midt i ein bølge av norskdomstrev i kampen for lausriving frå Sverigeunionen. Dette la grunnlaget for norsk politikk overfor samar og reindrift heilt fram til i dag.

Falkenberg kan påvise korleis desse to gjorde grove faglige feil fordi dei hadde nasjonale og politiske skylappar og skulle skaffe den eine parten i ei svær sak gode argument heller enn å få fram sanninga. Etter kommisjonsarbeid og ny reindriftslovgiving i form av ein kongelig resolusjon frå 1894 og "tilleggsloven" frå 1897, var det norske bønder som fekk eigedomsrett til samane sine gamle beiteområde. Reinsamane innanfor kvart reinbeitedistrikt skulle stå kollektivt til ansvar for skadar rein gjorde på bøndene sine setervollar og utmarksslåttar. Bøndene plikta ikkje å gjerde inn.

Mangt eit overgrep og mang ein rettssak mot samar hadde vore unngått dersom norske historikarar ikkje hadde tatt det som ein sjølfølge at dei norske bøndene kom først overalt.

## Samar på Vivallen ca år 1000

Den svenske arkeologen Inger Zachrisson sin artikkel om funn av samegraver og samisk buplass på Vivallen i Funäsdalen fem mil aust for Røros, viser kor god grunn historikarane har hatt til å snu problemstillinga si: Når trengde norske bønder og norsk busetting samane nordover? For radiologisk datering av funna på Vivallen peikar klart mot år 1000 e.Kr. Og Zachrisson har ei lang liste av indisjar som tydar på at Vivallen-funna er samiske.

Ellers inneheld årboka ei rad artiklar som frå ymse vinklar kjem inn på sørsamane sin identitet og møtet med og assimilasjonen inn i det norske samfunnet.



Leif Elsvatn og Alv Vennevik skriv om sørsamar som flytta med rein og familie til Sør-Norge, så langt sør som til Bykle-heiene i Setesdal, Hallingdal, Numedal, Lærdalsfjella og Voss.

### **Bygdesamar ga opp det samiske**

Arvid Jåma tar for seg reindriftssamar på Fosen-halvøya på 1700-tallet. Han får fram kor sårbare sørsamane er som folkegruppe. Samar som vart utan rein på grunn av rovdyrplage og kanskje tjuvjakt, vart fastbuande på marginale småbruk kor kampen for å overleve som individ vart ein stri tørn. For slike bygdesamar kunne det ofte gå slik at kampen for den samiske kulturtilknyttinga vart tapt etter ein generasjon eller to. Slik var den norske assimilasjonen effektiv.

Blandinga av artiklar på sørsamisk, norsk og svensk om kvarandre i samme bok kan nok avgrense lesartallet. Men det blir desto tydeligare at riksgrensa er eit kunstig skille gjennom sørsameland.

### **Høgt faglig nivå**

Det er ein stor prestasjon at ein liten og fattig institusjon som Saemien Sijte med tre-fire tilsette og med berre eit par tusen sørsamar i ryggen, - ingen veit skikkelig kor mange, - får til ei så skikkelig årbok. Det vitenskapelige nivået frå bind 1 1983 og bind 2 1985 held seg bra. Dette må da vere den viktigaste fagboka som er gitt ut i Midt-Norge siste året?

Denne årboka er ikkje berre eit fellesorgan for dei små og spreidde forskingsmiljøa om sørsamar på begge sider av riksgrensa. Den er òg eit viktig organ for å styrke det sørsamiske språket og kulturen, bygge opp ei sjølvkjensle som einkvar minoritet er nødt til å ha for å overleve. Beinhard fornorsking og meir skjulte undertrykkingsmekanismer over generasjonar har fått mange samar til å gi opp og "bli" norsk. Alta-striden var ein vekkar, men kanskje berre eit blaff?

I lys av dette hadde det kanskje vore ein idé om fleire av artiklane i årbøkene vart omsette til sørsamisk og at dei sørsamiske artiklane kom på enten norsk eller svensk, iallfall eit sammendrag.

### **Minoritet i minoriteten**

Sørsamane blir kalt for ein minoritet i minoriteten. Samisk språk har utvikla seg slik at sørsamar og nordsamar ikkje forstår kvarandre. Dei er ei lita folkegruppe på kanskje berre to-tre tusen menneske i Norge og Sverige tilsammen, buande spreidd over heile det svære sørsamiske området, i Norge frå Saltfjellet i nord ned til Elgå i Hedmark.

Desto større er grunnen for oss norske som har vakse opp i gråsonen mellom samekultur og norsk kultur til å sette oss inn i sørsamisk kultur og historie. For meg som er norsk er denne årboka ei kjelde til sørsamisk liv og historie til å bli klokare av.

---

Sverre Fjellheim (red):  
*Åarjel-saemieh – Samer i sør.*  
Årbok nr 3 - 1988.  
Utgitt med støtte frå:  
Kommunaldepartementet.  
Norsk Kulturråd.  
Saemien Sijte, 7760 Snåsa.  
147 sider.  
ISBN 82-90412-68-1.

# Sørsamisk nådetid

**Bokmelding av Sverre Fjellheim: "Kulturell kompetanse og områdetilhørighet."**

*(Trykt i Klassekampen 11. mai 1992).*

I ei tid da undertrykte grupper så mange stader driv svært så militant kamp for frigjering og egne statar, kan samane sin kamp her heime fortone seg som reine idyllen. Samane har ført ein seig og langvarig kamp, først og fremst med ord. Smellet i Stilla tidlig på 1980-tallet og Kautokeino-opprøret i 1852 er berre små unntak i mange hundreår med ikkjevaldelig motstandskamp.


Blant sørsamane er Sverre Fjellheim ein av dei mest ihuga talsmennene. Han har fått eit års NAVF-forskningspermisjon frå stillingen sin som styrar ved Saemien Sijte – dei sørsamiske samlingane på Snåsa (SSS).

Året har han brukt til å lage eit kampskrift med den fredelige tittelen *Kulturell kompetanse og områdetilhørighet. Metoder, prinsipper og prosesser i samisk kulturminnevernarbeid*. Frå sin posisjon som styrar ved SSS sidan 1980 har Sverre Fjellheim vore ein vaken observatør og aktør i den samiske kampen etter Alta-striden. Han har halde foredrag og skrive artiklar og vore ein viktig premissleverandør for debatt, spesielt i dei sørsamiske områda frå Rana i nord til Engerdal i sør.

## **Kulturminnevern**

Det er kulturminnevernet som er Fjellheim sitt hjertebarn. Han hevdar at samane, spesielt sørsamane, lever i ei nådetid når det gjeld å dokumentere mye av grunnlaget for sin etniske identitet: Det "gamle" samesamfunnet knytta til reindriftnomadismen.

Fjellheim har vore ein av leiarane av den første systematiske innsamlinga av sørsamiske kulturminne. Dette arbeidet kartla rundt 5000 kulturminne på 2500 stader i heile det svære sørsamiske området. Men dette materialet er likevel nødt til å vere berre toppen av eit sørsamisk kulturminneisfjell.



*Illustrasjonar frå boka, tegna av Roy-Willy Brochmann.*

Dei fleste driftseiningane som dreiv reindrifft på gammelmåten, kutta ut mjølking av rein, kjevling av kalvar, laging av reinost og reiskapar knytta til denne driftsmåten for godt over femti år sidan. Dette dokumentererer Fjellheim på glimrande vis i kapitlet om den sørsamiske reindrifftsnomadismen i eit historisk perspektiv. Fjellheim sitt poeng er at resten av isfjellet må avdekkast i løpet av ein tiårsperiode. Nådetida er altså no.



*Illustrasjonar frå boka, tegna av Roy-Willy Brochmann.*

### **Språket**

Dette gjeld vel òg for det sørsamiske språket som i mange år har vorte pressa ut av bruk blant mange sørsamar. Det merkelige er at Fjellheim etter boka å dømme ikkje er opptatt av dette i det heile tatt, - ein opplagt veikskap ved boka hans.

No kan han forsvare seg med at språkspørsmålet krev så grundig behandling at rammene for ei bok lett ville bli sprengt. Likevel er det rart at språket som kulturberande faktor ikkje blir direkte drøfta i denne ellers så grundige og veldokumenterte boka.

Indirekte kjem Fjellheim inn på språkspørsmålet i den grundige og avslørande gjennomgangen av diskusjonen rundt tilsetning av tre konsulentar i samisk kulturminnevern under Tromsø Museum i 1989. Fjellheim sin analyse av denne striden som eit skoleeksempel på motseiinga mellom skriftkultursamfunnet (majoritet, makt) og det skriftkulturlause samfunnet (minoritet, avmakt), er veldokumentert, saklig og sviande avslørande.

Dei samiske representantane i denne saka måtte oppleve Tromsø Museum sine hardnakka akademiske haldningar som ei ny form for undertrykking og formyndarskap frå skriftkultursamfunnet si side. Eg hadde trudd at tida med nedvalsing av samiske krav var slutt etter Alta-kampen, spesielt i ei tid med Sameting og Samerettsutvalg i aktivt arbeid. Men Sametinget er utan makt og Sametinget arbeider svært seint, så storsamfunnet kan tydeligvis stikke fram klørne av og til.

Konsulentstriden ved Tromsø Museum er berre eit av mange døme på kva samane må halde ut frå skriftkultursamfunnet si side. I denne konkrete saka fekk dei samiske interessane krava sine igjennom, ikkje minst på grunn av støtte frå Riksantikvaren, som ikkje kunne unngå å støtte det synet Fjellheim og andre samar sto for: At ein konsulent i samisk kulturminnegransking må ha samisk kulturbakgrunn og kulturforståing og ikkje minst kompetanse i samisk språk.

I skriftet sitt legg Fjellheim for første gong offentleg fram heile dokumentasjonen av museumsstriden – og eg kan ikkje anna enn rose dei samiske medlemmane i Samisk kulturminneråd, Saemien Sijte, Samiid Vuork Dvvirat og andre organ som har mage til å kjempe for sine saker år etter år.

### Prosess

Det mest positive med Fjellheim sitt kulturkampskrift er visjonane hans om korleis samisk kulturvernarbeid er ein prosess som kan aktivisere mange i dei samiske lokalsamfunna dersom det får lov til å drivast på samane og ikkje på storsamfunnet sine vilkår. På grunnlag av det arbeidet som har vore gjort, legg Fjellheim opp til ein prosess kor registrering, dokumentasjon, forskning, formidling, forvaltning og vern skaper kulturell eigenaktivitet og samisk sjølvkjensle.

Som Fjellheim gjer i skriftet sitt kan det vere på sin plass å minne om den nye "sameparagrafen" 110 A i Grunnloven:

*"Det paaligger Statens Myndigheter at lægge Forholdene til Rette for at den samiske Folkegruppe kan sikre og utvikle sit Sprog, sin Kultur og sit Samfundsliv."*

Sverre Fjellheim har skrive ei klok bok, som bør få skriftkultursamfunnet sine styresmakter til å ta den nye grunnlovsparagrafen på alvor og arbeide i eit langt høgare tempo enn til no for å realisere den. For det samiske folket består ikkje berre av nordsamar, men òg av lulesamar og sørsamar og andre, og desse mindre språkgruppene har lenge levd i ei nådetid når det gjeld å berge språket sitt. Ein grunnlovsparagraf skal vere meir enn noko å skjule seg bak når den blir brukt som fjær i hatten i internasjonale fora.

---

Fjellheim, Sverre:  
*Kulturell kompetanse og områdetilhørighet.*  
Metoder, prinsipper og prosesser i samisk kulturminnevernarbeid.  
Snåsa: Saemien Sijte 1991  
ISBN 82-992522-0-2



# Lappekommisjonen 100 år - Dovletje I

**Bokomtale av: Lappekommisjonen av 1889. Del 1. Transkribert og bearbeidet av Anders Løøv. Bind I i serien DOVLETJE - kildekrifter til sørsamisk historie. Saemien Sijte, Snåsa.**

*(Trykt i Klassekampen 1992).*

I år er det nøyaktig hundre år sidan den statlige Lappekommisjonen av 1889 leverte si "Indberetning" til kongen. Det lille, men driftige sørsamiske kultursentret på Snåsa, Saemien Sijte, har fått Anders Løøv til å leite fram og arbeide gjennom dette gamle dokumentet frå Riksarkivet i Oslo.

Anders Løøv har i mange år vore ein ivrig granskar av gamle samiske kjeldeskrifter og ein av dei fremste kjennarane av samisk materiale. I lag med Eva Akselsen ga han i 1989 ut den store "Sámi bibliografia" 1945-1987, eit glimrande oppslagsverk for alle som er interessert i samiske forhold.

Korfor hale fram dette gamle halvgjømte materialet? Fremste årsaken eg kan sjå er at dette materialet danna grunnlaget for den norske staten sin politikk mot den samiske minoriteten i samband med både reindriftslovgivinga og assimileringspolitikken: Samane skulle lære seg majoriteten sitt språk, kultur, tankegang -- bli norsk og kvitte seg med dette primitive samiske.

Å bringe dette materialet fram i lyset att vil få oss til å forstå korfor behandlinga av samane vart slik den vart. Men ikkje berre det: I ti år har det no i vår tid vore eit samerettsutvalg i arbeid. Etter at første innstillinga kom i 1984, har vi høyrte lite om kva det driv med. Det arbeider seint, og mange i samiske kretsar er utålmodige -- skal dei aldri komme med ei ny innstilling? Retten til land og vatn i dei samiske områda er det svære temaet utvalget no jobber med. Den nye utgaven av Lappekommisjonen sett eg i samband med den løpande dialogen mellom minoritet og majoritet som går for seg år etter år rundt Samerettsutvalget sitt arbeid.

Boka er spekka av fakta -- for dei som er interessert i samisk historie er ho ei gullgruve. Men med den hundre år gamle språkdrakten nøyaktig til minste detalj, kan ein knapt rekne med at denne boka blir folkelesing. For samiske aktivistar og alle som er interessert i historie, er dette skriftet interessant lesing.

Boka er første bindet i ein planlagt serie frå Saemien Sijte: Dovletje -- kjeldeskrift til sørsamisk historie. Eg ser fram til fortsettinga.

---

*Lappekommisjonen av 1889 - Del 1.*  
Transkribert og bearbeidet av Anders Løøv.  
Dovletje – kildekrifter til sørsamisk historie \*I\*  
Saemien Sijte, Snåsa 1991.  
ISBN 82-992522-1-0.  
ISSN 0803-6233.



# Fragment av samisk historie

**Bokmelding av Sverre Fjellheim(red): Fragment av samisk historie.**

*(Trykt i tidsskriftet Heimen bd. 33 1996).*

Kor har kulturgrensa mellom samar og norske/svenske bønder gått til forskjellige tider? Kva for prosessar har funne stad i grensesonen mellom folkegruppene? Har samane "trengt inn" i Trøndelag sør for Indre Namdal og vidare sørover til Femundstraktene i Hedmark i Norge og i Jämtland/Härjedalen sør for linja Lierne-Strömsund etter år 1500-1600 (framrykkingshypotesen) eller er samane å rekne som urfolk også i desse områda av den skandinaviske halvøya?

Dei siste 25 åra har det bølga ein debatt om desse spørsmåla, med bidrag frå forskarar innanfor mange fag: historie, arkeologi, etnografi, geografi, stadnamngransking, språkforskning, - og ikkje å gløkke frå samane sjøl.

Boka *Fragment av samisk historie* er eit nytt bidrag frå den samevnlige sida i debatten og kom ut på nyåret i 1996 midt oppi all støyen rundt endringane i reindriftsloven. Denne boka inneheld fem foredrag som vart haldne på *Saemien våhkoe* i samband med 350-årsjubiléet for bergstaden Røros.

## **Knut Bergsland**

Professor i finsk-ugriske språk, Knut Bergsland, var den som sette i gang debatten om den til da rådande framrykkingshypotesen rundt 1970. Denne hypotesen var sett fram av Yngvar Nielsen i 1889, ein tungvektar innanfor det akademiske miljøet i Kristiania og frå 1890 professor i etnografi og geografi. I *Fragment av samisk historie* skriv professor Bergsland om sørsamiske dialektar og stadnamn. Svært få kjenner dette stoffet så godt som nettopp Knut Bergsland. Han har funne belegg for å hevde at dei merkelig gamle formene i dei sørlige dialektane innanfor det sørsamiske dialektområdet frå Saltfjellet/Umeeelv i nord til Härjedalen/Hedmark i sør ikkje kan avleiast av dei nordligaste dialektane innanfor samme området. Og i eit større perspektiv kan heller ikkje dei sørsamiske dialektane avleiast av nordsamisk. Bergsland kjem derfor fram til at påstandar om at sørlige samegrupper er "rykka" sørover først i nyare tid (som f.eks. Kjell Haarstad kjem med i boka *Sørsamisk historie* 1992) *ikkje* finn støtte i dialektforholda innanfor samiske område.

Bergsland skriv òg om aldersbestemming av sørsamiske stadnamn i Härjedalen/Røros-området. *Gåebrie* (det gamle samiske namnet for Kjølifjell) og *Mahkalahke* (det samiske namnet på Riast-samane sin gamle vår- og haust-plass ved Litj-Langen aust for Riasten rett nord for Røros) er to av fleire eksempel på namn som ikkje lar seg forklare ut frå moderne sørsamisk. Altså må dei vere svært gamle ifølge Bergsland.

## **Inger Zachrisson**

Arkeologen Inger Zachrisson, dosent ved Historiska Muséet i Stockholm, skriv om arkeologiske funn og skrivne kjelder i det sørligaste sørsamiske området. Ho kjem med ei velbegrunna omtolking av Snorre si skildring av Olav den hellige si herjing mot finnar i Herdalir. Zachrisson gjer sannsynlig at desse Herdalir er det noverande landskapet Härjedalen og at finnane det er snakk om må ha vore samar. Ho sett denne skriftlige kjelden i sammenheng med andre kjelder. Ei er den kjente Ottar-relasjonen frå ca. år 890, kor det står at det bur finnar øst for Nordmannaland, med støtte av dei seinare kjeldene Adam av Bremen ca. 1070 og Historia Norvegiae ca. 1190. Ei anna er arkeologiske kjelder som samiske gravfelt og buplassar frå Vivallen i Härjedalen og Långön i Ångermanland, C14-tidfesta til perioden år 800-1200. Lovkjelder som dei sørnorske Eidsivathings-



og Borgarthingslag frå 1100-tallet nemner forbod mot å fare til Finnmerkr og bli spådd, eit forhold som plasserer Finnmark i Midt- eller Sør-Skandinavia.

Zachrisson kan såleis gi mange belegg for at samar i vikingtid og middelalder har sett geografiske spor etter seg i eit mye vidare område enn det som er rekna som område for samisk bruksrett i vår tid.

### **Phebe Fjellström**

Phebe Fjellström, professor i etnografi, har ein interessant gjennomgang av samesølv som kjelde for utforskning av sør- og nordsamisk kultur. Frå 1300-tallet brukte samane sølv som verdibærar, status- og velstands-signal innanfor det meir og meir lagdelte samiske samfunnet. Halv- og heilnomadiserande samar hadde ikkje verdiar låst i fast eigedom. Sølv var lett å frakte med seg eller legge ned i jorda. Fjellström meiner at overskott til sølvkjøp vart skapt gjennom samisk pels- og kjøtthandel med norrøne høvdingar og europeiske handelsfolk som kom til marknader langs kysten.

Interessant er òg Fjellström si forskning på det detaljerte og finurlige kunnskapssystemet om reinskjøtsel som finst i dei samiske dialektane. Ho finn belegg for å hevde at eit så detaljert kunnskapssystem ikkje kan ha blitt utvikla frå så seint som på 1600-tallet, da dei fleste forskarane til no har hevda at den samiske reinnomadismen slo igjennom. Fjellström utelukker ikkje at samisk reinskjøtsel kan gå tilbake til 500-tallet og må ha eksistert parallelt med eit samisk jakt- og fangstsamfunn basert på pelshandel med germanske/nordiske høvdingar.

### **Sverre Fjellheim**

Konservator Sverre Fjellheim frå Samisk kulturminneråd har ein glimrande gjennomgang av det samiske kulturlandskapet med eksempel, kart og bildemateriale frå sine egne heimtrakter i Riast/Hylling reinbeitedistrikt. Spora etter reinnomadismen og ein kultur som var avhengig av ikkje å sette spor etter seg i naturen, er ikkje lette å påvise hundrevis av år etterpå. Men eldstader, gammetufter og mjølkekaggegroper er landskapsspor som lar seg påvise for ein observatør som er kjent med tankegangen til menneska som ein gong livberga seg i skog og på fjellvidder.

### **Marit Fjellheim**

Marit M. Fjellheim sin artikkel *Samer og reindrift i Røros-traktene* er ein grei gjennomgang av eksisterande litteratur. Ho gir òg oversikt over lovverket når det gjeld samar og reindrift, eit stoffområde som fleire burde ha sett seg inn i når ein har den oppheita debatten om endringane i dagens reindriftslov i friskt minne.

Boka inneheld mange og gode illustrasjonar. Med fordel kunne det ha vore med ein kort presentasjon av kvar enkelt forfattar med faglig bakgrunn.

Alt i alt er *Fragment av samisk historie* eit tankevekkande og verdifullt bidrag til å komme vidare i arbeidet med å få fram samane si historie på den skandinaviske halvøya. Samisk historie har delvis vore "glømt" av lærebokforfattarane i norsk skole og av historikarane, eller kjeldene har vore tolka gjennom etniske brilleglass frå majoritetskulturane sine representantar. Derfor er det enno mange fragment og mye forskning som manglar før ein får eit sammanhengande bilde av samisk fortid.

---

Sverre Fjellheim (red.):

*Fragment av samisk historie.*

*Foredrag Saemien Våhkoe Røros 1994.*

Utgitt av Sør-Trøndelag og Hedmark Reinsamslag, 7460 Røros.

104 sider.

ISBN 82-993684-0-5.

# Møte i grenseland – nye teoriar om samar og germanarar i Skandinavia

**Bokmelding av Inger Zachrisson (red.): "Möten i gränsland. Samer och germaner i Mellanskandinavien**

*(Trykt i tidsskriftet Heimen Bd. 36 1999).*

I snart 30 år har det rasa ein debatt blant historikarar, arkeologar, geografar og andre om kor langt sør og kor lenge det har vore samar på den skandinaviske halvøya.

No har Inger Zachrisson, arkeolog og dosent ved Statens Historiska Museum i Stockholm, redigert og vore hovedforfattar for ei bok som kan vise seg å bli ein milstolpe for samisk historie/forhistorie i sør.

Zachrisson har brukt over tretti år som forskar på å grave fram nytt materiale og tolke om att gammelt materiale om samar i Skandinavia. Den nye boka er såleis ei oppsummering av eit livsverk, men med bidrag frå mange framstående vitenskapsfolk i andre disiplinær enn berre arkeologi.

Det vart store medieoppslag midt på 1980-tallet da Inger Zachrisson leia dei nye utgravingane på Vivallen, Funäsdalen i Härjedalen, fem mils veg aust for Røros. Da var ho med på eit team i det sørsamiske prosjektet som fann restane av ein eldstad av samisk type inni ei ringforma gammetuft og kunne datere funna til ca. år 800-1200 e. Kr. Ein annan eldstad og ein avfallshaug med meir daterbart materiale vart funne. Dessutan gjekk undersøkingsteamet gjennom funnmaterialet gravd ut av Gustav Hallström i 1913 på eit gravfelt 70 meter unna eldstadene og fann mange indikasjonar på at dei gravlagte kunne ha vore samar. Ny utgraving i Vivallen-gravfeltet på 1980-tallet ga fleire haldepunkt for at dei gravlagde var samar.

## **Tverrvitenskaplig prosjekt**


Sidan vart det sørsamiske prosjektet utvida og kom til å omfatte tre arkeologar, ein kvartærgeolog, ein språkforskar i finsk-ugrisk, ein osteolog (beinforskar), ein odontolog og ein økonom - vitenskap på tvers av mange fagområde altså, innanfor prosjektramma "Kulturgränser och kontaktformer - samer och germaner i Mellanskandinavien."

I den nye boka "Möten i gränsland" legg Zachrisson & co fram Vivallen-funna i heile si breidde og til minste detalj, pinlig nøyaktig som berre arkeologar med teskje og sans for den minste trepinne eller beinsplint kan greie det. Er no det nødvendig? Ja, fordi Zachrisson sine funn og tolkingar kastar omkull det som fram til 1970-tallet var det rådande synet på samar i sør: geografen og etnografen Yngvar Nielsen sin framrykkingshypotese frå 1889. Den gjekk ut på at samane heldt til frå gammelt av i Finnmarka i nord, i nordlige Nord-Trøndelag og nordvestlige Jämtland (ei finnmark mye lenger sør enn vår tids Finnmark fylke), men kom vandrane sørover i skogs- og fjellområda mellom Norge og Sverige på 1600- og 1700-tallet, rykka sørover forbi Tydal ca. år 1700. (Nielsen: Lappernes fremrykning mot syd i Trondhjems Stift og Hedemarkens Amt. S. 18-52 i Det Norske Geografiske selskabs årbog 1889-90. Kristiania 1891.)

Framrykkingshypotesen har framleis sine tilhengjarar, fremst representert ved historieprofessor Kjell Haarstad, NTNU, som seinast i 1992 skreiv ei bok om sitt syn på sørsamisk historie og konkluderte: *"Hele mitt materiale vitner om at hans [Yngvar Nielsens] "fremrykningsteori" står urokket ennå i dag, hundre år etter at den ble lansert."* (Haarstad: Sørsamisk historie. Ekspansjon og konflikter i Rørostraktene 1630-1900. Trondheim 1992.)

## **Eintydig konklusjon: Vivallen var samisk vinterbuplass**

Zachrisson og hennes medforfattarar legg fram ei lang liste over arkeologiske indisiar på at samar



*Skråskravert område: Mellomskandinavien i Zachrisson si bok. (Kopi frå s. 10 i boka).*

budde på og brukte Vivallen med omland iallfall i perioden 800-1200 e. Kr., kanskje lengre, og her er det snakk om eit område som er langt sør for Tydalen og eit tidsrom mange hundre år før framrykkingshypotesen tilseier. Ein kan bli imponert over kor grundig arkeologane arbeider: Fosfatinnholdet i jordsmonnet gir tegn om menneskelig aktivitet. Fargeending i jorda viser eldstader. Kvar ein beinrest blir artsbestemt av osteologar om det går an. Steinrestar kan vere bearbeidd av menneske. Neverrestar viser tegn på neversveiping av lik, ein samisk gravskikk. Og så har C14-metoden gitt høve til aldersbestemming av organisk materiale på ein heilt annan nøyaktig måte enn før. Pollenanalyse kan avsløre tidligare tiders endringar i vegetasjon og menneskelig bruk av området. Vivallen-materialet er resultatet av mange års tverrvitenskaplig analyse og samarbeid, og Zachrisson sin konklusjon er eintydig: Her var ein samisk vinterbuplass med gravplass i kontinuerlig bruk i vikingtid og tidlig middelalder.

Det spennande spørsmålet som reiser seg er da: Finst det eit direkte samband mellom samane som befolka nordlige Härjedalen i vikingtid og tidlig mellomalder og den sørsamiske folkegruppa i området i dag? Kontinuiteten frå 1200-tallet og fram til 1600-tallet da ein får historiske dokument på samisk bruk av området, er eit problem, men Zachrisson meiner dette berre er eit spørsmål om å bruke større ressursar til meir omfattande undersøkingar i området i tida framover.

### **Tilfeldig forvilla samegruppe nordfrå?**

Skeptikarane har hevda at Vivallen-busettinga berre skulle vere ei tilfeldig forvilla utvandra samegruppe nordfrå. Men Zachrisson har i eit langt arkeolog-liv samla materiale om innsjøgraver og fjellgraver i heile Midt-Skandinavia og gått gjennom slikt funnmateriale. Og med Midt-Skandinavia meiner ho eit område som famnar om heile Sør-Norge nordover til og med Sør-Trøndelag og i Sverige eit område avgrensa i nord av linja aust-vest midt gjennom Ångermanland og Jämtland på ca. 63°30', i sør avgrensa av den såkalte *limes norrlandicus* gjennom Värmland, Västmanland dreiar nordaust gjennom Uppland mot Östersjön. Med støtte av arkeologar som Lars Stenvik, Norge, Jan Sundström, Sverige, og Martin Gollwitzer, Tyskland, finn ho at det var to ulike sosio-økonomiske system i Midt-Skandinavia i jernalder og tidlig middelalder: ein veidekultur og ein jordbrukskultur. Spørsmålet er da om representantane for veidekulturen var samar, altså det som i dei eldste skriftlege kjeldene blir kalt finnar, og altså direkte kulturelle forløparar for det vi kallar samar idag. For jordbrukskulturen i bygdene var jo germansk.

Frå veidekulturen kan Zachrisson påvise så mange felles kulturtrekk etter nye granskingar av gamle funn i Vang i Valdres, Aust-Hedmark, Horrmunden og Tisjön i Dalarna, og i området rundt Vivallen i Härjedalen, at ho ikkje er i tvil om at det her dreier seg om eit meir eller mindre sammenhengande samisk kulturområde.

### **Støtte i skriftlege kjelder**


Støtte for synet sitt finn ho òg ved å trekke inn skrivne kjelder frå ca. 550 til 1350 e. Kr. Ho går igjennom eit stort og interessant materiale: Jordanes (år 551), Prokopios (ca. 550), Paulus Diaconus (ca. 780), Orosius (Alfred av Wessex, Ottar, ca. 890), Adam av Bremen (ca. 1070), Eidsivathingslag og Borgartingslag (før ca. 1120), Historia Norvegiae (ca. 1190), Ågrip (ca. 1190) og ei rad sagakjelder skriv om skridefinnar, finnar, semsveinar og liknande. Dei austnorske lovkjeldene sine forbod mot å dra til Finnmork for å la seg spå, seier indirekte at den vanlige "germanar" i lovområdet hadde brukt å gjere dette, og da måtte samane sitt område ligge nært til. Skriftkjeldene sine historier om samane sine framifrå ferdigheiter på ski og med pilboge, blir så ofte nemnt at det er reine stereotypien.

Zachrisson kjem til følgande konklusjon: Dei skriftlege kjeldene viser at samane i vikingtid og tidlig middelalder var ein naturleg del av det norrøne samfunnet og sto i eit symbiotisk forhold til det. Men samane vart ikkje sett på som likeverdige, men ståande litt på utsida. Kirka oppfatta dei ikkje-kristne samane og shamanismen som eit trugsmål mot den nyvunne maktposisjonen sin. Dei

avgjerande kriteria for den samiske kulturen ser ut til å vere basert på økologiske, økonomiske og religiøse skilnader ut frå skriftkjeldene. At språkskilnad ikkje blir nemnt tar Zachrisson som tegn på at såpass mange var tospråklige slik at det ikkje var kommunikasjonsproblem på grunn av språk.

### Støtte i finsk-ugrisk språkforskning

Danske Norbert Strade er ekspert på finsk-ugriske språk. Hans bidrag i boka er å aldersbestemme formene i det sørsamiske språket, som jo er ganske forskjellig frå nordsamisk og andre samiske dialektar. På eit reint språklig grunnlag finn Strade at sørsamisk er den mest gammelmodige (arkaiske) samiske dialekten. Dette er eit bevis for at sørsamane ikkje kan ha vandra inn nordfra i nyare tid, for da måtte dialekten ha mye tettare slektskap med dei nordlige eller austlige samedialektane, og det har den ikkje, kan Strade påvise.



*Kartriss med isoglossar (linjer rundt område med mange fellesord i dialekten) for å vise sammenhengar i den samiske dialektkjeden. (Kopi frå boka s. 181).*

Han er dessutan tilhengar av ein ny språkhistorisk teori om at dei første menneska i det nordvestlige Eurasia snakka eit ur-uralsk språk, som samisk har utvikla seg frå. Samisk og den uralske forløparen må ha vore språket for urfolk langt sør for den noverande samiske sørgrensa, blant anna i heile Sverige, heilt til den indoeuropeiske eller germanske ekspansjonen frå om lag 5000 år sidan tok til å assimilere dei uralske språka og trenge restane mot nord. Strade trekker fram dei mange gamle skandinaviske stadnamna som kan vere indisjar på samisk eksistens i Sør-Norge: Namn som Finnstad, Finnskot, Finnberget, Finnholt, Finnodden osv. langs Glomma og Vorma.

Konklusjonen på dei osteologiske (bein-) analysane i boka er overraskande, men befriande for denne lesaren iallfall: Forestillinga om ein bestemt sørsamisk mennesketype med bestemte "rase"-eigenskapar må forkastast. Av fem voksne individ frå Vivallen hadde to trulig samisk biobakgrunn, ein trulig "germansk", mens to hamnar mellom desse og kan vere barn eller barnebarn til samar og germanarar. Folkegruppa på Vivallen hadde utan tvil samisk kulturtilhøyrighet, men hadde ein biologisk sammensett bakgrunn.

Store delar av denne grundige fagboka kan lesast greit av den vanlige lesar utan forkunnskapar. Enkelte delar blir spesialanalysar for dei særskilt interesserte. Einaste viktige

innvendinga eg har mot boka dreier seg om ein mangel: Korfor er det ikkje med eit saksregister og eit stadnamnregister? Da ville bruksverdien både for forskarar og lekfolk bli mye større.

*"Arbetet tillägnas dagens samer längst i söder"*, står det i starten på denne boka. Det treng dei, dagens sørsamar, i kampen for å ta vare på og utvikle vidare ein kultur som har trangare kår enn forfedrene og formødrene deres hadde. Sørsamane i dag er under hardt kulturpress, sjøl om optimismen ser ut til å vere stor med språkkurs og kulturtreff. Men med den svenske tingsrettsdommen i 1996 mot samane sin sedvanerett i Härjedalen og den norske høgsterettsdommen i 1997, kor reindrifta vart frådømt beiterett innanfor grensene av reinbeitedistriktet nord for Aursunden, kom det tydelige signal om at det hastar med all vidare forskning og kunnskap om samisk historie og forhistorie i Midt-Skandinavia.

Zachrisson & co har levert ei grundig oppsummering av dei fragmenta som til no finst av ei sørsamisk fortid i Midt-Skandinavia. Det er eit solid og spennande tverrvitenskaplig bidrag til ny kunnskap om kontakt og konflikt mellom folkegrupper og kulturar i Skandinavias fortid.

---

Inger Zachrisson (red):

*Möten i gränsland. Samer och germaner i Mellanskandinavien.*

Inger Zachrisson, Verner Alexandersen, Martin Gollwitzer, Elisabeth Iregren, Lars-König  
Königsson, Claes-Henric Siven, Norbert Strade, Jan Sundström.

Også bidrag frå: Margareta Nockert, Bert Axel Westerström, Thomas Bartholin, Torbjörn Ågren.

Monographs 4.

272 sider.

Statens Historiska Muséum, Stockholm 1997.

ISBN 91-7209-057.

ISSN 1101-9301.



# Samar i Røros-traktene

**Bokmelding av Sverre Fjellheim: "Samar i Røros-traktene". ISBN 82-992522-3-7.**

*(Trykt i Klassekampen 14. januar 2000, utvida versjon under trykking i Norsk Geografisk Tidsskrift årgang 2000).*

I over 100 år har det så godt som sammenhengande vore ført rettssaker som har stilt spørsmålsteget ved samane sine rettar i dei sørligaste av dei sørsamiske områda, altså i områda frå Tydalen mot grensa til Nord-Trøndelag i nord til Elgå og Engerdal i nordlige Hedmark i sør. Som regel har det vore dømt mot samane til fordel for bønder og andre grunneigarar i dei omtvista områda.

## **Framrykkingshypotesen frå 1889**

Som oftast har domsgrunnlaget vore prega av at rettsfleirtallet har akseptert *geografen og etnografen Yngvar Nielsen sin framrykkingshypotese frå 1889*. Denne framrykkingshypotesen gjekk ut på at samane heldt til frå gammalt av i "finnmarka" i nord, i nordlige Nord-Trøndelag og nordvestlige Jämtland (ei finnmark mye lengre sør enn vår tids Finnmark fylke), men kom vandrane sørover i skogs- og fjellområda mellom Norge og Sverige på 1600- og 1700-tallet, rykka sørover og "skulde efter dette omtrent ved år 1700 have vist sig for første gang så langt mod syd" som i Tydalsfjella. (Yngvar Nielsen: Lappernes fremrykning mot syd i Trondhjems Stift og Hedemarkens Amt. S. 18-52 i *Det Norske Geografiske Selskabs Årbog 1889-90*. Kristiania 1891.) Til Røros-traktene kom samane først i andre halvdel av det 18. hundreåret, ifølge Nielsen (1891:33).

## **Kom samane sørover...**

Framrykkingshypotesen har framleis sine tilhengjarar, fremst representert ved historieprofessor Kjell Haarstad, NTNU, som seinast i 1992 skreiv ei bok om sitt syn på sørsamisk historie og konkluderte: "Hele mitt materiale vitner om at hans [Yngvar Nielsens] "fremrykningsteori" står urokket ennå i dag, hundre år etter at den ble lansert." (Haarstad: *Sørsamisk historie. Ekspansjon og konflikter i Røros-traktene 1630-1900*. Trondheim 1992.)

## **...eller er dei trengt nordover ?**

For eit par år sidan ga arkeologen Inger Zachrisson ut ei bok kor ho mellom anna la fram eit svært omfattande arkeologisk materiale som indikerer at samar budde på og brukte Vivallen med omland iallfall i perioden 800-1200 e. Kr., kanskje lenger. (Inger Zachrisson m.fl.: *Möten i gränsland. Samer och germaner i Mellanskandinavien*. Stockholm 1997). Vivallen er i Funäsdalen nordvest i Härjedalen om lag fem mil aust for Røros, altså sør for Tydalen. Og her er det spor etter samisk aktivitet lenge før år 1700, som Yngvar Nielsen nemner som passeringspunkt for samane si framrykking sørover forbi Tydal. Det arkeologiske materialet tydar på at det ikkje har vore samisk framrykking sørover. Kanskje det heller har vore vekkatrenging av samane nordover?

## **Interessant debatt i 30 år**

Dette er spørsmål som har vore tema for ein langvarig debatt mellom geografar, historikarar, arkeologar, etnografar og samar meir eller mindre sammenhengande dei siste tretti åra, både i avisspaltene i Midt-Norge og i form av akademiske verk og vitenskapelige rapportar. Sverre Fjellheim, konservator ved Samisk Kulturminnevern på Saemien Sijte i Snåsa, har no gitt ut ei bok



som sammenfattar dei ferskaste forskingsresultata om samane sin eksistens i Røros-traktene opp gjennom hundreåra.

### **Saklig og nøktern bok**

Sverre Fjellheim si bok kan godt lesast som eit innlegg i denne debatten (eller diskursen om ein vil), sjøl om det ikkje er ei polemisk debattbok, men i høgste grad ei saklig og nøktern bok full av innsikt i korleis det samiske samfunnet og den samiske kulturen har utvikla seg i kontakt, samarbeid og konflikt, med bondekulturen i dei sørligaste sameområda.

### **Fjellheim samisk hovedaktør idebatten**

Sverre Fjellheim har i mange år vore ein flittig granskar av samane si historie i dei sørsamiske områda. Som konservator med base på Saemien Sijte har han leia Samisk Kulturminnevern i dei sørsamiske områda på norsk side av riksgrensa. Han har stått i spissen for den store kulturminneregistreringa av samiske kulturminne i Nordland, trøndelagsfylka, Hedmark, Trollheimen. Gjennom dette arbeidet har han skaffa seg ei oversikt som få andre, og han har publisert ei rekke skriftlige arbeid om sørsamiske forhold opp gjennom åra, spesielt om kulturminnevern og reindrift. Han har dessutan vore ein samisk hovedaktør i debatten om kor langt sør og kor lenge samane har halde til i Midt- og Sør-Skandinavia.

Denne nye boka inneheld ei samla oppsummering av fleire av Fjellheim sine tidligare arbeid, på samme tid som han gir ei samla oversikt med oppdatert stoff og nye teoriar om korleis utviklinga av den sørsamiske kulturen har gått for seg sidan tida før år 1600 og fram til i dag.

### **Nytt begrep: Fangstbasert reindrift**

Til no har det vore vanlig å omtale den samiske fangstkulturen basert på villreinfangst som veidekultur. Og vi har hatt ei forestilling om at samane i dei eldste tidene streifa rundt på måfå der det var vilt å livberge seg av. Fjellheim har skapt eit nytt begrep, *fangstbasert reindrift*, for å få fram at samane var ekspertar på å fange villrein langs dette dyret sine årstidsbestemte vandringsvegar. Det var mønster i veidinga, og teknologisk ekspertise vart tatt i bruk for å gjere fangsten effektiv.

Også i fangstsamfunnet si tid, før reinnomadisme og såkalt tamreindrift vart utvikla, var det ein samisk profesjon å kjenne til reinflokkane sine trekkvanar og instinktive bruk av landskapet etter årstid, vêrforhold, beite og terreng. Såleis går det ein ubrotten tradisjon frå fangstfolk i svunne tider fram til dagens reingjetarar.

Fjellheim meiner at dagens reingjerde i prinsippet må plasserast på samme måte i terrenget som fangstanlegga for villrein måtte bli lagt i fangstsamfunnet sitt kulturlandskap. Fangstfolk bygde konvergerande leiegjerder av trestakar eller steinar på høgkant for å styre reinflokken inn mot fangstgropsystem eller stup, altså samme teknikk som reindriftssamane har i dag for å samle flokken til merking og slakting.

### **Fangstgropsystem**

Med dette som bakgrunn går Fjellheim igjennom ei rekke fangstgropsystem og funn av konvergerande reingjerder ikkje berre i Femundstraktene og Nord-Østerdalen, men òg utanfor det som i dag er samiske reindriftsområder, blant anna frå Einsethø i Rondane.

Men grensene for reinbeitedistrikta vart som kjent oppretta i 1894, og alderen på fangstanlegga er vanskelig å slå fast og knytte direkte til klare spor etter samisk etnisitet. Likskapen med fangstanlegg i uomtvista samiske område lenger nord er ganske slåande, kan Fjellheim påvise. Han har vore med på registrering av massefangstanlegg med leiegjerder for rein både på Fosenhalvøya og på Helgelandskysten.

### **Overgangen til nomadisk reindrift**

Gjennom å ta i bruk dei første papirfesta dokument om samar i Røros-traktene frå 1600-tallet, kan Fjellheim rulle opp sine teoriar om korleis overgangen frå fangstbasert reindrift til nomadisk reindrift har gått for seg.

Samane i området må ha hatt temte reinar til transport iallfall på 1500-tallet, for den svenske erkebiskop Olaus Magnus skriv i 1555 i si kjente reiseskildring at det var store transportar med rein som trekkdyr på strekninga Dovre – Jämtland, rundt 300 km på vinterføre, ein transport som rimeligvis må ha gått gjennom Røros-traktene. No nemner ikkje Olaus Magnus at det er samar som dreiv slik storstilt skinn- og kjøtt-transport, men det er ikkje kjent at andre enn samar evna å fange og temme kjørerein.

### **Samar i Røros-traktene før Kopperverket kom i 1644**

Når det i 1632 kjem klage til Jens Bjelke frå bondeallmuen i Holtålen rett nordvestom Aursunden, på at "Finnerne eller Fieldlapperne" gjer stor skade på viltet i allmenningene, så er dette ein dokumentasjon av at det fanst samar i området før Røros kopperverk vart etablert på 1640-tallet og skapte ei ny tid i desse fjellområda.

Men klagen er først og fremst eit prov på at samane var i gang med å redusere villreinstammen. For det er ei kjent sak at det er vanskelig å drive med temt rein når det finst villrein i samme området.

Fjellheim går igjennom fire slike dokument frå samme området, frå ein trettiårsperiode på 1600-tallet, og alle kan røpe at det er ein sterk konflikt mellom samar og bønder om viltressursane. Men Fjellheim finn i tillegg støtte for teorien sin om at det samiske samfunnet i Røros-traktene gjekk gjennom ein dramatisk endringsprosess frå fangstbasert til nomadisk reindrift nettopp i denne perioden.

### **Korfor kom overgangen til nomadisk reindrift?**

Eit interessant spørsmål er da korfor denne overgangen i det heile tatt kom, all den tid at samane beherska fangstteknologien i den fangstbaserte reindriften så bra. For det er ingen tvil om at fangstbasert reindrift supplert med annan fangst og fiske er mye mindre arbeidsintensiv enn nomadisk reindrift med døgnet-rundt-gjeting av tamreinflokken. Ei omlegging innebar altså eit radikalt skifte til ei ny livsform, som kanskje ga eit vissare utkomme, men var mye meir strevsomt.

Fjellheim sitt svar på spørsmålet er: Omlegginga kom fordi samane var nødt til det. Og korfor var dei nødt? Jo, det sette inn med eit kaldare klima i heile Skandinavia frå slutten av 1500-tallet, kjent som "den lille istid" frå ca. 1550 til ca. 1850. Dette er dokumentert og godt kjent frå moderne klimaforskning.

Fjellheim kan dessutan belegge dette med lokalhistoriske kjelder om uår med misvekst og hungersnød, for eksempel "svartåret" 1591 da "grastuen ikke ble grønn nord for Dovre". For villreinstammen vart konsekvensane forverra beiteforhold og svekka reproduksjonsevne. Samane fekk da knappare livbergingsressursar og måtte skifte strategi. Dei måtte temme reinen, gjete og drive flokkane i ein årstidssyklus tilpassa dei nye klimaforholda.

### **Døgnet-rundt-tilpassing**

For samane innebar dette ei større spesialisering og ei krevande døgnet-rundt-tilpassing. Men tilgangen på kjøtt og mjølkeprodukt og andre ressursar frå reinen vart stabil om dei makta å halde på flokken og fekk drive fleksibelt, tilpassa beite- og klimaforhold. "*Finnen føedes, klædes og føeres af Reenen, og deris formue og riigdom bestaar i Reen-Dyer*", kan major Peter Schnitler skrive i 1742.

Dei forskjellige samegruppene innanfor eit større område måtte da finne fram til flyttemønster i samråd og samarbeid med kvarandre og med bøndene i skogs- og fjellområda. Men konflikta vart det, med påfølgande tingsaker og rettsdokument.

### **Sijte = Sameby**

På grunnlag av det lille som er bevart av rettsdokument, men supplert av ein omfattande kunnskap om nomadisk reindrift og etter kvart opplysningar om samar i kirkebøkene som tok til å løpe frå sist på 1600-tallet, kan så Sverre Fjellheim rekonstruere dei samiske sijtene, "samebyane", heilt ned på personnivå.

Fjellheim bruker det svenske uttrykket "sameby" fordi det på norsk ikkje finst dekkande ord for det sørsamiske "sijte" som både betyr *samegruppe* av fleire familiar og *området* som gruppa held til i.

### **Dei åtte årstidene folk**

Fjellheim legg òg fram ein detaljert rekonstruksjon av korleis årssyklusen var organisert i tid og rom i perioden med reinnomadisme med mjølkebruk.

Samane har vore omtalt som "*dei åtte årstidene folk*", og *reinnomadismen sitt kulturlandskap* i det som bondekulturen kalte "utmark" er det mulig å rekonstruere i dag, snart hundre år etter at mjølkebruket vart avskaffa i Røros-traktene. Det er mulig ved hjelp av pollenanalyse av jordprøvar og botanisk kunnskap.

Vegetasjonsøkologen Kristin Liavik legg i boka fram ein detaljert analyse av dei gamle sommerbuplassane Mahkalahke (eit eldgammelt samisk namn) og Tjerrålia mellom Rien og Riasten i det gamle *Gæbrien Sijte*, som strekker seg frå Aursunden og Vauldalen i sør nesten til Selbusjøen i nordvest. Dette er den mellomste av dei tre gamle sijtene i Røros-traktene. Dei to andre er *Svahken Sijte* rundt Femunden sør til Elgå og Engerdal og *Saanti Sijte* rundt Essandsjøen vest til Selbusjøen nordover mot det som i dag er Nord-Trøndelag fylke.

Liavik legg her fram heilt nytt forskingsmateriale og er eit stykke på veg når det gjeld å finne ut korleis ein ut frå vegetasjonen i skogband og fjell i dag kan finne ut korleis reinnomadismen sette sine spor.

### **Reinnomadismen sette spor i terrenget**

Fjellheim finn i dette materialet rikt belegg for påstanden om at reinnomadismen sette minst like sterkt preg på vegetasjonen i fjellnære område som bøndene si seterdrift gjorde.

Problem nummer ein for å påvise gammel samisk eksistens er da aldersbestemming. Problem nummer to er at bøndene etablerte seterlökkene sine oppå samane sine samleplassar for rein, fordi reinen hadde gjødsla godt gjennom mange års bruk og lagt grunnlaget for rik grasvekst i dei gamle reintrøene. Altså vart dei gamle reintrøene overbygd og viska vekk så å seie

Begge desse problema tar Fjellheim opp i detalj og legg fram eit stort materiale. Materialet frå det store kulturminneregistreringsprosjektet er tatt med, inkludert bildemateriale, kart og kommentarar. Dette utgjør halve boka, og ein kan kanskje diskutere om dette materialet fortjener plassen sin. Men eg kan godt forstå at Fjellheim syns dette er viktig i ei tid da samane i Røros-traktene blir tvungne til å ligge i rettstvistar med grunneigarar år etter år og heile tida er på defensiven når det gjeld å rettferdiggjere sin eksistens i området. For dei vil denne boka vere spesielt viktig. Frå 1995 har nesten 230 grunneigarar rettssak gåande mot Essand og Riast/Hylling reinbeitedistrikt for å få frådømt samane reinbeiterett på over 10 prosent av landarealet innanfor grensene til noverande reinbeitedistrikt aust og søraust for Selbusjøen. Grunneigarane har tapt både i Midt-Trøndelag herredsrett og i Frostating lagmannsrett, men har anka til Høgsterett.

I boka har Fjellheim gått gjennom rettssaker i Røros-traktene, ikkje berre for å få fram den langvarige konflikten mellom samar og bønder, men òg fordi opplysningane i dei gamle

rettsdokumenta indirekte inneheld opplysningar som gir fragment til Fjellheim sin rekonstruksjon av det samiske samfunnet. Avskrifter av dei viktigaste dokumenta er tatt med som bilag i boka. I tillegg er boka rikt illustrert med eit interessant fotomateriale og kartmateriale som gjer det lett for dei som ikkje er lokalkjent å følge med i forfattaren sine resonnement. Ein ulempe for den som vil bruke boka som oppslagsverk er at det ikkje er laga register, verken saksregister, stadnamn- eller personregister. Det bør ordnast om det kjem ny utgave.

### **Imponerende puslespell**

Alt i alt er det eit imponerende puslespell Sverre Fjellheim har samla brikkar til gjennom eit langt forskarliv. Det mest imponerende er korleis han ved å bruke praktisk innsikt i reindrift får brikkane til å falle på plass i ein heilskap som er ein logisk sammenhengande rekonstruksjon av den sørsamiske folkegruppa sin bruk av landskapet i Røros-traktene opp gjennom hundreåra. Med denne boka har Fjellheim levert eit knusande materiale mot framrykkingshypotesen, eit materiale som bør studerast nøye av dei få vitenskapsfolka som enno er tilhengarar av hypotesen. Ikkje minst bør det studerast av lovmakarar og rettsvesen som enno dømmer som om framrykkingshypotesen var sanninga om korleis samane "trengte inn" i Røros-området. Fjellheim har laga ei bok som bør ha stor verdi for alle som er opptatt av historie og møte mellom kulturar.

---

Sverre Fjellheim:

*Samer i Rørostraktene.*

442 sider.

Utgitt med støtte fra Faglitterært Fond og Nordisk Samisk Institutt. 1999.

ISBN 82-992522-3-7.

Pris kr 349

I salg hos Saemien Sijte, 7760 Snåsa



## Litteratur

- Bergsland, Knut 1970: Jemtlands grense mot Herjedalen i samisk lys. I: *Fornvårdaren* X:4, s. 365-409. Östersund: Föreningen Heimbygda.
- Bergsland, Knut 1985: Sørsamiske arvefjell på 1700-tallet. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 2, s. 55-78. Snåsa: Saemien Sijte.
- Bergsland, Knut 1992: *Røros-samiske tekster*. Oslo: Norsk folkemuseum. (1. utgave 1943 utgitt av Etnografisk Museum, Oslo).
- Bergsland, Knut 1995: *Bidrag til sydsamenenes historie*. Senter for samiske studier. Universitetet i Tromsø.
- Devik, Bjørn Arnfinn 1980: *Sameskolen i Havika 1910-51*. Et tidsskrift i sørsamenenes kulturreising. Tromsø: Tromsø Museums skrifter XVI.
- Falkenberg, Johs. 1982: Samiske bruksområder og stedsnavn i Røros-traktene. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 1, s. 66-79. Snåsa: Saemien Sijte.
- Falkenberg, Johs. 1985: Fra nomadisme til fast bosetning blant samene i Røros-traktene (1890-årene – 1940-årene). I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 2, s. 7-28. Snåsa: Saemien Sijte.
- Fjellheim, Sverre 1991: *Kulturell kompetanse og områdetilhørighet*. Metoder, prinsipper og prosesser i samisk kulturminnevernarbeid. Snåsa: Saemien Sijte.
- Fjellheim, Sverre 1999: *Samer i Rørostraktene*. Snåsa.
- Fjellheim, Sverre (red.) 1988: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 3. Snåsa: Saemien Sijte.
- Fjellheim, Sverre (red.) 1994: *Fragment av samisk historie. Foredrag Saemien Våhkoe Røros 1994*. Røros: Sør-Trøndelag og Hedmark Reinsamelag.
- Fjellheim, Sverre, Mjaatvedt, Svein og Jåma, Paul 1987: *Sørsamiske kulturminner Færen*. Sørsamisk kulturminneregistrering. Rapport nr 1. Snåsa: Saemien Sijte.
- Hallan, Nils 1966: Dei første meldingane om samar i Nord-Trøndelag. *Årbok for Nord-Trøndelag historielag*. (Også trykt i årboka for 1981.)
- Haarstad, Kjell 1981: *Samiske vandringer i Sør-Norge*. Trondheim: Tapir.
- Haarstad, Kjell 1992: *Sørsamisk historie. Ekspansjon og konflikter i Røros-traktene 1630-1900*. Trondheim: Tapir.
- Jünge, Åke 1996: *Geografiske spor etter samisk etnisitet i Midt- og Sør-Skandinavia*. To historieoppfatningar i debatt 1970-1995. Hovedoppgave i geografi. NTNU: Geografisk Institutt.
- Jünge, Åke 1996: *Spor etter samar i Midt- og Sør-Skandinavia*. Åsen: Dokumentarforlaget.
- Jåma, Paul 1987: *Sørsamiske kulturminner - Færen*. Sørsamisk kulturminneregistrering. Rapport nr. 1. Saemien Sijte. Snåsa.
- Jåma, Paul 1988: Samer i Verdal. I: *Verdal Historielags skrifter* 15, s. 52-56.
- Jåma, Paul 1990: Samiske stedsnamn i Verdal. I: *Verdal Historielags skrifter* 17, s. 174-177.
- Jåma, Paul 1992: "Norden trues av samer - et fremmed folkeslag fra øst". I: *Verdal Historielags skrifter* 19, s. 113-117.
- Kalstad, Johan Albert 1994: Litt samisk kulturhistorie rundt to gamle fotografi. I: *Festskrift til Ørnulv Vorren*. Tromsø Museums skrifter XXV, s. 168-177.
- Kappfjell, Gustav (Gaebpien Gåsta) 1987: *Gaaltije*. Munkedal: DAT.
- Lappekommisjonen av 1889. Del 1*. Erklæringer som private personer har avgitt for Lappekommisjonen om forholdene i nordre del av Hedmark, i Sør-Trøndelag og i Nord-Trøndelag sør for Stjørdalselva. Transkribert og bearbeidet av Anders Løøv. DOVLETJE - kilde skrifter til sørsamisk historie \*I\*. Snåsa: Saemien Sijte 1991.
- Løøv, Anders 1994: En samisk sijte går under på Gauldalsvidda år 1811. I: *Festskrift til Ørnulv Vorren*. Tromsø Museums Skrifter XXV, s. 154-167. Tromsø Museum: Universitetet i Tromsø.

- Manker, Ernst 1957: *Lapparnas heliga ställen*. Acta Lapponica XIII.
- Nielsen, Yngvar 1891: Lappernes fremrykning mot syd i Trondhjems Stift og Hedemarkens Amt. I: *Det Norske Geografiske Selskabs Årbog 1889-90*, s. 18-52. Kristiania.
- Opsahl, Erik og Winge, Harald 1990: *Finnemantallet 1686*. Norsk Historisk Kjeldeskrift-Institutt. Oslo.
- Sandnes, Jørn 1973: Om samenes utbredelse mot sør i eldre tid. I: *Historisk Tidsskrift* hefte 52, s. 113-117. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sandnes, Jørn 1974: Sørsamenes eldre historie igjen. Replik til Knut Bergsland. I: *Historisk Tidsskrift* nr 4 1974, s. 415-421. Oslo: Universitetsforlaget.
- Stenvik, Lars F. 1982: En nyoppdaget fjellgrav i Tromsdalen. I: *Verdal Historielags skrifter* 8, s. 190-199.
- Stenvik, Lars F. 1988: Ei ny fjellgrav fra vikingtida i Verdal. I: *Verdal Historielags skrifter* 15, s. 7-10.
- Svanberg, Ingvar 1981: Sockenlapparna i Jämtland. I årboka *Jämten* 1981. Östersund.
- Svanberg, Ingvar 1983: Samer i Mellan-Sverige under 1600-tallet. I: *Fenno-Ugrica Suecana* 6. Tidskrift för finsk-ugrisk forskning i Sverige, s. 99-104. Uppsala: Uppsala Universitet.
- Thomasson, Lars 1985: "Kulturkampen" i Härjedalen. Et stykke historia med följdverkningar i dag. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 2, s. 102-118. Snåsa: Saemien Sijte.
- Thomasson, Lars 1988: Jämtlandsamerna och den tidigare "grensbetningen" i Norge. Kort översikt och några reflektioner. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr. 3, s. 7-18. Snåsa: Saemien Sijte.
- Trollheimenloven av 1984: *Lov om reindrif i kommunene Meldal, Midtre Gauldal, Oppdal, Rennebu, Rindal, Sunndal og Surnadal*. 21. des. Nr. 101.
- Wiklund, K. B. 1928: Huru länge har det funnits lappar i Jämtland och Härjedalen? I: *Jämtlandska Studier. Festskrift til Erik Festin*, s. 391-412. Östersund: Heimbygdas Förlag.
- Zachrisson, Inger 1985: Forntida sörsamer. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 2, s. 42-49. Snåsa: Saemien Sijte.
- Zachrisson, Inger 1988: Vad jorden gömmer. Undersökningarna på Vivallen 1986-87. I: *Åarjel-saemieh – Samer i sør* årbok nr 3, s. 87-95. Snåsa: Saemien Sijte.
- Zachrisson, Inger (red.) 1997: *Möten i gränsland. Samer och germaner i Mellanskandinavien*. Monograph 4. Statens Historiska Museum. Stockholm.
- Åarjel-saemieh - Samer i sør*. Årbøker frå Saemien Sijte. Nr 1 1982, nr 2 1985, nr 3 1988, nr 4 1991, nr 5 1995, nr 6 1998.
- Åhrén, Ingvar 1988: Det samiska rummet. I: *Åarjel-saemieh - Samer i sør*. Årbok nr. 3, s. 117-122. Snåsa: Saemien Sijte.

# Publikasjoner fra Høgskolen i Nord-Trøndelag

**HiNT - Forskningsrapport**

**HiNT - Utredning**

**HiNT - Arbeidsnotat**

**HiNT - Kompendium**

Opplysninger om publikasjonserien fås ved henvendelse  
HiNT, Fellesadministrasjonen v/hovedbibliotekar, Postboks 145, 7702 STEINKJER  
telefon: 74 11 20 50  
telefax: 74 11 20 01

---

## **Høgskolen i Nord-Trøndelag**

Kongens gate 42, 7713 Steinkjer  
telefon: 74 11 20 00  
telefax: 74 11 20 01

### **Avdeling for samfunnsfag**

Skolegata 22, 7713 Steinkjer  
telefon: 74 11 22 61  
telefax: 74 11 22 01

### **Avdeling for naturbruk, miljø- og ressursfag**

Kongens gate 42, 7713 Steinkjer  
telefon: 74 11 21 30  
telefax: 74 11 21 01

### **Avdeling for lærerutdanning**

Røstad, 7600 Levanger  
telefon: 74 01 25 30  
telefax: 74 01 25 01

### **Avdeling for ingeniørutdanning**

Røstad, 7600 Levanger  
telefon: 74 01 25 52  
telefax: 74 01 25 01

### **Avdeling for helsefag, Levanger**

Røstad, 7600 Levanger  
telefon: 74 01 29 30  
telefax: 74 01 29 01

### **Avdeling for helsefag, Namsos**

Finn Christiansensvei 1, 7800 Namsos  
telefon: 74 21 23 30  
telefax: 74 21 23 01